

Årsmelding 2025

Klepp kommune

Arkiversjon



Innstilling til vedtak

INNSTILLING:

Kommunedirektøren sender saka til formannskapet og kommunestyret med slik forslag til vedtak:

1. Rekneskap og årsrapport 2025 blir godkjent.
2. Finansrapport 2025 blir godkjent.
3. Rebusjettering blir godkjent i samsvar med vedlegg.
4. Budsjettjusteringar i budsjettet for 2026 som omtala i dei to tabellane "budsjettendringar drift 2026" og "budsjettendringar investering 2026" blir vedtekne.
5. Låneopptak til ordinære investeringar i 2026 blir som følgje av rebudsjettering og ubrukte lånemidlar nedjustert med 2 mill. kroner, og nedjustert med 13 mill. kroner som følgje av disponering av mindreforbruket for 2025. Låneopptaket blir redusert frå 90,5 mill. kroner til 75,5 mill. kroner.

Bakgrunn for saka

Rekneskap og årsmelding for 2025 vert lagt fram til godkjenning i samsvar med [kommunelova § 14-3, 2 ledd](#). Formannskapet innstiller til kommunestyret. Kontrollutvalet gir uttale som vert ettersendt til møtet i formannskapet. Dei andre utvala får rekneskap og årsrapporten til informasjon og drøfting i eiga sak. Finansrapporten vert lagt fram i samsvar med [kommunelova § 14-13, 4 ledd](#).

I samsvar med rettleiar H-2270 B vert det lagt fram sak om rebudsjettering av ubrukte løyvingar til investeringar frå 2025 til 2026.

Rebudsjettering vert gjort når det er endra økonomisk framdrift i investeringsprosjekta og det er behov for middel til vidare-/slutføring, eventuelt trekka inn av tilgjengelege løyvingar i 2026 for å finansiera meirforbruk i 2025. Rebudsjetteringa er i samsvar med tala i årsrapporten. I vedlegget er det tatt med prosjekter med forslag til rebudsjettering. For status og kommentar til dei enkelte investeringane vert det vist til årsrapporten for 2025.

Saksopplysningar

Driftsrekneskapen for 2025 har følgande hovudtal:

- Driftsinntekter 2 203 mill. kroner
- Driftsutgifter 2 109 mill. kroner
- Netto finansutgifter 68 mill. kroner
- Netto driftsresultat 130,7 mill. kroner
- Det vart gjennomført strykning av bruk av disposisjonsfond på 34,7 mill. kroner i tråd med [årsrekneskapsforskrifta § 4-2](#).

Investeringsrekneskapen hadde følgjande hovudtal:

- Investeringsutgifter 433,3 mill. kroner
- Investeringsinntekter 367,2 mill. kroner, herav bokført 243,9 mill. kroner i bruk av lån
- Vidareutlån og bruk av lån til vidareutlån 7,8 mill. kroner
- Overført frå drift til finansiering var på 66,4 mill. kroner
- Bruk av bundne investeringsfond 7,5 mill. kroner
- På grunn av mindreforbruk på investeringar måtte me stryka 28,1 mill. kroner i bruk av lån til egne investeringar og 11,2 mill. kroner i tråd med [regnskapsforskrifta §4-6](#). Ubrukt del av lån står som ubrukte lånemiddel i balansen og som innskot i bank. Midla vert brukt til rebudsjettering frå 2025 til 2026, redusert låneopptak til egne investeringar og auka utlån av startlån i 2026.

Økonomiske konsekvensar

Disponering av mindreforbruk 2025

Mindreforbruket i 2025 vart tilbakeført til disposisjonsfond. Av dette vart 25,6 mill. kroner tilbakeført til det sentrale disposisjonsfondet. Dette er pengar som er heilt frie og utan politiske føringa for bruken. Det er omtalt i årsrapporten og handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 at to av bekymringane i Klepp sin økonomi er den veksande lånegjelda, som følgje av høgt investeringsnivå, og at kommunen skyver framfor seg pensjonsutgifter på 104,6 mill. kroner (premieavviket) til utgiftsføring dei neste 7 åra. Del av mindreforbruk 2025 som vart tilbakeført til sentralt disposisjonsfond vert fordelt på pensjonsfondet og til redusert låneopptak i 2026. Kommunedirektøren føreslår difor å disponera 25,6 mill. kroner av mindreforbruket til å auka pensjonsfondet og til å redusera låneopptaket i 2026. 12,6 mill. kroner blir føreslått avsett til pensjonsfondet. Dette medfører desse budsjettjusteringane i driftsbudsjettet for 2026:

Budsjettendringar drift 2026	Beløp
Bruk av disposisjonsfond (sentralt disposisjonsfond)	-25 600 000
Avsetning til disposisjonsfond (pensjonsfondet)	12 600 000
Overføring til investeringsrekneskapet (redusert låneopptak)	13 000 000

Rebudsjettering av investeringar

Investeringsprosjekta som hadde mindreforbruk i 2025, hovudsakleg på grunn av forseinka framdrift må rebudsjetterast for fullføring i 2026. Det er nokre unntak:

- Markå barnehage har fått 4,2 mill. kroner meir enn budsjettert på forsikringsoppgjer på grunn av prisauke og renter. Av dette er det behov for å bruke 2,5 mill. kroner til auka kostnadsramme, til utbetring og utviding av infrastruktur for fjernvarme, straum og VA ved framtidig utviding av bygget.

Årsmelding 2025

- Prosjekt med mindreforbruk som ikkje vert rebudsjettert er blant anna carport Kleppheimen (800 000 kroner) og nye sykesignalanlegg/infrastruktur for velferdsteknologi (2,9 mill. kroner). Desse prosjekta er nær ferdigstilte.

Utover dette foreslår kommunedirektøren å rebudsjettera investeringsprosjekta i tråd med mindreforbruket eller meirforbruket i 2025. [Fullstendig oversikt \(lenke\)](#).

Låneopptak og bruk av lån

Det er ubrukte lån til ordinære investeringar på om lag 28 mill. kroner frå 2025. Desse vert nytta til auka bruk av lån på rebudsjetteringar som omtalt ovanfor, og til å redusera årets låneopptak med 2 mill. kroner i 2026. I tillegg føreslår kommunedirektøren at 13 mill. av mindreforbruket i 2025 skal overført til investering og redusera bruk av lån med 13 mill. kroner i 2026. Låneopptaket blir dermed redusert frå 90,5 mill. kroner til 75,5 mill. kroner. Bruk av lån aukar frå 90,5 mill. kroner til 103,5 mill. kroner.

Det var 29 mill. kroner i ubrukte lånemidlar til vidareutlån igjen i investeringsrekneskapa for 2025. I tråd med forventningar frå Husbanken føreslår kommunedirektøren å overføra dei ubrukte lånemidla til utlån i 2026. Det blir dermed foreslått å auka vidareutlån og bruk av lån til vidareutlån med 29 mill. kroner i 2026. Dette påverkar ikkje låneopptaket til vidareutlån i 2026, sidan dei 29 mill. kronene alt var lånt inn i 2025.

Oppsummert blir bruk av lån og låneopptak justert slik:

Formål	Beløp
Vedteke bruk av lån til ordinære investeringar 2026	90 500 000
Bruk av lån til rebudsjettering ordinære investeringar	26 000 000
Disponering av mindreforbruk 2025 til redusert bruk av lån	-13 000 000
Nytt budsjett for bruk av lån til ordinære investeringar 2026	103 500 000
Vedteke bruk av lån til vidareutlån 2026	55 000 000
Bruk av lån til vidareutlån rebudsjettert	29 000 000
Nytt budsjett for bruk av lån til vidareutlån 2026	84 000 000
Vedteke låneopptak til ordinære investeringar 2026	90 500 000
Rest ubrukte lånemidlar frå 2025	-2 000 000
Disponering av mindreforbruk 2025 (overføring frå drift til investeringsrekneskap)	-13 000 000
Justert låneopptak til ordinære investeringar 2026	75 500 000

Budsjettjusteringane i investering blir som følgje av dette slik:

Budsjettendringar investering 2026	Beløp
Utgifter til ordinære investeringar (rebudsjettert)	30 911 000
Utlån startlån (rebudsjettert)	29 000 000
Tilskot til investeringar (rebudsjettert)	-546 000
Netto utgifter og tilskot	30 365 000
Finansiering:	
Momskompensasjon på investeringar (rebudsjettert)	-4 365 000
Bruk av ordinært lån (rebudsjettert)	-26 000 000
Overført frå driftsrekneskapen (disponering mindreforbruk 2025)	-13 000 000
Redusert bruk av lån (disponering mindreforbruk 2025)	13 000 000
Bruk av lån til vidareutlån (rebudsjettert)	-29 000 000
Sum finansiering	-30 365 000

Kommunedirektøren si vurdering

2025 vart nok eit godt år for Klepp, med netto driftsresultat på heile 5,9 %. Klepp er på «grønt» nivå og betre enn målsettingane på alle indikatorane. Drifta er nøktern og effektiv. Dette er viktig i møte med det som er varsla som strammare tider framover. Me ser likevel at tenestene er under press, og at forventningsgapet mellom det kommunen kan levera og det innbyggjarane ønskjer aukar.

Lånegjeld i prosent av netto driftsinntekter er den av handlingsreglande som per no blir mest utfordra, på grunn av det høge investeringsnivået. Dette er omtala i avsnittet om oppfølging handlingsreglar. I tillegg er det ei bekymring at det akkumulerte premieavviket har auka frå 202 til 231,5 mill. kroner i 2025. Pensjonsfondet i er på 126,9 mill. kroner. Underdekninga på premieavviket sett opp mot pensjonsfondet er på 104,6 mill. kroner. Mindreforbruket i rekneskapen i 2025 var på 34,7 mill. kroner, av dette vart 25,6 mill, kroner tilbakeført til det sentrale disposisjonsfondet. Kommunedirektøren føreslår å disponera den delen av mindreforbruket som vart tilbakeført til sentralt disposisjonsfond slik:

- 12,6 mill. kroner i avsetning til pensjonsfondet for å redusera underdekninga på pensjonsfondet
- 13,0 mill. kroner til å redusera låneoptak i 2026

Kommunedirektøren har gått gjennom prosjekta og foreslår rebudsjettering i samsvar med vedlegg. Kommenterar til det enkelte prosjekt går fram i årsrapporten.

Innleiing

Denne sida inneheld årsrapport og rekneskap for Klepp kommune i 2025. "Årsberetning" etter krava i kommunelova §14-7 er integrert i årsrapporten. Bokstav a og b om den økonomiske stillinga og budsjettavvik er kommentert i punkta om oppfølging handlingsregler, sentrale inntekter og utgifter, investeringar og tenesteområda. Måloppnåinga (punkt c) er omtala i tekstane om tenesteområda. Høg etisk standard og likestilling (punkt d-f) er omtala under punktet personal og organisasjon.

Kommunedirektøren si oppsummering

Nok eit positivt resultat i 2025

Klepp kommune har i 2025 levert nok eit godt resultat. Dette er naudsynt for å unngå å lånefinansiera for stor del av dei store investeringane me er i ferd med å ta i Klepp sentrum. Me var innanfor målsettinga vår på alle dei fire økonomiske handlingsreglane. Netto driftsresultat enda på 5,9 % av driftsinntektene. Netto lånegjeld enda på 59,7% i prosent av driftsinntektene, eigenfinansiering av investeringane var på 56 % og disposisjonsfond var på 20,8 % av brutto driftsinntekter ved årsskiftet. Trass i låge inntekter har Klepp ein sunnare økonomi enn gjennomsnittskommunen ved utgangen av 2025.

Klepp kommune blir driven godt med dei strame økonomiske rammene me har. Inntektene våre er under landsgjennomsnittet, men i 2025 auka inntektene meir i Klepp kommune enn i kommunane me samanliknar oss med. Alle tenesteområda klarte å halda seg innanfor dei økonomiske rammene i 2025, men det er framleis enkelte einingar med store meirforbruk. Handlingsrommet er stramt i tenesteområda og forventningsgapet mellom dei tenestene me kan levera og det innbyggjarar, politikarar og tilsette forventar er aukande. For meir analyse av det økonomiske resultatet kan de lesa kapittel om sentrale inntekter og utgifter og omtale av tenesteområda.

Det yrer av liv i sentrum

Plogenparken opna i juni og opning av Kvernbekken vart ferdigstilt i slutten av 2025. Det har vore ei fryd å sjå det yra av liv, med både små og store, i Plogenparken både i sommarhalvåret og på isbanen i slutten av året. Klepp sentrum framstår heilt annleis enn tidlegare. Prosjektet Plogen kulturhus, nytt rådhus og ny kyrkje har hatt god framdrift i 2025, og me ser tydeleg at me får flotte bygg me vil vera stolte av i mange år framover. Me gler oss til å fylla bygga med aktivitet mot slutten av 2026.

Vekst i Klepp kommune

Folketalet i Klepp auka med 256 personar til totalt 21 444 innbyggjarar. Ei auke på 1,2 %, som er 0,5 prosentpoeng over målet i kommuneplanen. Netto innflytting til kommunen var 136 i 2025, og det er gledeleg at fleire vil flytta til Klepp enn dei som vil flytta ut av kommunen. Klepp tok imot og busette 61 flyktningar i 2025. [55,6% av dei ukrainske flyktningane i Klepp](#) var i arbeid per august 2025. Det er låg arbeidsløyse i kommunen, 1,5% i Klepp, samanlikna med 1,9 % i Rogaland og 2,1 % i Noreg. Dette indikerer god fart i næringslivet i regionen.

Klepp kommune skårer høgt på målingar av kommunale tenester

Klepp kommune leverer gode tenester til innbyggjarane. Dette er dokumentert av gode plasseringar på fleire rangeringar i 2025. Agenda Kaupang vurderte Klepp kommune som den mest effektive kommunen i landet og den fjerde best styrte kommunen i landet i [Kommuneindeksen](#). I [kommunebarometeret kom Klepp totalt på 32. plass](#), og Kommunal rapport vurderte og Klepp til å vera den beste kommunen i landet på vatn og avløp. NHO har kåra Klepp til den [åttande beste kommunen i sitt kommune-NM](#).

Framsikt delte ut prisen for [landets beste handlings- og økonomiplan](#) til Klepp kommune sin handlings- og økonomiplan 2026-2029 for andre året på rad, og trekkjer fram at planen gir eit solid styringsgrunnlag for oss som ein kommune med låge inntekter.

Høgt sjukefråvær utfordrar oss

Sjukefråværet i Klepp auka frå 8,2 % i 2024 til 8,6 % i 2025. Me ser den same utviklinga i omkringliggjande kommunar og nasjonalt. Auken i sjukefråværet er alvorleg. Høgt fråvær påverkar kvaliteten på tenestene, belastninga på medarbeidarar som er på jobb, og ikkje minst dei økonomiske rammene for kommunen.

Klepp kommune tek denne utviklinga på største alvor. I handlings- og økonomiplanen for 2026-2029 vart det etablert ei prosjektstilling for å styrkja arbeidet med reduksjon av sjukefråvær. Arbeidet skal henta inspirasjon frå den såkalla Trondheimsmodellen, men utviklast og tilpassast lokale forhold. Gjennom denne satsinga ønskjer kommunen å leggja grunnlaget for ei varig reduksjon i sjukefråværet og byggja ein robust organisasjon med eit helsefremjande arbeidsmiljø, tydelege forventningar og ein kultur prega av open dialog, tillit og felles ansvar.

Hovudsatsingar

Klepp kommune sine hovudsatsingar i handlings- og økonomiplanen for 2025-2029 har vore:

- Saman bygger me gode lokalsamfunn
- I Klepp utviklar me oss og heiar på kvarandre

Hovudsatsingane har vore viktige for å gi retning til arbeidet vårt. Me har arbeidd med dette i heile organisasjonen, noko de kan lesa meir detaljar om under dei ulike tenesteområda. Plogenparken er eit heilt konkret resultat og eit viktig bidrag til å bygga gode lokalsamfunn. Reforma bu trygt heime bidrar til gode lokalsamfunn ved å gjera det mogleg for fleire å bu heime lenger gjennom førebygging, tidleg innsats og tettare samarbeid i nærmiljøet. Me har og arbeidd med å utvikla nye møteplassar for både barn og vaksne og meir samarbeid med frivillige for å utvikla gode lokalsamfunn. Me har fokus på å heia på kvarandre, mellom anna ved å feira gode resultat og kåringar i heile organisasjonen.

Framtidige utfordringar og mogleikar

Sterk vekst i helsetenester til yngre, befolkningsvekst i dei eldre gruppene og utfordringar med å rekruttera kvalifiserte tilsette vert ei vesentleg utfordring dei neste åra. Me må både ta i bruk teknologi i større grad, og arbeida med å avklara forventningsgapet mellom innbyggjarar, politikarar og medarbeidarar og det som er mogleg å levera av tenester i framtida. Klepp kommune har rusta økonomien for å ta imot fleire eldre. Rekruttering av medarbeidarar med rett kompetanse og forventningsgapet vil bli den største utfordringa vår.

Takk til alle medarbeidarar i Klepp kommune!

Til slutt vil eg framheva innsatsen til alle medarbeidarane i Klepp kommune, som står på kvar einaste dag for å levera gode tenester til innbyggjarane. Utan dykk hadde det vore umogleg å drifta ein kommune på ein så god måte med så knappe økonomiske rammer. De viser ei formidabel evne til å tenkja nytt, slik at de kan levera gode tenester og samtidig overhalda strame budsjett. Dette vil me måtta halda fram med inn i 2026, men eg har klokketru på at me vil lukkast.

Visjonar, verdiar og kommuneplanen sine målsettingar

Visjon og verdiar

Vår visjon: Med blikk for alle

Verdiar:

- Me tar i eit tak
Me viser handlekraft og innsatsvilje og saman får me ting gjort.
- Me bryr oss
Me viser omsorg for kvarandre, og for miljøet kring oss. Ingenting er viktigare enn generasjonane som kjem.
- Me tenker fritt
Me vågar å tenka stort og fritt saman.

Status overordna mål

Målsettingar

- I Klepp er landbruksjord og natur høgt verdsette ressursar me tek vare på

- I Klepp har innbyggerane like muligheter og me har blikk for alle.
- I Klepp har me inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn
- I Klepp har me læring heile livet, med særleg blikk for barn og unge
- I Klepp tar innbyggerane ansvar for eiga helse, er aktive og kjenner seg trygge

Mål

Slik vil me ha det **Slik vil me ha det**

I Klepp er landbruksjord og natur høgt verdsette ressursar me tek vare på

I Klepp har me eit landbruk som tek vare på klimaet og naturmiljøet

I Klepp har innbyggerane like muligheter og me har blikk for alle.

I Klepp bruker me digitale løysingar for å kunne tilby likeverdige og effektive tenester

I Klepp er det bustadsosiale arbeidet samordna og heilskapleg

I Klepp er det tilstrekkeleg eigna bustader til vanskelegstilte

I Klepp har me tenester av høg kvalitet der tilsette har handlingskompetanse.

I Klepp kan pårørande leve gode eigne liv og kombinere pårøranderolla med utdanning og arbeid.

I Klepp skal me sikra heilskapeleg og effektiv samhandling

Tidleg og rett hjelp skal vere førande for alt arbeid.

I Klepp har me inkluderande, trygge og miljøvenlege lokalsamfunn

I Klepp er dei automatisk freda kulturminna gjort tilgjengelege og godt skjøtta

I Klepp er det trygt og godt for barn og unge å vekse opp.

I Klepp har me kunnskap, felles forståing, godt samarbeid og løyser oppgåver i lag

Slik vil me ha det **Slik vil me ha det**

I Klepp har me lagt til rette for ein aktiv og mangfoldig frivillig sektor

I Klepp vert alle barn og unge involvert, spurt, lytta til og tatt på alvor som aktive bidragsytarar i eigen kvardag.

I Klepp har me læring heile livet, med særleg blikk for barn og unge

I Klepp vekst barn og unge opp med trygge autoritative vaksne.

I Klepp tar innbyggjarane ansvar for eiga helse, er aktive og kjenner seg trygge

I Klepp er det lett for alle å drive friluftsliv

I Klepp er flest mogleg aktive i idrettslag
lengst mogleg

I Klepp får innbyggjarar teneste på rett nivå og i rett omfang

I Klepp skal alle innbyggjarar ha moglegheit til å vera aktive i eigen kvardag


Oppfølging handlingsregler

Kommentarar måltal

Klepp kommune har vedteke målsetningar for fire økonomiske måltal, som me måler den økonomiske utviklinga etter. For 2025 ligg me godt innanfor målsetningane våre på alle måltala.

Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter

Netto driftsresultat viser kva kommunen sit igjen med av løpande inntekter etter at løpande utgifter er trekt frå. I tillegg til inntekter og utgifter knytt til den ordinære drifta, inngår og finansinntekter- og utgifter. Netto driftsresultat kan nyttast til finansiering av investeringar eller avsetjast til seinare bruk, og gir dermed ein indikasjon på den økonomiske handlefridommen til kommunen.



Netto driftsresultat vart på 5,9 % av driftsinntektene, tilsvarande 130,5 mill. kroner. Det er vesentleg betre enn målsetjinga på 1,75 %. I HØP for 2025-2028 var det lagt opp til eit resultat på 3,2 %, så resultatet er vesentleg betre enn planlagt.

Nesten alle kommunane me samanliknar oss med hadde sterk vekst i netto driftsresultat i 2025. KS rapporterer om eit gjennomsnittleg netto driftsresultat i kommunane (utanom Oslo) som var med i budsjettundersøkjinga på om lag 2,1 % i 2025, samanlikna med 2024 der dei same kommunane gjennomsnittleg hadde eit negativt netto driftsresultat på 0,5%. Dette kan til dels forklarast av at kommunesektoren har fått høgare inntekter i 2025 som følgje av høgare bevillingar frå Stortinget og til dels av at sektoren har gjennomført omstillingar og kutt på bakgrunn av dei dårlege rekneskapsresultata i 2024.

Klepp kommune er klart på grønt nivå slik det er definert av KS og brukt av statsforvaltaren. Vedteken handlings- og økonomiplan 2026-2029 legg til grunn netto driftsresultat på om lag 3 prosent i åra framover, som framleis er over det vedtekte målet. Med eit så høgt investeringsnivå som kommunen har no, er det behov for høgare netto driftsresultat som bidrar til høgare eigenfinansiering av investeringar, så ikkje gjeldnivået blir alt for høgt.


Hovudårsaka til at resultatet vart betre enn budsjettet er høgare vekst i skatteinntektene og betre netto finansinntekter og -utgifter enn budsjettet. Omlegginga av inntektssystemet frå 2025, med høgare skattøre og meir inntektsutjamning, ser ut til å gi Klepp høgare inntektsnivå. Det reelle mindreforbruket som ikkje er brukt vart 34,7 mill. kroner, som er tilbakeført til ulike disposisjonsfond.

Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter

Netto lånegjeld er langsiktig gjeld eksklusive pensjonsforpliktingar. I tillegg blir det gjort frådrag for totale utlån og ubrukte lånemidlar. I totale utlån inngår formidlingslån og ansvarlege lån (utlån av egne

midlar). Netto lånegjeld i % av brutto driftsinntekter er eit bilete på gjeldsgrada i kommunen, og seier noko om kor krevjande det kan bli å betala ned gjelda.

Alt av netto lånegjeld vil likevel ikkje vera renteeksponert gjeld, det vil seia gjeld der ein gitt auke i renta netto vil påverka budsjettbalansen i kommunen.




Netto lånegjeld enda på 59,7 %. Det er ytterlegare auke frå 2024, men framleis under målsettinga vår om at netto lånegjeld skal vera maksimalt 65%. Klepp si netto lånegjeld er, saman med Hå, lågare enn Time og Gjesdal si lånegjeld. I 2025 har den langsiktige gjelda (sett bort frå pensjonsforpliktingar) auka med 190,8 mill. kroner, medan utlåna har auka med 26,8 mill. kroner. [KS si rekneskapsundersøking for 2025](#) viser at gjennomsnittskommunen hadde ei netto lånegjeld som var 85 % av brutto driftsinntekter. Dette illustrerer at Klepp kommune sin økonomi framleis er sunnare enn i gjennomsnittskommunen.

Klepp står ovanfor store investeringar i inneverande handlings- og økonomiplanperiode (2026-2029), som vil medføre at lånegjelda vil stiga vesentleg og koma opp på gult nivå, og over målsettinga i ein periode.

Lånefinansiering i prosent av finansieringsbehov

Lånefinansiering i prosent av finansieringsbehovet er eit måltal som seier noko om kor stor del av investeringane ein lånefinansierer.




Lånefinansieringa i prosent av finansieringsbehovet blei på 56 % godt under målsettinga i 2025. Her ser me at både Gjesdal og Time finansierer mindre av investeringane sine med lån, medan Hå finansierer noko meir av sine investeringar med lån.

Med det høge investeringsnivået Klepp har no, må kommunen finansiera ein stor del av investeringane med låneopptak. Klepp har klart å styra investeringsprosjekta og låneopptaket like godt i 2025 som i 2024, og difor er ubrukte lånemidlar til eigne investeringar per 31.12.2025 kun 28,0 mill. kroner. Ubrukte lånemidlar vert disponert til rebudsjettering av investeringane til 2026 og ein liten rest til redusert bruk av lån.

Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter

Disposisjonsfond er oppsparte midlar som fritt kan nyttast til finansiering av drifts- eller investeringsutgifter. Nøkkeltalet seier noko om kor stor økonomisk buffer kommunen har for den løpande drifta si.

Inntektene til kommunen skal disponerast slik at det blir gitt gode tenester til innbyggjarane i kommunen. Å byggja opp store disposisjonsfond og reservar bør difor ikkje vera eit mål i seg sjølv. Det er likevel fornuftig å ha oppsparte midlar på disposisjonsfond som ein økonomisk buffer til framtidige tiltak dersom føresetnadene for budsjettet ikkje skulle slå til.



Disposisjonsfonda samla har auka til 457,8 mill. kroner i 2025. Disposisjonsfonda er på 20,8 % av driftsinntektene. Det er vesentleg høgare enn målsettinga på 7,5 %. Nivået i Klepp er på "grønt" nivå slik det er definert av KS og Statsforvaltaren. Hå ligg høgare enn oss, medan Time og Gjesdal ligg lågare enn Klepp. KS si rekneskapsundersøking for 2025 viser at gjennomsnittet i landet er disposisjonsfond på 11,1 % av driftsinntektene, så Klepp er betre stilt enn gjennomsnittskommunen på denne indikatoren og.

Mindreforbruket på 34,7 mill. kroner vart tilbakeført til ulike disposisjonsfond.

25,6 mill. kroner vart tilbakeført til sentralt disposisjonsfond som er disponibelt til bruk.

Dei største fonda er ved utgangen av året på:

- Det sentrale disposisjonsfondet er redusert frå maksimalnivået på 130,9 mill. kroner 31.12.2023 til 100,8 mill. kroner per 31.12.2025. Det er budsjettert med bruk av 68,5 mill. kroner i bruk av disposisjonsfond i handlings- og økonomiplan for 2026-2029.
- Pensjonsfondet er på 126,9 mill. kroner. Det er 104,6 mill. kroner lågare enn premieavviket og bør aukast.
- Flyktningefondet er på 139 mill. kroner. Midla vert nytta til integrering av flyktningar og er sett av til eventuelle utgifter etter at perioden med integreringstilskot er ferdig. Det er budsjettert med bruk av 25 mill. kroner i bruk av flyktningfond i handlings- og økonomiplan for 2026-2029.

Sentrale inntekter og utgifter

Totaloversikt økonomi

Beløp i 1000

Årsmelding 2025

	Rekneskap i fjor	Opph. bud.	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale inntekter	-1 419 059	-1 542 400	-1 570 745	-1 590 746	20 001	1,3 %
Sentrale utgifter	40 060	100 787	39 521	36 062	3 459	8,8 %
Netto finansutgifter og inntekter	44 233	68 172	69 172	59 303	9 869	14,3 %
Avsetningar og årsoppgjersdisposisjonar	66 034	52 370	56 775	91 518	-34 743	-61,2 %
Til disposisjon	-1 268 731	-1 321 071	-1 405 277	-1 403 863	-1 414	-0,1 %
Fellestener	72 018	82 778	84 288	84 288	0	0,0 %
Barn og unge	657 729	679 522	721 206	721 206	0	0,0 %
Helse og velferd	471 852	482 650	516 712	516 712	0	0,0 %
Samfunn og kultur	144 159	152 439	173 027	173 027	0	0,0 %
Vatn, avløp og renovasjon	0	0	0	-1 530	1 530	0,0 %
Kyrkje og gravplassar	14 146	14 682	14 744	14 756	-12	-0,1 %
Fellesområde	-91 172	-91 000	-104 700	-104 596	-104	-0,1 %
Sum disponering	1 268 731	1 321 071	1 405 277	1 403 863	1 414	0,1 %
Meirforbruk + / mindreforbruk -	0	0	0	0	0	0,0 %

Sentrale inntekter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Frie disponible inntekter						
Skatt på inntekt og formue	-760 594	-832 000	-832 000	-870 632	38 632	4,6 %
Rammetilskot	-651 559	-704 000	-732 345	-712 571	-19 774	-2,7 %
Sal frikraft	-3 080	-3 300	-3 300	-3 981	681	20,6 %
Rentekompensasjon	-3 723	-3 100	-3 100	-3 433	333	10,7 %
Andre generelle driftsinntekter	-104	0	0	-130	130	0,0 %
Sum Frie disponible inntekter	-1 419 059	-1 542 400	-1 570 745	-1 590 746	20 001	1,3 %


Skatt

Skatteinntekta i 2025 blei på 870,6 mill. kroner. Dette ga oss ei total meirinntekt på kr 38,6 mill, koner samanlinkna med justert budsjett for 2025. Det tilsvarar ein auke på 110 mill. kroner, tilsvarande 14,5 %, frå 2024.

På landsbasis vart skatteinntekta i 2025 10,8 % høgare enn fjoråret. For Klepp tyder dette at vår skattevekst var 3,7 prosentpoeng høgare enn for landet samla. Dermed har Klepp hatt ei betre skatteutvikling enn landet totalt sett. Dette tyder på at endringane i inntektssystemet som venta har bidratt til å gi Klepp ein høgare vekst i skatteinngangen enn på landsbasis. I skatterapportane frå Skatteetaten vart det i løpet av sommaren framheva at det var forventa redusert vekst utover i året, og på bakgrunn av dette la ikkje kommunedirektøren inn auka skatteinntekt i 2. tertialrapport. Dette slo ikkje til, og det er årsaka til at avviket er såpass stort.

Den store auken i skatteinngang på landsbasis skuldast i stor grad den store auken skattøyren i 2025. Skattøyre er den prosentandelen av skatten som blir tildelt kommunane. På landsbasis har det vore stabil vekst i forskotsskatt (skattetrekk frå privatpersonar), med Rogaland som ein av regionane som skiljer seg ut med ein vekst i toppsjiktet. Difor har Klepp sin vekst i skatteinntekter nærma seg landsgjennomsnittet i 2025.

Klepp sine skatteinntekter i prosent av landsgjennomsnittet auka frå 94,7 % i 2024 til 97,2 % i 2025. Når me korrigerer for inntektsutjamninga (som er ein del av rammetilskotet) auka Klepp sine skatteinntekter (inkl. inntektsutjamning) til 98,1 % av landsgjennomsnittet. Dette er vesentleg høgare enn i 2024, då skatt og inntektsutjamning utgjorde 96,8 % av landsgjennomsnittet.



Rammetilskot

Klepp kommune fekk rammetilskot på 712,6 mill. kroner i 2025, samanlikna mot eit budsjett på 732,3 mill. kroner. Avviket er på 2,7 % lågare enn budsjett. Hovudårsaka til mindreinntekta er redusert inntektsutjamning. Skatteinngangen på landsbasis har vore lågare enn for Klepp, og me har fått tilført mindre i inntektsutjamning enn budsjettet. Dei ulike elementa i utbetalt rammetilskot oppsummerer seg slik:

Deltilskot	Beløp i heile tusen
Innbyggjartilskot/utgiftsutjamning	701 861
<i>Av dette endringer vedtatt RNB 2025</i>	23 866
Ordinært skjønn - språkdeling etc.	1 300
Prosjektskjønn - robust klimaomstilling i landbruket	345
Veksttilskot	1 643

Deltilskot	Beløp i heile tusen
Inntektsutjamning	7 422
Samla tilskot	712 571

Sal av frikraft

Inntektene frå sal av frikraft vart på 4 mill. kroner, noko som er noko høgare enn budsjett på 3,3 mill. kroner. Inntektene vart 20,6 % høgare enn justert budsjett. Inntektene frå frikraft har direkte samanheng med nivået på straumprisen i dei periodane me har frikraft å selja. Straumprisane i haust har vore høgare enn me budsjetterte med.

Rentekompensasjon

Som følge av at rentenivået gjennom året var noko høgare enn forutsett vart tilskota til rentekompensasjon for bl.a. skular og omsorgsbustader høgare enn budsjettert. Inntektene vart på 3,4 mill. kroner, medan budsjettet var på 3,1 mill. kroner.

Sentrale utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Sentrale utgifter						
Motpost kalkulatoriske avskrivninger	-5 191	-5 848	-5 848	-5 685	-163	-2,8 %
Bruk av pensjonspremiefond KLP	-35 000	-35 000	-35 000	-35 000	0	0,0 %
Tidlegare års premieavvik	33 913	40 135	40 135	40 371	-236	-0,6 %
Årets premieavvik	-48 300	-39 900	-69 280	-69 606	326	0,5 %
Diverse utgifter	838	700	700	1 309	-609	-87,0 %
Tilleggsbevilgning	0	0	0	0	0	0,0 %
Lønsreserve	0	49 700	4 114	0	4 114	100,0 %
Avskrivninger	93 800	91 000	104 700	104 675	25	0,0 %
Sum Sentrale utgifter	40 060	100 787	39 521	36 062	3 459	-8,8 %

Motpost kalkulatoriske avskrivningar

Dette er ein motpost til avskrivningane på gebyrområda for sjølvkost. Posten vart litt lågare enn budsjettert. For nærare opplysningar vert det vist til noteopplysningane for sjølvkostområda.

Bruk av pensjonspremiefond

Klepp kommune brukte 35 mill. kroner av pensjonspremiefondet i KLP, heilt i tråd med budsjettet. Dette er same nivået som i 2024, som vart lagt inn for å bidra til lågare premieavvik i 2025.

Tidlegare års premieavvik

Dette er amortisering tidlegare inntektsførte premieavvik som vert fordelt på mellom 7-15 år i samsvar med reglane for dette. Posten vart omlag som budsjettert.

Årets premieavvik

Premieavviket i 2025 vart 69,6 mill. kroner. Det var budsjettert med 69,3 mill. kroner, og dette gir ei meirinntekt på 300 000 kroner, tilsvarende 0,5 %. Dette er pensjonsutgifter me i tråd med regelverket skyver framfor oss ved å inntektsføra i inneverande år og må utgiftsføra med ein sjuandedel kvart år i dei sju neste åra. Premieavviket er differansen mellom betalt premie og berekna kostnader.

Det akkumulerte premieavviket som skal utgiftsførast dei komande sju åra (i tillegg til ordinære pensjonspremiar) er på 231,5 mill. kroner ved utgangen av 2025. Klepp kommune har per 31.12.2025 eit særskilt disposisjonsfond til pensjonsformål på 126,9 mill. kroner. Dette gir ei underdekning på 104,6 mill. kroner. Det akkumulerte premieavviket har auka med 29,2 mill. kroner i 2025. Mindreforbruket i rekneskapen i 2025 var på 34,7 mill. kroner. Kommunedirektøren føreslår å disponera 12,6 mill. kroner av mindreforbruket i 2025 til avsetning til pensjonsfondet, for å redusera underdekninga.

Lønsreserve

Lønnsveksten i 2025 vart lågare enn estimert. Etter at alle områda har fått tilført budsjett til å dekkja lønnsoppgjera, står det igjen ein rest på 4,1 mill. kroner. Årsaka til denne resten er at når dei lokale forhandlingane først blir gjennomført etter at 2. tertialrapport er lagt fram, må me alltid ha ein usikkerheitsmargin i det som er sett av til lønnsoppgjera.

Finansinntekter og -utgifter

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Finansinntekter/-utgifter						
Ordinære renteinntekter	-26 612	-15 000	-17 000	-21 306	4 306	25,3 %
Renteinntekter lån Klepp energi AS	-2 179	-1 900	-1 900	-2 048	148	7,8 %
Renteinntekter lån Lyse AS	-5 243	-4 500	-4 500	-4 657	157	3,5 %
Renteinntekter etablerings- og startlån	-7 634	-9 000	-8 000	-9 104	1 104	13,8 %
Kalkulatoriske renter	-7 440	-8 242	-8 242	-8 715	473	5,7 %
Utbytte fra Klepp energi AS	-12 000	-12 000	-12 000	-12 000	0	0,0 %
Utbytte fra Lyse AS	-31 506	-32 986	-32 986	-32 986	0	0,0 %
Ordinære renteutgifter	57 511	60 500	64 500	62 304	2 196	3,4 %
Renteutgifter etablerings- og startlån	6 550	11 000	12 000	10 311	1 689	14,1 %
Avdrag på lån	78 540	80 300	80 300	80 585	-285	-0,4 %
Gevinst på finansielle omløpsmiddel	-5 754	0	-3 000	-3 081	81	2,7 %
Sum Finansinntekter/-utgifter	44 233	68 172	69 172	59 303	9 869	-14,3 %

Renteinntekter

Renteinntektene i 2025 vart på 21,3 mill. kroner. Dette gir ei meirinntekt på 4,3 mill. kroner, tilsvarende 25,3 %. Rentenivået har vore høgare enn budsjettert, og difor gitt høgare renteinntekter.

Kommunedirektøren er alltid litt meir forsiktig med å justera opp inntektene enn utgiftene når det er usikkerheit.

Renteinntekter lån energiselskapa

Renteinntektene på dei ansvarlege låna frå både Klepp energi AS og Lyse energi AS vart litt høgare enn justert budsjett. Meirinntektene var på 305 000 kroner. Låna vert forrenta med Nibor 3 månader + 2 %.

Renteinntekter startlån

Renteinntektene på startlåna vart 1,1 mill. kroner høgare enn justert budsjett. Det skuldast hovudsakleg at rentenivået har vore høgare enn budsjettert.

Kalkulatoriske renter

Høgare rentenivå enn budsjettert ga og ei høgare kalkulatorisk rente. Den kalkulatoriske renta er 5-årig swaprente som vert brukt til utrekning av sjølvkost på gebyra som er underlagt reglane for det. Posten viser kor mykje av renteutgiftene til kommunen som vert dekte av sjølvkostgebyra. Me viser til noteopplysingane for dei enkelte gebyra.

Utbytte frå energiselskapa

Det vart utbetalt ordinært utbytte i samsvar med budsjett frå energiselskapa. Utbyttet gjeld rekneskapsåret 2024 for selskapa.

Renteutgifter

Renteutgiftene på ordinære lån og startlån vart samla 3,9 mill. kroner lågare enn budsjettert. Dette skuldast i stor grad at redusert framdrift på investeringane har medført redusert låneopptak samanlikna med opphavleg budsjettet.

Avdrag på lån

Avdrag på lån vart 285 000 kroner høgare enn budsjettert. Dette avviket skuldast at me må avrunda til nærmaste heile million når me betaler avdrag på del av eit sertifikatlån.

Tap og gevinst på finansielle omløpsmidlar

Gevinst i både aksje- og obligasjonar i 2025 medførte gevinst på på 3 mill. kroner. Nærare opplysningar om utviklinga er beskriver i finansrapporten.

Avsetningar og årsoppgjersdisposisjoner - til disposisjon for tenesteområda

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Rev.bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
Avsetnader og bruk av avsetnader						
Bruk av disposisjonsfond	25 582	-21 225	-21 925	12 803	-34 728	-158,4 %
Overført til investeringar	40 438	58 095	63 200	63 200	0	0,0 %
Avsetning til disposisjonsfond	0	15 500	15 500	15 500	0	0,0 %
Avsetning til bundne driftsfond	15	0	0	15	-15	0,0 %
Netto avsetnader	66 034	52 370	56 775	91 518	-34 743	61,2 %

Bruk av disposisjonsfond

Det vart brukt av disposisjonsfond i samsvar med budsjett. Ved saldering av rekneskapen hadde kommunen eit mindreforbruk på 34,7 mill. kroner. I tråd med [budsjettforskrifta §4-3](#), måtte me dermed stryka bruk av disposisjonsfond for 34,7 mill. kroner. Dette blei gjort i tråd med [økonomireglementet](#) punkt 1.4.7 b.

Overført til investeringar

Det vart overført til investeringar i samsvar med budsjett.

Avsett til disposisjonsfond

Budsjetterte midlar vart avsett som budsjettert. For ein fullstendig oversikt over avsetning og bruk av fond vert det vist til "Oversikt over samla budsjettavvik og årsavslutningsdisposisjoner §5-9".

KOSTRA hovudtal

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)	95 663	103 356	107 465	109 413	115 143	114 889
Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	93 554	98 475	103 663	107 265	110 623	111 594
Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter (B)	20,0 %	20,9 %	10,6 %	23,5 %	12,3 %	9,5 %
Eiendomsskatt per innbygger (B)	0	0	437	0	1 780	2 647
Netto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)	68 367	72 806	74 514	80 104	80 937	80 731

Økonomi


Årsmelding 2025

Netto driftsresultat i % av brutto driftsinntekt (B) (Kommunekasse)	3,5 %	5,9 %	4,9 %	3,9 %	4,1 %	1,7 %
Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter (B) (Kommunekasse)	57,1 %	59,7 %	67,0 %	58,3 %	65,3 %	88,2 %
Netto lånegjeld per innbygger (B) (Kommunekasse)	54 318	61 323	71 605	63 409	74 766	99 167
Rammetilskudd Beløp per innbygger (kr)	30 754	33 229	33 025	38 246	41 510	39 164
Skatt på inntekt og formue Beløp per innbygger (kr)	35 901	40 600	41 067	37 246	35 677	37 501

Klepp kommune har dei lågaste brutto driftsinntektene av samanlikningskommunane. Våre driftsinntekter er 103 356 kroner per innbyggjar, og dei vaks med heile 7693 kroner frå 2024 til 2025, som er den høgaste veksten av samanlikningskommunane. Dei me samanliknar oss med har høgare inntekter enn oss. Dersom inntektene hadde vore på nivå med kostragruppe 7 ville Klepp hatt 247 mill. kroner meir å rutta med. Det er fleire årsaker til at me har lågare utgifter. Me har skatteinntekter under landsgjennomsnittet og utgiftsbehovet vårt er lågare enn dei me samanliknar oss med. Klepp har ikkje inntekter frå eigedomsskatt, naturressursskatt eller havbruksfond. I tillegg kan det vera skilnader i satsane for eigenbetaling. Fordi me må driva tenestene våre med såpass mykje lågare inntekter enn samanlikningskommunane, må me bruka mindre enn alle på tenester.

Brutto driftsinntekter i kroner per innbygger (B)


*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).



Brutto driftsutgifter i kroner per innbyggjar har auka til 98 475 kroner i Klepp. Det er ei auke på 4 921 kroner per innbyggjar. Utgiftene har altså auka med 2 772 kroner mindre enn inntektene per innbyggjar. Dette tilsvarar eit auka handlingsrom på 59,4 mill. kroner når me gangar opp med innbyggjartalet. Når me samanliknar oss med nabokommunane, har Klepp framleis det lågaste utgiftsnivået, men skilnadane er litt mindre enn tidlegare. Me ser og tydeleg at omstillingane i Time og Gjesdal har gitt redusert kostnadsnivå, så dei har blitt litt likare oss.

Brutto driftsutgifter i kroner per innbygger (B)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).




Tilsvarande har Klepp og dei lågaste netto driftsutgiftene i kroner per innbyggjar.

Disposisjonsfond, netto driftsresultat og lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekt er kommentert under punktet oppfølging handlingsreglar.

Sjølv om lånegjelda vår i prosent av brutto driftsinntekter har passert Hå kommune, ligg me lågast når det gjeld netto lånegjeld per innbyggjar. Me ser og at lånegjelda har auka raskt dei siste åra, medan Time har lukkast i å redusera lånegjelda per innbyggjar i 2025.

Netto lånegjeld per innbygger (B) (Kommunekasse)

*) Tala er inflasjonsjustert med endeleg deflator (TBU).



Personal og organisasjon

Personalforvaltning

Kvalitet, kontroll og etikk

Sommaren 2023 vedtok administrasjonsutvalet nye etiske retningslinjer for tilsette og politikarar i Klepp kommune. Føremålet med retningslinjene var å tydeleggjera både forventningar, verdiar og gjeldande lovkrav, samt å leggja eit felles normativt grunnlag for organisasjonen.

Dette arbeidet har danna eit viktig fundament for vidare utvikling av kommunen sin arbeidsgivarpolitikk.

Arbeidet med ny arbeidsgivarstrategi vart påbegynt seinhausten 2024 og har vore vidareført og konkretisert gjennom 2025. I 2025 har vi arbeidd systematisk med å utforma ein heilskapleg arbeidsgjevarplan som skal samla og tydeleggjera kommunen sine mål, prioriteringar og verkemiddel som arbeidsgivar.

Den nye arbeidsgivarplanen skal leggja retning for utvikling av leiarskap, medarbeidarskap, kompetanse, rekruttering og organisasjonskultur, og skal vera eit styringsverktøy for både administrativ og politisk leiing i åra framover.

Klepp kommune sitt elektroniske kvalitets-system (Compilo), er der rutinar, manualar og prosedyrar er lagra, og rapportering av avvik og varsling går føre seg. Fokus i 2025, som i 2024, har vore på å auka bruken av og effektiviteten i systemet, både med tanke på talet på avvik, bruk i dei ulike tenestemråda og på å nytta ROS-modulen i større grad.

Tilsette og likestilling

Per 31.12.2025 var det 1665 tilsette med faste stillingar i kommunen. Av desse var 1380 kvinner (82,9 %) og 285 menn (17,1 %). Andelen menn og kvinner har dermed halde seg uendra frå 2024, då tilsvarende tal var 82,9% kvinner og 17,1% menn.

Gjennomsnittsløna for menn var på 661 216 kroner og for kvinner på 607 683 kroner. Differansen mellom gjennomsnittsløna for menn og kvinner har auka frå 48 995 kroner i 2024 til 53 533 kroner i 2025. Samstundes syner ein gjennomgang at menn og kvinner i like stillingar og ansiennitet tener tilnærma likt og har hatt den same lønnsutviklinga. Den viktigaste forklaringsfaktoren ser difor ut til å vera knytt til kva for ein sektor dei ulike kjønna i størst grad arbeider i.

Klepp kommune arbeider gjennom sin personal- og rekrutteringspolitikk for å fremja likestilling og å hindra diskriminering på bakgrunn av kjønn, etnisk bakgrunn, nedsett funksjonsevne, alder og seksuell orientering.

Årsverk og tilsette	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal på tilsette totalt	1640	1607	1647	1649	1665	1 685	1 703	1 729
Tal på tilsette med fast løn	1 490	1 472	1 506	1 544	1 584	1 633	1 646	1 665
Tal på aktive årsverk	1 206	1 181	1 200	1 246	1 291	1 367	1 384	1 380

Årsmelding 2025

Årsverk og tilsette	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Gjennomsnittleg stillingsprosent	80,9 %	80,2 %	79,7 %	80,7 %	81,5 %	83,7 %	84,1 %	82,9 %
Tal på tilsette kvinner med fast løn	1 249	1 226	1 252	1 282	1 317	1 340	1 365	1 380
Tal på tilsette menn med fast løn	241	246	254	262	267	293	281	285
Andel tilsette kvinner med fast løn	83,8 %	83,3 %	83,1 %	83,0 %	83,1 %	82,1 %	82,9 %	82,9 %
Andel tilsette menn med fast løn	16,2 %	16,7 %	16,9 %	17,0 %	16,9 %	17,9 %	17,1 %	17,1 %
Tal på kvinner i leiande stillinger	54	65	65	62	66	62	76	88
Tal på menn i leiande stillinger	16	19	19	26	25	25	24	24
Årsverk fellestjenesten	31,3	34,2	34,1	34,2	37,0	39,1	40,2	43,1
Tilsette fellestjenesten	37	39	39	35	38	39	39	42
Årsverk barn og unge	615,7	632,2	644,6	646,5	663,2	724,3	718,0	722,9
Tilsette barn og unge	723	710	739	727	736	787	780	791
Årsverk helse og velferd	439,2	389,6	412,8	435,7	461,8	466,9	482,4	473,6
Tilsette helse og velferd	660	591	647	628	657	650	661	666
Årsverk samfunn og kultur	120,4	124,9	130,4	129,2	129,6	136,3	143,8	140,7
Tilsette samfunn og kultur	141	147	153	154	153	157	166	166

Heiltid og deltid

39,7 prosent av dei tilsette i Klepp kommune arbeider i deltidsstilling, noko som er ein auke frå 39,2 prosent i 2024. Sjølv om auken er moderat, representerer dette ein svak oppgåande trend som kommunen må vera merksam på i det vidare arbeidsgivararbeidet.

Sjølv om kommunen arbeider målretta for å styrkja heiltidskulturen, har deltidsprosenten auka noko. Dette må mellom anna sjåast i samheng med ansvaret kommunen har for å leggja til rette for eit inkluderande arbeidsliv. For enkelte medarbeidarar med redusert arbeidsevne kan deltidsstillingar vera ein føresetnad for å kunna stå i arbeid.

Årsmelding 2025

Kommunen har òg nokre arbeidstakarar under 16 år i arbeid, der deltidsstillingar er naturleg på grunn av skulegang. Samla bidreg dette til å inkludera fleire i arbeidslivet, samstundes som arbeidet med å utvikla ein sterk heiltidskultur ligg fast.

Klepp kommune har over tid hatt eit tydeleg mål om å auka talet på heiltidsstillingar og heva gjennomsnittleg stillingsprosent. Arbeidet med heiltidskultur er viktig både for kvalitet i tenestene, kontinuitet for innbyggjarane og for å vera ein attraktiv arbeidsgivar. Større stillingsprosent bidreg òg til betre fagmiljø, meir stabil bemanning og redusert sårbarheit i drifta.

Utviklinga må sjåast i samanheng med rekrutteringsutfordringar, organisering av turnusarbeid og tilgjengelege ressursar i tenesteområda. Kommunen vil difor halda fram arbeidet med systematiske tiltak for å leggja til rette for fleire heiltidsstillingar der dette er mogleg og føremålstenleg.

Fokuset på heiltidskultur er òg i tråd med nasjonale føringar og politiske mål om å redusera uønskt deltid og styrkja arbeidsdeltakinga. Arbeidet vil halda fram i tett samarbeid med leiarar og tillitsvalde for å finna berekraftige løysingar som balanserer behovet for fleksibilitet med ønsket om høgare stillingsprosent.

Fordeling heltid/deltid	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal på tilsette i deltidsstillingar	637	609	632	677	679	655	645	661
Tal på kvinner i deltidsstillingar	582	559	574	612	605	575	574	584
Tal på menn i deltidsstillingar	55	50	58	65	74	80	71	77
Andel tilsette i deltidsstillingar	43,6 %	41,9 %	42,8 %	43,8 %	42,9 %	40,1 %	39,2 %	39,7 %
Andel kvinner i deltidsstillingar	47,5 %	46,1 %	46,7 %	47,7 %	45,9 %	42,9 %	42,1 %	42,3 %
Andel menn i deltidsstillingar	24,0 %	21,3 %	24,1 %	24,8 %	27,7 %	27,3 %	25,3 %	27,0 %
Del av deltidsstillingar kvinner	90,9 %	91,5 %	90,4 %	90,4 %	89,1 %	87,8 %	89,0 %	88,4 %
Del av deltidsstillingar menn	9,1 %	8,5 %	9,6 %	9,6 %	10,9 %	12,2 %	11,0 %	11,6 %
Tilsette over 60 år i 2025					Menn		Kvinner	
60-61 år					13		46	
62-64 år					12		54	
65-67 år					9		11	

Tilsette over 60 år i 2025	Menn	Kvinner
over 67	0	2

Lærlingar

Sjølv om me ser utfordringar på enkelte område, har me i 2025 òg oppnådd fleire viktige mål. Kommunen har i år nådd dei politiske krava knytte til talet på lærlingar, og me har hatt ein markant auke i talet på inngåtte lærekontraktar. Dette er eit resultat av eit målretta og systematisk arbeid over tid.

Rekruttering av lærlingar krev i aukande grad aktiv innsats. Me opplever at det kan vere krevjande å få tak i søkjarar til ordinære læreløp, og må difor i fleire tilfelle leggja til rette for lærlingar som treng eit lengre og meir tilpassa opplæringsløp. Dette stiller større krav til både planlegging, rettleiing og oppfølging, men me ser det som ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt å bidra til at fleire får fullført fagutdanning.

I 2025 har me hatt eit tydelegare og meir strukturert fokus på heile læreløpet – frå rekruttering til fagprøve. Det er prioritert ein eigen funksjon i HR med ansvar for å koordinere lærlingordninga på tvers av tenesteområda. Dette har styrkt samhandlinga mellom HR, fagleiarar og instruktørar, og bidratt til meir lik praksis i kommunen.

Vidare samarbeider me tett med fagleiarane i dei ulike tenesteområda for å systematisera, forenkla og i større grad automatisera delar av lærlingprogrammet. Målet er å sikra føreseielege rammer, god kvalitet i opplæringa og mindre administrativ sårbarheit. Samla sett gir dette eit betre grunnlag for vidare vekst i talet på lærlingar og ei styrka satsing på fagopplæring i åra som kjem.

Lærlingar	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Tal på lærlingar totalt i kommunen	30	38	39	35	44	33	31	42
Fellestjenesten	1	1	2	2	2	1	1	3
Barn og unge	12	16	15	20	21	10	13	21
Helse og velferd	17	20	21	12	21	22	16	16
Samfunn og kultur	0	1	1	1	0	0	1	2
Tal på lærlingar per 1000 innbyggjarar	1,6	2	2	1,8	2,1	1,6	1,5	2,0

Sjukefråvær

Sjukefråværet enda i 2025 på 8,6 %, noko som er ein auke på 0,4 prosentpoeng samanlikna med 2024. Den same utviklinga ser ein i omkringliggjande kommunar og nasjonalt, noko som indikerer at dette

ikkje berre handlar om lokale forhold, men òg om breiare strukturelle og samfunnsmessige utviklingstrekk.

Rapporteringa frå dei ulike tenesteområda og underliggjande avdelingane viser at det vert arbeid systematisk og målretta med oppfølging av sjukefråvær. Hovudutfordringa er framleis langtidsfråværet, som utgjer ein betydeleg del av det samla fråværet. Samstundes er det, som tidlegare år, stor variasjon mellom avdelingane, noko som viser at det finst både sårbarheit og potensial for læring og forbetring internt i organisasjonen.

Auken i sjukefråværet er alvorleg. Høgt fråvær påverkar kvaliteten på tenestene, belastninga på medarbeidarar som er på jobb, og ikkje minst dei økonomiske rammene for kommunen. Sjukefråvær medfører betydelege direkte og indirekte kostnader – både i form av lønsutgifter, vikarbruk, overtid og redusert kontinuitet i tenestene. Over tid kan dette svekkja både arbeidsmiljø, produktivitet og omdømme dersom det ikkje vert handtert målretta og systematisk.

Klepp kommune tek denne utviklinga på største alvor. I 2025 vart det, gjennom politisk vedtak i HØP, løyvd midlar til å etablera ei prosjektstilling med særskilt ansvar for å styrkja arbeidet med nærværsløysing og reduksjon av sjukefråvær. Arbeidet skal henta inspirasjon frå den såkalla Trondheimsmodellen, men utviklast og tilpassast lokale forhold – ein «Klepp-modell» – for å sikra eigarskap, relevans og varig effekt i eigen organisasjon.

Målet er å styrkja leiarane i deira arbeid med førebygging, tidleg innsats og tett oppfølging, og samstundes utvikla ein kultur som fremjar arbeidsmiljø, medverknad, ansvar og det å vera til stades på arbeidsplassen. Dette krev ei tydeleg satsing på kompetanseheving, systematisk internkontroll og betre struktur i oppfølginga av sjukefråvær. Både leiarar, medarbeidarar og øvste leiding må ta eit felles ansvar for å utvikla gode rutinar, sikra medverknad og følgja opp gjeldande regelverk og interne retningslinjer.

Gjennom denne satsinga ønskjer kommunen å leggja grunnlaget for ei varig reduksjon i sjukefråværet. Arbeidet handlar ikkje berre om å redusera tal, men om å byggja ein robust organisasjon med eit helsefremjande arbeidsmiljø, tydelege forventningar og ein kultur prega av open dialog, tillit og felles ansvar.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,49 %	6,33 %	8,82 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,76 %	5,97 %	8,73 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,19 %	5,23 %	7,42 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,08 %	6,15 %	8,23 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,11 %	6,41 %	8,52 %

Fråvær per tenesteområde

Tenesteområde	Fråvær 2025			Fråvær 2024		
	Korttid i %	Langtid i %	Samla % fråvær i %	Korttid %	Langtid i %	Samla % fråvær i %
Fellestenester	1,34 %	1,35 %	2,69 %	1,07 %	4,67 %	5,74 %
Barn og unge	2,20 %	5,84 %	8,04 %	2,01 %	5,52 %	7,53 %
Helse og velferd	2,05 %	8,26 %	10,31 %	2,27 %	7,46 %	9,73 %
Samfunn og kultur	2,10 %	4,75 %	6,84 %	2,28 %	5,74 %	8,02 %
Vatn, avløp og renovasjon	2,01 %	1,70 %	3,71 %	0,63 %	2,41 %	3,03 %
Sum tenesteområde	2,11 %	6,41 %	8,52 %	2,08 %	6,15 %	8,23 %

Sjukefråvær per måned


Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Korttid	Fellestenester	2,26 %	0,83 %	1,00 %	0,43 %	0,76 %	1,05 %	1,59 %	0,88 %	1,33 %	1,32 %	2,37 %	2,01 %	1,34 %	1,07 %
Langtid	Fellestenester	4,34 %	0 %	1,83 %	0,71 %	0 %	0 %	0 %	1,38 %	0 %	1,28 %	2,55 %	3,99 %	1,35 %	4,67 %
Samla	Fellestenester	6,60 %	0,83 %	2,82 %	1,14 %	0,76 %	1,05 %	1,59 %	2,25 %	1,33 %	2,61 %	4,92 %	6,00 %	2,69 %	5,74 %
Korttid	Barn og unge	3,25 %	3,31 %	2,86 %	1,99 %	2,09 %	1,78 %	0,35 %	1,19 %	2,94 %	1,84 %	2,77 %	2,13 %	2,20 %	2,01 %
Langtid	Barn og unge	5,07 %	5,84 %	6,27 %	6,44 %	6,71 %	6,14 %	4,46 %	4,27 %	5,11 %	6,10 %	6,71 %	7,31 %	5,84 %	5,52 %
Samla	Barn og unge	8,32 %	9,14 %	9,13 %	8,42 %	8,80 %	7,91 %	4,80 %	5,46 %	8,05 %	7,94 %	9,48 %	9,44 %	8,04 %	7,53 %
Korttid	Helse og velferd	2,07 %	2,74 %	2,56 %	1,55 %	2,45 %	1,98 %	0,97 %	1,49 %	2,34 %	1,59 %	2,16 %	2,81 %	2,05 %	2,27 %
Langtid	Helse og velferd	10,49 %	8,55 %	7,47 %	7,92 %	8,10 %	7,83 %	6,76 %	6,57 %	7,41 %	9,39 %	8,76 %	9,69 %	8,26 %	7,46 %
Samla	Helse og velferd	12,56 %	11,29 %	10,03 %	9,47 %	10,55 %	9,82 %	7,73 %	8,06 %	9,75 %	10,98 %	10,92 %	12,50 %	10,31 %	9,73 %
Korttid	Samfunn og kultur	2,23 %	2,85 %	2,05 %	1,65 %	2,16 %	2,61 %	2,01 %	0,80 %	1,95 %	2,38 %	2,32 %	2,18 %	2,10 %	2,28 %
Langtid	Samfunn og kultur	6,24 %	6,43 %	5,80 %	4,04 %	4,04 %	3,96 %	3,96 %	3,44 %	3,64 %	3,60 %	5,09 %	6,89 %	4,75 %	5,74 %
Samla	Samfunn og kultur	8,47 %	9,28 %	7,85 %	5,69 %	6,20 %	6,56 %	5,96 %	4,24 %	5,59 %	5,98 %	7,42 %	9,07 %	6,84 %	8,02 %
Korttid	Vatn, avløp og renovasjon	1,91 %	0 %	0,51 %	3,25 %	3,19 %	1,49 %	0 %	5,52 %	3,82 %	2,78 %	1,20 %	0,46 %	2,01 %	0,63 %
Langtid	Vatn, avløp og renovasjon	2,90 %	0 %	0 %	0 %	1,60 %	0 %	0 %	0 %	3,63 %	8,07 %	0,61 %	2,69 %	1,70 %	2,41 %
Samla	Vatn, avløp og renovasjon	4,81 %	0 %	0,51 %	3,25 %	4,79 %	1,49 %	0 %	5,52 %	7,45 %	10,85 %	1,81 %	3,15 %	3,71 %	3,03 %
Korttid	Sum sjukefråvær	2,69 %	2,95 %	2,59 %	1,77 %	2,21 %	1,90 %	0,75 %	1,31 %	2,61 %	1,80 %	2,48 %	2,35 %	2,11 %	2,08 %
Langtid	Sum sjukefråvær	7,08 %	6,61 %	6,43 %	6,54 %	6,71 %	6,28 %	5,03 %	4,85 %	5,60 %	6,89 %	7,07 %	7,98 %	6,41 %	6,15 %
Samla	Sum sjukefråvær	9,77 %	9,56 %	9,03 %	8,30 %	8,92 %	8,19 %	5,78 %	6,16 %	8,21 %	8,70 %	9,54 %	10,33 %	8,52 %	8,23 %

Investeringar


Brutto investeringar i anlegg og tilskot til andre sine investeringar endte på 430 mill. kroner i 2025, som er litt lågare enn rekorden frå i fjor. Dei største utgiftene i 2025 var ved Ploggen kulturhus, rådhus og kyrkje, Markå barnehage, VAR, Ploggenparken og støyskjerm Orstadvegen.

Investeringsutgifter enda om lag 27 mill under budsjett, og det har vore god økonomistyring i dei fleste prosjekta. Meir- og mindreforbruk i pågåande prosjekter blir justert (rebudsjett) mot budsjett i 2026. Budsjettavvik i prosjekt som avsluttast blir ikkje vidareført, og dette gjelder mellom anna:

- Mindreforbruk ved carport Kleppheimen (800 000 kroner) og nye sykesignalanlegg/infrastruktur for velferdsteknologi (2,9 mill. kroner).
- Meirforbruk ved støyskjerm Orstadvegen (1,2 mill. kroner).



Rekneskap investeringar per tenesteområde 2025 (mill. kroner)



Status §5-5 første ledd

Beløp i 1000

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2025
Investeringar i varige driftsmidlar	458 506	501 399	454 899	426 581	28 318	6,2 %	454 899
Tilskot til andre sine investeringar	3 389	1 000	1 356	3 056	-1 700	-125,3 %	1 356
Investeringar i aksjar og andelar i selskap	3 550	3 400	3 697	3 651	46	1,3 %	3 697
Utlån av egne midlar	0	0	0	0	0		0
Avdrag på lån	0	0	0	0	0		0
Sum investeringsutgifter	465 445	505 799	459 952	433 288	26 664	5,8 %	459 952

Årsmelding 2025

	Rekneskap 2024	Opph. bud. 2025	Politisk vedtatt budsjett 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %	Rev. bud. 2025
Kompensasjon for meirverdiavgift	-81 115	-80 989	-83 779	-75 867	-7 912	-9,4 %	-83 779
Tilskot frå andre	-8 103	-44 348	-33 206	-40 108	6 902	20,8 %	-33 206
Sal av varige driftmiddel	-7 946	0	0	-346	346		0
Sal av finansielle anleggsmiddel	0	0	0	-3	3		0
Utdeling frå selskap	0	0	0	0	0		0
Mottatte avdrag på utlån av egne middel	-6 587	-6 587	-6 587	-6 994	407	6,2 %	-6 587
Bruk av lån	-315 132	-315 280	-271 968	-243 914	-28 054	-10,3 %	-271 968
Sum investeringsinntekter	-418 883	-447 204	-395 540	-367 232	-28 308	-7,2 %	-395 540
Vidareutlån	23 775	35 000	70 000	58 817	11 183	16,0 %	70 000
Bruk av lån til vidareutlån	-23 775	-35 000	-62 500	-40 369	-22 131	-35,4 %	-51 600
Avdrag på lån til vidareutlån	10 747	13 500	13 500	12 664	836	6,2 %	13 500
Mottatte avdrag på vidareutlån	-15 374	-11 500	-11 500	-23 317	11 817	102,8 %	-22 400
Netto utgifter vidareutlån	-4 628	2 000	9 500	7 795	1 705	17,9 %	9 500
Overføring frå drift	-47 273	-60 595	-66 412	-66 412	0	0,0 %	-66 412
Avsettingar til bundne investeringsfond	4 700	0	0	71	-71		0
Bruk av bundne investeringsfond	-413	0	-7 500	-7 510	10	0,1 %	-7 500
Avsetningar til ubunde investeringsfond	1 052	0	0	0	0		0
Bruk av ubunde investeringsfond	0	0	0	0	0		0
Dekning av tidlegare års udekk beløp	0	0	0	0	0		0
Sum overføring frå drift og netto avsettingar	-41 935	-60 595	-73 912	-73 851	-61	-0,1 %	-73 912
Framført til inndekning i seinare år (udekt)	0	0	0	0	0		0

Status investeringsprosjekt

Barn og unge

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Avvik i kr
Framtidig bruk av Horpestad skule	1 200	1 229	2024	74	102 Ferdig	-28
IKT - undervisning	-	-	LØPANDE	5 156	5 477 Iht. plan	-321
Kleppe skule	48 303	49 817	2021	0	-250 Ferdig	250
Kleppe skule teknisk oppgradering og B-fløy	93 500	2 981	2032	3 500	2 981 Iht. plan	519
Kleppelunden skule	262 825	255 985	2024	1 500	1 477 Ferdig	23
Markå barnehage trinn1	67 000	64 095	2030	52 193	49 288 Iht. plan	2 905
Oppgradering IKT undervisningspersonale	37 230	6 531	2039	830	235 Iht. plan	595
Orstad skule	157 500	3 020	2035	2 348	2 869 Iht. plan	-521
Overtaking Markå barnehage	0	2 411	2025	0	2 411 Ferdig	-
Reinhaldssentral Sørhellet og Engelsvoll barnehager	1 200	4	2026	200	4 Forseinka	196
Soveskur barnehagar	11 440	4 533	2025	954	186 Forseinka	768
Sporafjell barnehage	112 800	110 660	2023	500	317 Ferdig	183
Trygge barnehagebygg og skular	2 000	1 415	2022	584	0 Forseinka	584
Uteområde barnehagar	-	-	LØPANDE	6 580	5 852 Iht. plan	728
Sum	794 998	502 681		74 419	70 951	3 468

Fellesområde

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Avvik i kr
Justeringsrett avtaler	6 014	193 626	2030	466	1 582 Iht. plan	-1 116
Sum	6 014	193 626		466	1 582	-1 116

Fellestenester

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Avvik i kr
Bilar og maskinar	-	-	LØPANDE	1 600	1 580 Iht. plan	20
Diverse tomtekjøp	-	-	LØPANDE	3 000	3 060 Iht. plan	-60
Egenkapitaltilskot klp	-	-	LØPANDE	3 697	3 651 Iht. plan	46
IKT-Digitalisering	-	-	LØPANDE	5 417	2 731 Iht. plan	2 686
Ploggen kulturhus, rådhus og kyrkje	639 250	429 401	2026	234 372	232 553 Iht. plan	1 819
Sum	639 250	429 401		248 086	243 574	4 512

Årsmelding 2025

Helse og velferd

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Avvik i kr
Basseng Sirkelen	12 220	12 438	2024	9 829	10 047	Ferdig	-218
Carport Kleppheimen	1 400	576	2025	1 400	576	Ferdig	824
Flytting av arbeidslag demens til Kleppheimen	677	676	2023	324	324	Ferdig	0
Nye institusjonsplassar	171 000	95	2035	1 000	95	Iht. plan	905
Nye sjukesignalanlegg/infrastruktur for velferdsteknologi	10 825	7 490	2025	6 213	2 879	Iht. plan	3 334
Ombygging Myrsnibå aktivitetssenter miljøtenesten	3 100	2 886	2024	912	699	Ferdig	213
Omdisponering seniorbustader Kleppetunet	1 645	415	2032	12	0	Iht. plan	12
Oppgradering uteområde og møbler sykehjem Ksak 22/23	3 063	3 058	2024	210	207	Ferdig	3
Takheisar Kleppheimen	1 100	1 095	2025	1 100	1 095	Ferdig	5
Velferdsteknologi	2 000	644	2030	1 760	405	Iht. plan	1 355
Sum	207 030	29 374		22 760	16 327		6 433

Kyrkje og gravplassar

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Avvik i kr
Orre gamle kyrkje	100	0	2024	100	0	Iht. plan	100
Parkering Bore kyrkje	4 849	4 622	2024	445	620	Forseinka	-175
Sum	4 949	4 622		545	620		-75

Samfunn og kultur

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året			
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap	Status	Avvik i kr
Aktivitetspark sentrum	45 225	45 215	2025	17 697	17 687	Ferdig	10
Bil frivillighetssentralen	1 015	509	2024	1 015	0	Forseinka	1 015
Bustadfelt Sporafjell	1 000	945	2029	227	173	Ferdig	54
Gang- og sykkelveg Lalandsvegen	76 350	80 176	2022	1 600	1 561	Ferdig	39
Gatelys	-	-	LØPANDE	1 075	558	Iht. plan	517
Kleppelunden skule rekkefølgekrav	24 000	24 524	2022	2 072	1 889	Ferdig	183
Klimaplan/enøk Kommunale bustader	74 789	81 120	2040	13 785	6 283	Iht. plan	7 502
Kunstgrasbane	8 375	866	2027	180	547	Iht. plan	-367
Klepp stasjon	-	-	LØPANDE	685	1 710	Iht. plan	-1 025
Maskinkjøp teknisk	-	-	LØPANDE	685	1 710	Iht. plan	-1 025

Årsmelding 2025

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Avvik i kr
Mindre ombyggingar formålsbygg	-	-	LØPANDE	10 791	12 158 lht. plan	-1 367
Ny permanent brannstasjon	133 000	1 415	2028	1 000	1 415 lht. plan	-415
Ombygging Kleppetunet A 1.etasje	500	146	2025	250	146 Forseinka	104
Ombygging Rognevegen 3 - brannstasjon	6 600	4 654	2024	0	-1 010 Ferdig	1 010
Oppgradering leikeplassar	-	-	LØPANDE	508	664 lht. plan	-156
Oppgradering og nybygging - kommunale bruer	8 100	3 135	2030	534	269 Forseinka	265
Ringveg Sporafjell	27 385	26 088	2023	-415	-415 Ferdig	0
Sal av Vasshus skule	700	103	2026	637	40 Forseinka	597
Solceller på fleire bygg	12 300	1 781	2026	3 981	1 463 Forseinka	2 518
Støyskjerm fv 505 Orstadvegen	25 040	26 314	2025	13 603	14 842 Ferdig	-1 239
Trafikksikring	-	-	LØPANDE	630	2 258 lht. plan	-1 628
Turstiarn/friluftsliv	-	-	LØPANDE	3 477	2 836 lht. plan	641
Sum	444 379	296 990		77 167	65 274	11 893

Vatn, avløp og renovasjon

Beløp i 1000

Investering	Totalbudsjett			Budsjett for året		
	Vedteke totalt	Påløpt totalt	Vedteke ferdigår	Rev. bud.	Rekneskap Status	Avvik i kr
Hovudplan VA - investeringar	473 019	193 189	2039	36 037	34 504 lht. plan	1 533
Utstyr til renovasjon	13 353	5 819	2039	472	456 lht. plan	16
Sum	486 372	199 008		36 509	34 961	1 548

Oppfølging av planar

Planoppgåver	Plantype	Type endring	Startår	Vedtaks-år	Kommentar
Arealdel	Kommuneplanen	Vidareført			
Barnehagebruksplan	Temaplan	Vidareført			
Bustad og institusjonsplan	Temaplan	Vidareført			
Digitaliseringsstrategi	Temaplan	Rullering	2023	2024	
Dobbeltspor Jærbanen	Kommunedelplan	Ny		2025	

Årsmelding 2025

Planoppgåver	Plantype	Type endring	Startår	Vedtaks- år	Kommentar
Folkehelseoversikt	Kunnskapsgrunnlag	Rullering	2026	2027	
Fredheim og Fjogstad mulighetsstudie	Kunnskapsgrunnlag	Ny	2026	2027	
Gjennomgang bustadbygging	Kunnskapsgrunnlag	Ny	2023	2024	
Gjennomgang næringsområde	Kunnskapsgrunnlag	Ny	2024	2025	
Gjennomgang offentlege område	Kunnskapsgrunnlag	Ny	2024	2026	
Hovedplan for vatn, avløp og vannmiljø	Temaplan	Rullering	2024	2026	Justert framdrift
Innkjøpsstrategi	Temaplan	Rullering	2025	2026	
KommuneROS	Temaplan	Rullering	2026	2027	
Kulturminneplan	Temaplan	Vidareført			
Kulturplan	Temaplan	Vidareført			
Kvalitetsplan barn og unge	Temaplan	Rullering	2025	2026	
Næringsstrategi	Temaplan	Ny	2023	2024	
Områdeplan for Nordlysvegen	Områdeplan	Ny	2025	2027	Sjå sak 74/25 i formannskapet
Områdeplan Tu gamle skule	Områdeplan	Ny	2025	2027	Blir detaljregulert
Orstad nord, Kalberg, Frøyland og Kvernaland, plan 2022003	Områdeplan	Ny		2026	Sjå sak 74/25 i formannskapet
Parkeringsstrategi	Temaplan	Vidareført			
Pårørandestrategi	Temaplan	Vidareført			
Plan for aldersvennlege samfunn	Temaplan	Vidareført			
Plan for eigedom	Temaplan	Ny	2025	2026	Justert framdrift
Plan for frivilligheit	Temaplan	Rullering	2023	2024	


Planoppgåver	Plantype	Type endring	Startår	Vedtaks- år	Kommentar
Plan for fysisk aktivitet	Temaplan	Rullering	2023	2024	
Plan for grøntareal	Temaplan	Ny	2024	2026	
Plan for klima og energi	Temaplan	Rullering	2024	2025	
Plan for kommunikasjon	Temaplan	Ny		2025	
Plan for landbruk	Temaplan	Vidareført			
Plan for legetenester	Temaplan	Ny	2023	2024	
Plan for trafikksikkerheit	Temaplan	Rullering	2025	2026	
Plan for utanforskap	Temaplan	Ny	2025	2026	
Plan mot vald i nære relasjonar	Temaplan	Ny	2025	2026	
Samfunnsdel	Kommuneplanen	Vidareført			
Skulebruksplan	Kunnskapsgrunnlag	Rullering	2025	2025	
Tiltaksplan for Figgjovassdraget	Interkommunal plan	Vidareført			
Tiltaksplan for Orrevassdraget	Interkommunal plan	Ny	2021	2026	
Bybåndet sør - avvikling	Interkommunal kommunedelplan	Utgår	2025	2026	
Tverrforbindelsen	Kommunedelplan	Ny		2027	

Oppfølging av klima

Klimastatistikk

Utslepp av klimagassar per kommune

Grafen viser utslepp i tonn




Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO2-ekvivalentar

	Klepp	Time	Hå	Gjesdal
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	11 773,7	3 159,1	5 442,8	883,8
Industri, olje og gass	3 509,0	199,2	10 856,4	658,1
Sjøfart	26 154,5	0,0	25 377,4	249,5
Veitrafikk	25 145,9	18 675,7	16 561,9	15 376,9
Avfall og avløp	23 938,8	2 855,5	6 837,5	2 135,0
Annen mobil forbrenning	13 378,6	10 768,3	13 208,7	7 259,6
Bruk av produkter med fluorgasser	2 985,5	2 621,3	2 926,6	1 841,3
Energiforsyning	0,0	1 198,7	61,1	0,0
Jordbruk	57 512,3	59 174,5	102 033,3	33 249,5
Sum	164 398,3	98 652,3	183 305,7	61 653,7

Utslepp av klimagassar per år

Årsmelding 2025

Grafen viser utslepp i tonn



Tabellen viser utslepp av klimagassar i tonn CO₂-ekvivalentar

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	2024
Industri, olje og gass	412,6	13 057,8	6 223,4	6 663,7	6 412,6	6 386,4	6 842,0	6 844,2	6 616,2	3 509,0
Annen mobil forbrening	7 270,1	7 785,6	7 240,9	7 028,5	13 971,4	12 585,6	14 974,7	14 503,0	14 052,8	13 378,6
Bruk av produkter med fluorgasser	3 167,7	3 200,4	3 232,4	3 170,2	3 211,4	3 262,5	3 215,4	3 025,5	3 101,7	2 985,5
Luftfart	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Oppvarming	14 767,0	15 238,1	13 661,5	13 484,4	12 310,1	12 882,7	14 693,9	4 300,9	10 607,4	11 773,7
Sjøfart	22 858,8	22 855,9	23 251,3	27 231,6	29 017,1	26 669,8	37 727,1	28 464,9	27 238,3	26 154,5
Veitrafikk	33 802,3	31 869,3	29 628,3	30 221,6	28 284,7	27 232,4	27 206,5	27 439,2	26 080,4	25 145,9
Avfall og avløp	32 057,7	31 548,8	26 862,6	26 343,8	25 887,6	25 386,1	25 201,8	23 580,6	22 401,2	23 938,8
Energiforsyning	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0	0,0
Jordbruk	62 984,7	62 758,0	60 485,5	61 300,2	61 051,3	59 577,8	61 533,9	59 203,8	56 500,4	57 512,3
Sum	177 320,	188 313,	170 585,	175 444,	180 146,	173 983,	191 395,	167 362,	166 598,	164 398,
	9	9	9	0	2	3	3	1	4	3

Beskriving av klimagassutslepp, mål og tiltak

Klimagassutslepp frå "Kleppsamfunnet"

Miljødirektoratet leverer statistikk og data om klimagassutslepp i alle norske kommunar. Rekneskapen omfattar dei direkte, fysiske utsleppa som skjer innanfor den geografiske grensa i kommunen. Utsleppa vert fordelt på ti sektorar.

- **Industri, olje og gass**
Kategorien «industri, olje og gass» består av klimagassutslepp frå større industri. For Klepp er utsleppstal i denne kategorien stort sett baserte på leveransar av naturgass frå Lyse til bedrifter i kommunen. Naturgass til oppvarming av blant anna veksthus vert ført under kategorien "oppvarming" (sjå under). Det siste året har utslepp frå denne kategorien sunke med 47 prosent.
- **Oppvarming**
I denne sektoren er det oppvarming med naturgass som står for størsteparten av utsleppet og kjem i stor grad frå oppvarming av vekst-, fjørfe og svinehus. Denne sektoren meir enn dobla seg frå 2022 til 2023, og steig 11% igjen i 2024. Auken i oppvarming med naturgass kan henga saman med aukande straumprisar og dårlege straumstøtteordningar til landbruket.
- **Vegtrafikk**
Kategori «vegtrafikk» består av utslepp frå køyretøy og er inndelt i personbilar, varebilar, tungtransport og bussar. Ein gradvis auke i delen private el-bilar har ført til ein reduksjon over ein lengre periode, mens delen fossilfrie varebilar og tungtransport framleis er låg per 2024. Denne sektoren held seg nokså jamn, med ein liten reduksjon dei siste åra.
- **Sjøfart**
Kategori «sjøfart» består av utslepp frå skipstrafikk som oppheld seg utanfor kysten til Klepp kommune og blir delt mellom bruksområdet til skipa. Sjøfartssektoren har tilnærma ingen endring frå 2022 til 2024.
- **Anna mobil forbrenning**
Kategori «anna mobil forbrenning» består av utslepp frå større maskiner, som traktorar og anleggsmaskiner, og sal av petroleumsprodukt, samt «andre næringar». Denne sektoren hadde ein reduksjon i utslepp på nesten 5% fra 2023 til 2024. Det er gledeleg at utsleppa i denne kategorien er på veg nedover.
- **Jordbruk**
Kategorien «jordbruk» består av utslepp frå fordøyingsprosessar i husdyr, gjødselhandtering og jordbruksareal. Utsleppa frå denne sektoren blir fordelt frå fylkesnivå ut på kommunane basert på antal husdyr, fulldyrka areal, berekna areal organisk jord og berekna mengde nitrogen i husdyrgjødsel. Denne sektoren har halde seg nokså jamn heilt frå 2009.
- **Avfall og avløp**
Kategorien «avfall og avløp» består av utslepp frå avløpsanlegg, avfallsdeponi og komposteringsanlegg. Utsleppa blir berekna ut frå mengde avløpsvatn og organisk avfall, og blir plassert i den kommunen anlegget er plassert. Sele deponi, som er interkommunalt, fordeles mellom Sola og Klepp kommune. Deponigassen blir brukt til fjernvarme. Målingar gjort av Cowi, på oppdrag frå Klepp og Sola kommunar, viser at faktiske utslepp av metan på Sele er mykje lågare enn Miljødirektoratets teoretiske berekningar, 200 tonn CO₂-ekvivalentar mot 40 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Denne sektoren har lenge hatt ein minkande tendens, men steig litt det siste året.
- **Luftfart**
Utslepp frå denne kategorien er null fordi det ikkje finnes flyplassar i Klepp
- **Bruk av fluorgassar**
Klimagassrekneskapen for kommunar for produkt med fluorgassar viser brukt av SF₆ og bruk av HFK. HFK (hydrofluorocarbons) er ei gruppe fluorholdige gassar som vert brukt i kjøle- og

klimaanlegg.SF6 (svovelheksafluorid) er ein ekstremt sterk klimagass som primært vert nytta i nokre typar elektrisk utstyr, blant anna som isolasjonsmedium i høyspennings-utstyr.

- **Totalt**

Det er jordbruk, sjøfart og vegtrafikk som står for dei største klimagassutsleppa (i den rekkefølga) i Klepp kommune. Utsleppa har hatt ei jamn reduksjon frå 2009 og fram til i dag. Den største reduksjonen er i hovudsak innan kategoriane “avfall og avløp”, “oppvarming”, og “utslepp frå vegtrafikk”, og noko av grunnen til dette er utfasing av fossile energikjelder og fleire elektriske personbilar på vegane.

Klimamål


Det er vedteke at utsleppa frå Kleppsamfunnet skal reduserast med 55% innan 2030 samanlikna med 2009.

Klimagassutsleppet i Klepp kommune har blitt redusert med om lag 24%, eller rundt 40 000 tonn CO₂-ekvivalentar, frå 2009 til 2024. For å nå målet om 55% reduksjon innan 2030 samanlikna med referanseåret 2009, må me kutte utsleppet med om lag 73 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Klimagassutslepp frå kommuneorganisasjonen

Kommunen si eiga verksemd fører og til klimagassutslepp. Utsleppsestimatet er direkte knytte til kommunerekneskapen og blir berekna ved å ganga utgifter innan ulike kategoriar med ein utsleppsfaktor. Diagrammet under viser utslepp av klimagassar frå kommuneorganisasjonen fordelt på kategoriane "Nyanlegg", "Forbruksvarer og utstyr", "Reise og transport", "Energi", "Drift av bygg og anlegg", og "Kjøp av tenester" (Einingane er i tonn CO₂ ekvivalentar).

Utslepp av klimagassar, kommuneorganisasjon Klepp 2025, per utgiftskategori



Kategorien "Nyanlegg" er den største kjelda til utslepp i kommuneorganisasjonen. Det er i stor grad fordi det er her det brukast mest pengar. Store investeringar i 2025 var Plogen kulturhus, rådhus og kyrkje, nye Markå barnehage, Plogenparken og støyskjerm i Orstadvegen.

Det er opp til kommunen sjølv å synleggjera kvalitative forskjellar innan dei ulike kategoriane som kan påverka klimagassutslepp. Til dømes kan det vere stor forskjell i reelle klimagassutslepp for ein byggeplass med fossilfrie anleggsmaskinar samanlikna med konvensjonelle maskinar, sjølv om kostnaden for det miljøvennlege alternativet kanskje er høgare. Her ligg det altså potensiale i å gjera ting på nye måtar som kan redusera klimagassutsleppa.

Klimamål

Vedteke mål er at klimagassutsleppet frå den kommunale verksemda skal kuttast med 55% innan 2030, samanlikna med 2001. Eit viktig tiltak for å nå dette målet vil vere energieffektivisering. Fleire kommunale bygg har allereie fått solcelleanlegg, og me arbeider med ei utfasing av naturgass som energikjelde. I tillegg er det viktig at kommuneorganisasjonen stiller strenge klimakrav ved kjøp av varer og tenester, og at me ser på tiltak me kan gjennomføra i våre egne byggeprosjekt.

Klimatiltak 2025

Ny innsamlingsordning for plast	520	Opning av nytt anlegg for ettersortering vil sørge for at enda meir plastemballasje vert gjenvunne i staden for å gå til forbrenning.
Etterisolering Rognevegen 3	0,8	Tiltaket er utført.
Etterisolering av tak på Klepphallen	1,9	Tiltaket er utført.
Utskifting vinduer Kleppe skule	0,6	Tiltaket er utført.
4 Solcelleanlegg	95	Det blei tatt i bruk to nye anlegg i 2025, ved Orre skule og Markå barnehage. Effekt omrekna til klimagass ved Orre skule er på 8 tonn CO ₂ -ekv. medan anlegget på Markå ikkje rakk å produsera noko energi.
Renovasjonsbilar-frå diesel til el-bilar	47,4	Besparelser på overgang frå dieslbilar til elektriske renovasjonsbilar er rekna ut ved bruk av miljødirektoratet sin eigen kalkulator

Ombruk kommunehus	ukjent	Berekna effekt for bygget er 937 tonn CO ₂ -ekv. Effekten vert jamnt fordelt over byggeperioden tre år 2024-26.
Støtteordning til kjøp av varmepumper	20	Utbetalt 251 tilskot til varmepumpe i 2025.
Støtteordning til kjøp av el-syklar	20	Utbetalt 113 tilskot til elsyklar i 2025.
Overvatn Kleppekrossen	Ikkje i HØP	Berekna effekt for tiltaket er 333 tonn CO ₂ -ekv (les meir under).

Overvatn Kleppekrossen

I 2025 vart det lagt ny overvassledning gjennom Klepp sentrum med utløp i den nye aktivitetsparken. Gjennom Miljødirektoratet si tilskuddsordning "klimasats" fekk kommunen støtte til utsleppsfri anleggsplass. Med fokus på bruk av elektriske anleggsmaskinar, bruk av gjenbruksmassar i staden for knuste massar, og kjøp av klimavennlege alternativ for kummar og røyr, blei den samla klimagassbesparinga berekna til å vera rundt 333 tonn CO₂-ekvivalentar. Prosjektet har i stor grad vore nybrottsarbeid for kommunen, og har gitt oss verdifull erfaring for korleis me kan tenkja på liknande prosjekt i framtida.

Ombruk kommunehus

I 2026 står nytt rådhus ferdig i Klepp sentrum. Sweco har i sin rapport berekna klimagassbesparingar blant anna ved gjenbruk av betongstrukturar i ytterskalet på bygget. Besparingane er berekna til 937 tonn CO₂-ekvivalentar, samanlikna med referansebygg.

Solceller

Det er gjort ei vurdering (Ksak 40/22) av kva for kommunale bygg som er aktuelle for solceller. Bygga er delt i kategoriar etter kor eigna dei er til føremålet. Mest aktuelt er det å etablera solceller på nybygg, men og på idretts- og symjehallar og institusjonsbygg. Dette er bygg der kost-/nytteeffekten er størst. I handlings- og økonomiplanen for 2023-2026 vart det sett av 6,3 mill. kroner til slike tiltak, og auka til 10,3 mill. kroner i handlings- og økonomiplanen for 2025-2028. Bygg me vurderer er Orre skule, Markå barnehage, Bore idrettshall, Klepphallen, Kleppheimen, Kleppetunet og Sirkelen. I 2025 er det tatt i bruk to nye anlegg ved Orre skule og Markå barnehage.

2020	1	64 600	0,5 %
2021	1	61 300	0,5 %
2022	1	73 400	0,6 %
2023	1	72 400	0,6 %
2024	3	256 500	2,4 %

2025	4	413 400	4,0 %

Samfunns- og befolkningsutvikling

Samfunnsutvikling

Den demografiske utviklinga i Klepp gjer at kommunen må tenke nytt og framtidretta, slik som resten av landet. Ei av dei største utfordringane i møte med denne utviklinga er forventningsgapet mellom innbyggjarar og kommune. Samfunnsutviklinga ber preg av eit auka fokus på enkeltindividet sine rettar og høge forventningar til kva kommunen skal ivareta. I ein kommunesektor med aukande press på økonomien vert det krevjande å møta desse forventningane når dei skal vurderast opp mot dei lovpålagte tenestene kommunane skal levera. I ei tid der det er krevjande å rekruttera rett kompetanse og få rammene til å strekkja til for å løysa dei lovpålagte tenestene er det avgjerande at innbyggjarar, politikarar og administrasjon utforskar moglegheitrommet og ser på korleis ein kan mobilisera alle ressursar for å få til meir i lag.

Eit auka fokus og satsing på klima og miljø, for å sikra eit berekraftig samfunn både no og fram i tid er og viktig. Klepp kan vere stolte av alt det me får til, og det er og viktig å ha med seg i ei tid der verda omkring oss er prega av uro og utrygghet.

Beredskap


2025 var prega av geopolitisk uro, nye digitale truslar og aukande klimarelaterte utfordringar. Regjeringa la fram totalberedskapsmeldinga som mellom anna fokuserer på å styrka samvirke mellom sivil og militær beredskap, og legg stor vekt på å styrka motstandskrafta i lokalbefolkninga og i kritiske samfunnsfunksjonar. Gjennom året har det og vore stort fokus på eigenberedskap og informasjonsarbeidet om dette temaet.

Statsforvaltaren gjennomførte eit tilsyn på kommunen sitt arbeid med samfunnssikkerheit og beredskap i 2025, og innspel og tilbakemeldingar frå tilsynet vart nytta til å forbetra og vidareutvikla arbeidet knytt til dette i kommunen. Det har og vore fleire øvingar både regionalt og lokalt og ulike samlingar og kompetansehevingstiltak for å sikra oppdatert kunnskap og kompetanse på området. Dette bidrar til at kommunen læra av erfaringar, forbetrar rutinar og planverk, og betrar samhandlinga mellom aktørar og på denne måten byggjer tryggleik og styrkar beredskapen for framtida.

Som ei styrking av beredskapsarbeidet vedtok kommunane Gjesdal, Hå, Time og Klepp ei felles satsing på beredskap med eit felles prosjekt der det vil verta tilsett ein felles prosjektleiar som skal auka kompetansen og arbeidet med beredskap framover. Kommunane fekk tildelt skjønsmiddel frå statforvaltaren til stillinga for 2026. Målet er å utvikla og samordna planverk, beredskapsstrukturar og kunnskapsgrunnlag på tvers av kommunane og dermed vera betre førebudd på å møta ein meir krevjande og kompleks beredskapssituasjon enn det me har sett på mange år.

Utvikling i befolkning 2025

- I 2025 auka folketalet i Klepp til 21 444. Auken var på 258 personar og 1,2%. Dette var litt lågare enn framskrivinga i HØP25 på 21 504 personar.
- Tal på fødde auka til 248 og er det høgaste på tre år, og tal på døde er omtrent på nivå som året før. Fødselsoverskot på 116 er nær gjennomsnittet dei siste 5 åra.
- Tal for innvandrarar blei 108, og kommunen tok i mot 61 flyktningar, hovudsakleg frå Ukraina. Nokre av dei ukrainske flyktningane i Klepp kan ha vore registrert som innanlandsk flytting (frå kommunen med asylmottak).
- Netto innflytting blei 136, og talet inkluderer nokre ukrainske flyktningar og arbeidsinnvandring.



Utvikling i befolkning 4. kvartal 2025

	2022	2023	2024	2025
Folketal ved inngangen av året	20 163	20 615	20 900	21 186
Fødde	253	246	233	247
Døde	151	127	136	132
Fødselsoverskot	102	119	97	115
Innvandring	272	124	125	108
Utvandring	68	111	92	120
Innflytting, innanlands	1 167	1 186	1 155	1 242
Utflytting, innanlands	1 020	1 033	1 004	1 094
Netto innvandring og flytting	351	166	184	136
Folkevekst	452	285	286	258
Folketalet ved utgangen av året	20 615	20 900	21 186	21 444

Arbeidsløyse

Arbeidsløysa i Klepp kommune er svært låg.

Arbeidsløyse	2020	2021	2022	2023	2024	2025
Klepp	3,1 %	1,6 %	1,3 %	1,4 %	1,4 %	1,5 %
Time	2,5 %	1,4 %	1,1 %	1,4 %	1,4 %	1,6 %
Gjesdal	3,1 %	1,9 %	1,4 %	1,6 %	1,3 %	1,7 %
Hå	2,8 %	1,5 %	1,3 %	1,8 %	1,8 %	1,5 %
Rogaland	3,5 %	2,0 %	1,6 %	1,7 %	1,8 %	1,9 %

Tala i tabellen er henta frå [nav Rogaland sin månadlege statistikk om arbeidsmarknaden i Rogaland](#).


Kommunen sine tenesteområde

Fellestenester

Beskriving av tenesteområde

Fellestenester var i 2025 organisert i fem einingar; kommunedirektør, økonomi, personal og organisasjon, digitalisering og kommunikasjon. Politisk sekretariat, næring og arkiv/dokumentsenter er og tenester under fellestenester.

Fellestenester leverer støttetjenester (fellestenester) til tenesteområda i kommunen og har ansvar for kommunikasjon med innbyggjarar, næringsliv og andre aktørar i Klepp.



Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhetsområde	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2024	2025	2025		
100-Kommunedirektør	9 945	8 642	10 847	-2 205	-25,5 %
103-Personal og organisasjon	25 493	29 620	29 402	218	0,7 %
104-Økonomi	10 668	13 369	12 901	468	3,5 %
105-Digitalisering	12 262	15 738	15 864	-126	-0,8 %
106-Kommunikasjon	13 649	16 919	15 273	1 646	9,7 %
Sum	72 018	84 288	84 288	0	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Totalt sett gjekk fellestenester med eit samla mindreforbruk på 1,5 mill. kroner. Dette vart sett av til fellestenestar sitt disposisjonsfond, som per nyttår har ein saldo på 6,7 mill. kroner. Det er variasjon mellom einingane.

Årsmelding 2025

- Kommunedirektøren hadde eit meirforbruk på 700 000 kroner knytt til ein del overordna utgifter det er sett av for lite midlar til.
- På personal og organisasjon var det mindreforbruk på 200 000 kroner samla. Bak den summen skjuler det seg mindreforbruk på 1,5 mill. kroner på lærlingar og meirforbruk på 1,3 mill. kroner til felles datasystem og ekstrautgifter til overlevering av arkivmateriale til interkommunalt arkiv i samband med utflytting frå rådhuset.
- Økonomi hadde mindreforbruk på lønn på om lag 470 000 kroner på grunn av ledige stillingar.
- Digitalisering hadde meirforbruk på 120 000 kroner som skuldast at lisensutgiftene har vorte høgare på grunn av internasjonal uro og høg kronekurs.
- Kommunikasjon hadde mindreforbruk knytt til jordkabelen og ein stilling som var ledig deler av året . Utgiftene til politiske møter (inkludert møtegodtgjersler) var høgare enn budsjettet.

Slik gjekk det

I 2025 har kommunen hatt høg aktivitet og brei utvikling på tvers av HR, økonomi, digitalisering og kommunikasjon. Samla sett har 2025 vore eit år med høg gjennomføringsevne, tydeleg kvalitetsforbetring og strategisk utvikling på tvers av funksjonane.

HR-arbeidet har vore prega av digitalisering, og nye system har styrkt arbeidstidsforvaltning, lønnsoppfølging og kompetansestyling. Avdelinga har vore ei viktig støtte for leiarane.

Økonomiavdelinga har forbetra rutinar etter merknader i årsoppgjersnotatet, styrka økonomioppfølginga, bidratt til redusert meirforbruk i tenesteområda og gjennomført fleire opplæringsøkter for leiarar. Ledige stilling påverka framdrifta i digitalisering og anskaffingsarbeidet. Anskaffingar er styrkt og har gitt fleire nye rammeavtalar, men krev framleis tydeleg prioritering.

Digitaliseringsområdet har oppgradert tryggleiken gjennom ny brannmur, ny maskinvare og styrkt forvaltning av skytenester, samt sikra elevane sine læringsbrett i tråd med nasjonale krav. Avdelinga har og vore sentral i IKT-planlegginga for fleire nybygg. Samarbeidet i DigiJæren er konsolidert med felles avtalar og meir strukturert drift.

Kommunikasjon og politisk sekretariat har styrkt den eksterne synlegheita, utvikla ein kommunikasjonsplan, følgd opp Plogen kulturhus og vidareutvikla medverknadsråda. Næringsarbeidet er trappa opp.

Status oppdrag

Planoppfølging

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Bidra til tenesteforbetring gjennom effektivisering av felles datasystem		Iht. plan	Kommunikasjon har innført "mi side" på nettsida. Digitalisering har gjort ein god del arbeid "under panseret" med effektivisering og sikring av dataflytar og vidareført Plandisc, eit verktøy for planlegging og oppretting av årshjul. I 2025 har økonomi tatt i bruk funksjonalitet for varsling i Framsikt og eBilag for bilagsføring for

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			<p>sokn og fellesråd. Økonomi har teke i bruk ELSA, som er elektronisk oversending av begjæringar til namsmannen og arbeid med innføring av KK-referansar på inngåande fakturaer.</p> <p>I 2025 har personal og organisasjon implementert Visma Tid i Klepp kommune for registrering av arbeidstid og forhandlingsmodulen i Visma Enterprise. Kommunen har og skaffa og teke i bruk Dossier, eit system for kompetanse- og utviklingsstyring. I første fase er det utvikla opplæringsmodular for nye leiarar. HR-modulen i Framsikt er sett i drift i 2025, og bidreg til betre struktur og samanheng mellom strategiske mål og operativt HR-arbeid. Tiltaka samla sett styrkjer kommunen si systemstøtte innan HR- og organisasjonsområdet og legg til rette for meir effektiv ressursbruk og betre styringsgrunnlag.</p>
Følgja opp felles næringsstrategi for Jæren		Iht. plan	Arbeid med handlingsplan for næring har starta opp. Gjennom 2025 har det vore jamlege møte mellom dei næringsansvarlege i Klepp, Time og Hå. Det har vore gjennomført ei rekkje næringsbesøk til små og store bedrifter i Klepp. Det vart og gjennomført eit felles næringsbesøk for politisk og administrativ leiing i Klepp, Time og Hå, kor ein besøkte ei bedrift i kvar kommune. Dette skal gjerast kvart år.
Gjere innhaldet på kommunen si heimesida meir meir tilgjengeleg.		Iht. plan	Kontinuerleg arbeid med heimesida, både med tekst og innhaldsstruktur på dei ulike tenestområda. Kommunikasjonsavdelinga har kjøpt inn og tatt i bruk programmet Silktide som hjelper med å halda oversikt over lesbarheit, brutte lenkjer og andre funksjonar på heimesida.
Laga beskriving av ei «verktøykasse» av økonomioppfølgjing som einingar med meirforbruk skal få.		Forseinka	Økonomi har starta arbeidet med “verktøykasse”. Me har foreløpig rydda i talet på økonomirapporteringar, for å frigjera tid til å arbeida meir med oppfølging av økonomien for dei som treng det. Me har arbeid med beskrivingar av verktøykasse. Arbeidet er ikkje heilt ferdigstilt, men sett på pause for å prioritera andre ting som hastar meir. Det vil bli ferdigstilt i 2026.

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Oppdatera innkjøpsplanen i løpet av 2025		Forseinka	Den eine stillinga på innkjøp var ledig til 20. august. Difor har det teke lenger enn planlagt å koma i gang med innkjøpsplan. Mandat for arbeidet vart godkjent i KLG 9. desember 2025. Resten av arbeidet vil pågå i 2026.
Revidera arbeidsgiverplanen for Klepp kommune		Ferdig	Arbeidet med arbeidsgivarstrategien har gjennom 2025 vore eit pågåande arbeid. Tillitsvalde, leiarar og KLG har arbeidd med å utarbeida arbeidsgivarstrategien til ein arbeidsgivarplan implementert i Framsikt, på lik linje med andre planar. Arbeidet er ferdigstilt og planen skal godkjenna politisk.
Revidera rekrutteringsplanen for Klepp kommune		Forseinka	<p>Dossier er eit viktig steg mot meir strategisk og systematisk kompetanseforvaltning. I første fase er det etablert opplæringsmodular for nye leiarar for å sikra felles forståing av leiarrolla og styrka leiarkompetansen.</p> <p>Innføringa av Dossier har sett i gang arbeidet med ein ny, heilskapleg rekrutteringsstrategi, tett knytt til verksemdsplanlegging og overordna mål. Strategien skal bli ein konkret rekrutteringsplan i Framsikt. Arbeidet held fram i 2026 i tett samarbeid med leiarar og tillitsvalde. Partssamarbeid og medverknad er avgjerande for god forankring og felles eigarskap.</p>
Skapa gode treffpunkt for næringslivet / kommunen		Ferdig	Det første Kleppmøtet vart gjennomført hausten 2025. Klemmøtet er eit dialogmøte mellom kommuneadministrasjon, politikk og næringslivet i Klepp kommune.
Utarbeide eit styringssystem for digitalisering i Klepp kommune		Ferdig	Klepp kommune har vore pilot på KS sitt Rammeverk for trygg digitalisering (RTD). Dette ser så bra ut at me vil venta på å kunna ta dette i bruk når det vert sett i produksjon. Me ser det slik at RTD vil vera mykje betre enn det me kan utarbeida sjølv.

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
---------	------------	--------	----------------------

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	1,02 %	1,00 %	2,02 %
Årleg sjukefråvær 2022	1,99 %	3,74 %	5,73 %
Årleg sjukefråvær 2023	1,11 %	4,02 %	5,12 %
Årleg sjukefråvær 2024	1,07 %	4,67 %	5,74 %
Årleg sjukefråvær 2025	1,34 %	1,35 %	2,69 %

Status sjukefråvær og HMS

Sjukefråværet i fellestenester har samla vore på 2,7% i 2025. Dette er vesentleg lågare enn fjoråret då fråværet var på 5,7%, og det lågaste tenesteområdet i Klepp kommune. Det er ikkje behov for å setja inn tiltak på dette området. Dei som har vore sjuke i året blir følgde opp i tråd med retningslinjene våre.

Sjukefråvær per månad

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Korttid	Kommunedirektør	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	21,74 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	1,83 %	3,92 %
Langtid	Kommunedirektør	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	26,19 %	0 %	0 %	0 %	0 %	4,03 %	9,38 %
Samla	Kommunedirektør	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	21,74 %	26,19 %	0 %	0 %	0 %	0 %	5,86 %	13,30 %
Korttid	Personal og organisasjon	2,03 %	1,91 %	0 %	0,74 %	0,63 %	2,10 %	2,43 %	0 %	1,88 %	1,49 %	2,10 %	1,67 %	1,42 %	1,21 %
Langtid	Personal og organisasjon	5,03 %	0 %	2,40 %	0,15 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	3,50 %	4,86 %	2,93 %	1,60 %	9,34 %
Samla	Personal og organisasjon	7,06 %	1,91 %	2,40 %	0,88 %	0,63 %	2,10 %	2,43 %	0 %	1,88 %	4,99 %	6,96 %	4,60 %	3,02 %	10,56 %
Korttid	Økonomi	2,14 %	0 %	0,38 %	0,69 %	0 %	0 %	0 %	1,12 %	0 %	0 %	1,05 %	1,50 %	0,58 %	0,99 %
Langtid	Økonomi	5,88 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0,51 %	1,97 %
Samla	Økonomi	8,02 %	0 %	0,38 %	0,69 %	0 %	0 %	0 %	1,12 %	0 %	0 %	1,05 %	1,50 %	1,09 %	2,96 %
Korttid	Digitalisering	3,81 %	0,41 %	2,74 %	0 %	2,06 %	0 %	0,45 %	0 %	0 %	1,50 %	0 %	1,09 %	1,03 %	0,51 %
Langtid	Digitalisering	0 %	0 %	0 %	2,72 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	3,45 %	5,75 %	0,91 %	0 %
Samla	Digitalisering	3,81 %	0,41 %	2,74 %	2,72 %	2,06 %	0 %	0,45 %	0 %	0 %	1,50 %	3,45 %	6,84 %	1,94 %	0,51 %
Korttid	Kommunikasjon	0 %	0 %	2,00 %	0 %	0 %	2,11 %	0 %	5,01 %	5,17 %	3,13 %	9,46 %	5,57 %	2,93 %	1,19 %
Langtid	Kommunikasjon	10,67 %	0 %	6,71 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	11,49 %	2,40 %	3,34 %
Samla	Kommunikasjon	10,67 %	0 %	8,72 %	0 %	0 %	2,11 %	0 %	5,01 %	5,17 %	3,13 %	9,46 %	17,07 %	5,33 %	4,53 %
Korttid	Sum sjukefråvær	2,26 %	0,83 %	1,00 %	0,43 %	0,76 %	1,05 %	1,59 %	0,88 %	1,33 %	1,32 %	2,37 %	2,01 %	1,34 %	1,07 %

Årsmelding 2025

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Langtid	Sum sjukefråvær	4,34 %	0 %	1,83 %	0,71 %	0 %	0 %	0 %	1,38 %	0 %	1,28 %	2,55 %	3,99 %	1,35 %	4,67 %
Samla	Sum sjukefråvær	6,60 %	0,83 %	2,82 %	1,14 %	0,76 %	1,05 %	1,59 %	2,25 %	1,33 %	2,61 %	4,92 %	6,00 %	2,69 %	5,74 %

Kostraanalyse

Viktige indikatorar er kommentert under kvar tabell.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Adm, styring og fellesutgifter

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Brutto driftsutgifter til administrasjon og styring i kr. pr. innb (B) *) **)	4 574	5 014	5 022	5 694	5 363	6 385
Brutto driftsutgifter til funksjon 100 Politisk styring, i kr. pr. innb (B) *) **)	417	430	398	410	413	453
Brutto driftsutgifter til funksjon 110, Kontroll og revisjon, i kr. pr. innb (B) *) **)	98	86	93	93	129	123
Brutto driftsutgifter til funksjon 120 Administrasjon, i kr. pr. innb (B) *) **)	3 500	3 850	3 853	4 219	4 069	4 766
Brutto driftsutgifter til funksjon 180 Diverse fellesutgifter, i kr. pr. innb (B) *) **)	3	18	5	6	38	112
Netto driftsutgifter per innbygger (329) landbruksforvaltning og landbruksbasert nær.utv. (B) *) **)	144	149	167	230	144	160
Netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutg (B)	5,4 %	5,8 %	5,1 %	5,8 %	5,8 %	6,1 %
Levekår						
Utgiftsbehov - Adm, styring og fellesutgifter	0,974	0,984	0,985	1,010	1,042	1,013
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Dyrka jord Omdisponert til andre formål enn landbruk Omdisponert i alt etter Jordloven og Plan- og bygningsloven Areal (dekar)	8,6	17,2	76,6	87,0	0,0	357,9
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Godkjent nydyrka areal	51	41	194	345	136	2 492

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Klepp kommune har dei lågaste utgiftene til administrasjon, styring og fellesutgifter av samanlikningskommunane. Me har nærma oss Time sitt nivå i 2025. Dersom me samanliknar med kostragruppe 7 er Klepp sine utgifter til administrasjon, styring og fellesutgifter 1371 kroner per innbyggjar lågare enn snittet. Når me gangar dette opp med innbyggjartalet, tilsvarar dette at Klepp har 29,4 mill. kroner lågare utgifter enn snittet. Me ligg ikkje like langt frå snittet og samanlikningskommunane som før. Dette skuldast både at dei andre kommunane har redusert ressursbruken og at Klepp har tilført området noko ressursar i 2025. Klepp har framleis låg ressursbruk til administrasjon og fellesutgifter, og ein kan spør seg om ressursbruken til administrasjon, styring og fellesutgifter er så låg at det oppstår ineffektivitet i andre deler av organisasjonen? Kunne me fått meir ut av dei andre tenestene med noko meir ressursbruk på administrasjon, styring og fellesutgifter? Klepp har dei lågaste utgiftene til både funksjon 110 kontroll og revisjon, 120 administrasjon og 180 diverse fellestenester.

Utgiftene til politisk styring har auka frå 2024 og er no høgast blant samanlikningskommunane. Det var stortingsval i 2025, og utgiftene er naturleg høgare enn 2024 av den grunn. I tillegg har det vore mange habilitetsaker som gir høgare utbetalingar av møtegodtgjersler. Det er og ekstra utgifter til å gjennomføra kommunestyremøtene i midlertidige lokale.

Når det gjeld utgifter til diverse fellestenester er feilføringane frå IVAR som omtala i fjorårets årsrapport korrigererte, og utgiftene frå og med 2024 (endelege kostratal) er difor på eit korrekt og lågt nivå.

For netto driftsutgifter til administrasjon og styring i prosent av totale netto driftsutgifter ligg Klepp på nivå med Hå og Gjesdal. Time ligg lågare, og kostragruppe 7 ligg høgare enn Klepp.

Landbruk har flytta hit i kostraanalysen frå og med 2025. Me ser at areal omdisponert frå landbruk til andre formål var lågare enn samanlinkningskommunane i 2025, samstundes er arealet som var godkjent nydyrka høgare enn arealet som vart omdisponert. Det er gledeleg. Klepp brukar meir til landbruk per innbyggjar enn Gjesdal, mindre per innbyggjar samanlikna med dei kommunane me samanliknar med.

Kostra-analyse - Næringsforv. og konsesjonskraft

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til tilrettelegging og bistand for næringslivet i prosent av samlede netto (B)	0,1 %	0,1 %	0,1 %	0,0 %	0,2 %	0,2 %
Netto driftsutgifter til konsesjonskraft, kraftrettigheter og annen kraft for videresalg pr. innbyggere (kr (B) *)	-151	-186	-171	0	-862	-181
Økonomi						
Korrigererte brutto driftsutgifter (320) kommunal næringsvirksomhet	7 808	8 976	4 806	2	2 069	220 023
Korrigererte brutto driftsutgifter (322) Produksjon, distribusjon og omsetning av kraft	5 683	0	0	0	3	3 206
Korrigererte brutto driftsutgifter (325) tilrettelegging og bistand for næringslivet	294	654	398	2 712	2 668	116 913
Korrigererte brutto driftsutgifter per innbygger, Næringsforv. og konsesjonskraft *)	677	449	254	135	373	583

Årsmelding 2025

Produksjon, distribusjon og omsetning av kraft Netto driftsutgifter på funksjon/tjenesteområde Beløp per innbygger (kr) *) **)	97	-20	0	0	-6	4
--	----	-----	---	---	----	---

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Klepp kommune har klart høgast utgifter til kommunal næringsverksemd. Hovuddelen av desse utgiftene gjeld produksjon av mat på kjøkkenet på Kleppheimen som blir levert til andre kommunar. Utgiftene på funksjon 322 produksjon, distribusjon og omsetning av kraft gjeld den nedgravde jordkabelen. Årsaka til det negative beløpet her skuldast ei kreditnota i slutten av 2025 i samband med at prosjektet hos Lnett har gått over frå planlegging til gjennomføring. Utgiftene til tilrettelegging og bistand for næringslivet er høgare enn i Time, men klart lågare enn Hå og Gjesdal.

Slik ser me framtida

Kostraanalysen viser at administrasjonsområdet er der Klepp har lågast ressursbruk per innbyggjar. Dette påverkar framdrift og kapasitet til å gjera utviklingsarbeid og ta i bruk ny funksjonalitet og datasystem. Sjølv om ressursbruken er låg, får Klepp svært mykje ut av pengane. Me arbeider målretta med å utvikla tenestene i fellestenester.

Ved inngangen av 2026 står kommunen sterkare rusta organisatorisk, med eit styrkt HR- og dokumentcenter, klarare ansvarsdeling og meir systematisk arbeid med leiar- og organisasjonsutvikling. Justering av arbeidsoppgåver gjer det mogleg å standardisera arbeidsprosessar og vidareutvikla digital støtte, samtidig som rådgivarar arbeider meir fleksibelt og robust på tvers av fagområde.

Økonomiavdelinga går inn i ei framtid med høgare krav til økonomistyring, effektivisering og digitalisering. Gjennomgang av faktureringsfunksjonen i heile kommunen og flytting av lønnsområdet til økonomi skal bidra til betre kvalitet og betre utnytting av ressursane. Det kjem store endringar i anskaffingsregelverket i løpet av året.


Digitaliseringsarbeidet held fram med særleg vekt på informasjonssikkerheit, betre forvaltning av data og tett samarbeid i DigiJæren.

Kommunikasjonsarbeidet skal pregast av eit klart og tydeleg språk. Beredskapskommunikasjon blir stadig viktigare, med krav om rask og presis informasjon. Større grad av innbyggjarinvolvering skal bidra til å byggja tillit og sikre truverdige og forstålege budskap.

Barn og unge

Beskriving av tenesteområde

Tenesteområdet barn og unge utgjør sjølve grunnmuren for barn og unge i Klepp. Her finn ein helsestasjon, barnehage, skule og SFO, saman med tenestene som kan hjelpe om eit barn og/eller familie med barn treng noko meir enn det grunntenestene kan gi. Dette er pedagogisk psykologisk teneste (PPT), fagteam barnehage, Klepp tverrfaglege team og barnevernstenesta. I tillegg til desse finn ein og kulturskulen innan området barn og unge.



Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhetsområde	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2024	2025	2025		
201-Stab barn og unge	1 305	10 118	9 595	523	5,2 %
202-Skular	328 447	341 424	344 044	-2 620	-0,8 %
203-Barnehagar	237 719	271 273	266 505	4 768	1,8 %
204-Oppvekst	90 257	98 391	101 062	-2 671	-2,7 %
Sum	657 729	721 206	721 206	0	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Tenesteområdet barn og unge har samla sett eit mindreforbruk på 647 000 kroner. Dette vart sett av til barn og unge sitt disposisjonsfond, som per 31.12.2025 har ein saldo på 3,4 mill. kroner. Sjølv om området totalt har mindreforbruk er det framleis nokon einingar i skule og oppvekst som har hatt utfordringar med å halda rammene i 2025.

Barnehagar

Barnehage hadde eit samla mindreforbruk på 4,8 mill. kroner.

- Barnehagesjefen sitt område har eit samla mindreforbruk på 3,2 mill. kroner og ei budsjettoppnåing på 96,5 %. Dette skuldast at Klepp kommune fekk meir enn budsjettert i refusjonar frå andre kommunar for barn som går i barnehage i Klepp. Tilsvarende vart utgiftene til nabokommunar høgare enn budsjettert. Utgiftene til tilskot og refusjon for administrasjonsordningar til private barnehagar vart lågare enn budsjettert.
- Barnehagane har levert eit samla mindreforbruk på om lag 500 000 kroner og ei budsjettoppnåing på 99,7 %. Dette viser god økonomistyring gjennom året, med kontroll på løn, vikarbruk og driftskostnader. Sektoren har arbeidd systematisk med samarbeid mellom barnehagane for å sikre balanse, gjennom tett dialog mellom styrarar, felles prioriteringar, koordinert ressursbruk og deling av gode løysingar. Dette har vore viktig for å halde totalramma.
- Fagteam barnehage har eit mindreforbruk på om lag 1,1 mill. kroner og ei budsjettoppnåing på 93,8%. Den viktigaste årsaka er lågare lønnskostnader enn budsjettert på grunn av langtidfråvær, kombinert med høgare inntekter enn budsjettert.

Oppvekst

Oppvekst hadde eit samla meirforbruk på 2,7 mill. kroner.

- Vaksenopplæring hadde eit meirforbruk på 2,5 mill. kroner. Dette gjeld Bryne kompetansesenter (BKS), som er eit interkommunalt samarbeid med Time kommune som vertskommune. BKS har gjennom fleire år hatt behov for å utvida tilbodet grunna fleire flyktingar frå Ukraina. Utover i 2025 endra dette seg, og BKS reduserte tal på tilsette frå hausten 2025. Kommunen får tilskot frå IMDI knytt til tal på flyktingar som kjem til kommunen, og desse inntektene har vore vesentleg lågare enn budsjettert i 2025. Forventningane oppvekst hadde då budsjettet for 2025 blei lagt har ikkje slått til, og det har vore manglande prognosar utover hausten 2025. Det er sett i gang arbeid for å få betre oversikt over inntekter og utgifter for området i 2026.
- Helsestasjonstenesta fekk meirforbruk på 564 000 kroner, som i stor grad er knytt til kostnader for skulehelsetenesta ved Vardheia skule, som tidlegare vart belasta på skule si ramme.
- Barnevernstenesta har lenge styrt mot eit budsjett i balanse, men fekk mot slutten av året nokre plasseringar som gjorde at eininga fekk eit meirforbruk på 1,2 mill. kroner.
- Klepp tverrfaglege team (KTT) har bevisst halde stillingar ledige og bidrar med mindreforbruk på 1 mill. kroner til eit budsjett i balanse for oppvekst. Dette har latt seg gjera då det er utfordrande å tilsetja i kortare vikariat i ei eining der stabilitet, relasjon og kontinuitet er viktig for brukarane.
- PPT enda om lag i balanse.
- Oppvekstsjefen sitt ansvar hadde mindreforbruk på 570 000 kroner.

Skular

Skuleområdet enda med eit samla meirforbruk på 2,6 mill. kroner. Trass høg innsats er det framleis eit meirforbruk i Kleppskulen. Kompetansen knytt til budsjettarbeid er styrka, og handlingsrommet i den einskilde skule vert i større grad nytta. Dette gir betre utnytting av ressursar.

- Skulane har samla sett eit meirforbruk på 300 000 kroner. Skulane har dei siste åra hatt eit større meirforbruk. Av den grunn er det sett i verk fleire tiltak og tett oppfølging, noko ein nå ser resultat av. Fleirtalet av skulane leverer eit rekneskap med mindreforbruk etter stram styring av bemanning, ledige stillingar og målretta reduksjon i bruk av vikarar. Høgare refusjonar frå IMDI og sjukefråværsrefusjonar er òg noko av forklaringa av eit redusert meirforbruk. Blant skulane er

det store variasjonar. Tre skular har større meirforbruk på mellom 950 000 og 1,8 mill. kroner og tre skular har større mindreforbruk over 500 000 kroner. Dei resterande har mindre mindreforbruk eller om lag balanse. Hovuddrivar hjå skulane med meirforbruk er oppgitt å vera elevbehov som ein ikkje hadde føresetnad til å føresjå. Dette er behov som har utløyst høg ressursbruk knytt til individuelt tilrettelagt opplæring, personleg assistanse og dels fysisk tilrettelegging og teknisk hjelpemiddel (opplæringslova §§ 11-6, 11-4 og 11-5). Budsjettramma for Vardheia ungdomsskule vart auka i 2025, og har vist seg å vera stor nok.

- Skulesjefen sitt område hadde meirforbruk på 2,2 mill. kroner, som er knytt til gjesteelevar i andre kommunar, kjøp av ekstern opplæringstilbud, samt høgare transportutgifter enn budsjettet.

Stab barn og unge

Stab barn og unge fekk eit mindreforbruk på 523 000 kroner. Det var mindreforbruk på kontantstøtte og meirforbruk på lønn.

Oppsummering tiltak

Nr.	Tiltak i skulesektoren	Årsrapportering
1	Handtering av overtaligheit av både pedagogisk personell og andre tilsette i skulen, med effekt frå august 2025.	Reduksjon i elevtal har medført at fleire skular måtte tilpassa bemanninga med å ikkje tilsetja nye medarbeidarar frå nytt skuleår 2025-26. Overtaligheit blei justert mellom skulane og tilsette med naturleg avgang blei ikkje erstatta. I tillegg er det brukt billegare vikarar. Tiltaket har hatt ein positiv effekt på å redusera meirforbruket. Ein ser at ein tiltaket har hatt effekt og mot slutten av året.
2	Økonomioppfølging i form av samlingar og individuelle møter med den enkelte skule.	Tettare oppfølging har ført til betre innsikt i økonomien, noko som igjen gir meir treffsikre avgjersler. Me held fram med samlingar og individuelle møter, og ekstra oppfølging av dei skulane som ligg an til meirforbruk. Økonomi har nå teke meir kontroll på tilgjengelege verktøy for rektorane.
3	Aktiv bruk av framskrivingsmodell for betre kontroll gjennom året, der fyrste halvår i skule er svært ulikt frå andre halvår.	Framskrivingsmodellen har gitt betre styringskontroll. Verktøyet gir betre oversikt på kostnader/inntekter mot den budsjetterte ramma. Nå er økonomiavdelinga eigar av modellen og den er betre sikra mot feilføringar. Ein vil derfor halda fram med opplæring/oppfølging i bruk av Framsikt som hovudverktøy i økonomioppfølginga.

Årsmelding 2025

4	Leirskule: er nå ute på anbod for betre avtale	I gjennomført anbudsprosess er det ingen av tilbodarane som kan levera ønska lengde på leirskuleopphaldet. Ein vil derfor ta ei ny vurdering på korleis handtera dette når ny skulesjef er på plass.
5	Reduksjon frå fire til tre klasser på eit trinn, med verknad frå august 2025	Ein skule har redusert med 1 klasse frå august 2025. Ved å redusera ein klasse har ein redusert med ein lærarstilling.
6	Samanslåing av små klassar	To av skulane har frå skuleåret 2025-26 slått saman 2 små klassar til ein større på kvar av desse skulane. Verknad frå august 2025, noko som har vist effekt.
7	Framskunda politisk sak om skulekrinsgrenser frå 2026 til hausten 2025	Dette vart ikkje gjennomført hausten 2025. Ei endring i skulekrinsgrenser vil i utgangspunktet balansera kapasiteten mellom skulane, men ikkje nødvendigvis slå direkte ut på økonomien. Dette vil vere naturleg å sjå på i samband med førebuinga av rehabilitering av Orstad skule.
8	Arbeid med å redusera vedtak om individuelt tilpassa opplæring (ITO) til 4% innan 2028	Dette er eit langsiktig tiltak som vil gjera at me får brukt ressursane betre/meir effektivt og på den måte få retta større søkelys mot fellesskapet (frå individ til fellesskap). Her er praksis ulik frå skule til skule. Ein vil arbeida mot meir lik praksis i 2026.
9	I Jærskulesamarbeidet utgreia nærare korleis ny opplæringslov kan støtta overgang frå individfokus til fellesskap	Dette er et langsiktig tiltak som det kontinuerleg vert arbeida med i Jærskulen-samarbeidet. Gjennom Jærskulen har me fått støtte til å arbeida med ny opplæringslov. Dette er ei tilleggsbevilling som for Klepp utgjer om lag 100 000 kroner. Pengene vert forvalta av Hå kommune for Jærskulesamarbeidet og vert brukt til å gjennomføra skuleleiarssamlinger der ein har som mål å auka kompetanse og forståing av ny opplæringslov og kva det betyr i praksis.

Slik gjekk det

Tenesteområdet barn og unge står i ei utvikling som krev både omstilling og målretta innsats. Barnetala er relativt stabile, og økonomiske rammer og nasjonale forventningar legg press på prioriteringar mellom sektorane. Rekruttering har vore ei utfordring særleg innan barnehage, der tilgang på pedagogisk kompetanse er knapp. Dette gjer det viktig å ytterligare styrka Klepp som arbeidsgivar, vidareutvikla fagmiljøa og sikra gode arbeidsmiljø og kompetanseheving i einingane.

Gjennom året har arbeidet med tidleg innsats og tverrfagleg samhandling vore sentralt. Kleppmodellen er revidert, og rettleiing av leiarar innan ressurstema er sett i gang. Modellen er godt kjend i tenestane,

og me arbeider vidare med å integrera han endå betre i dagleg praksis. Oppvekstreforma har òg vore eit viktig område, der grenseoppgangar mellom tenester og tenesteområde er tydeleggjorde for å sikre meir heilskaplege og samordna tenester.

Satsinga på “Dei 1000 første dagane” er vidareutvikla. Oppstart av «God start» har auka samhandlinga frå svangerskap til barnehage og gitt meir samanhengande individuell oppfølging av små barn og familiar. Foreldrekveldane er reviderte for å gi betre støtte og meir relevant innhald for foreldre, og vurderingar av «Barns beste» blir nytta i større grad som grunnlag for felles faglege vurderingar.

Det tverrfaglege samarbeidet er betre både internt og i samspel med frivillige, organisasjonar og næringsliv. Slik byggjer me robuste nettverk rundt barn og unge. Leiarutvikling har vore eit prioritert område gjennom satsinga «Heilskapleg leiing av tverrfaglege tenester», som gir leiarane betre verktøy for å styrka kvalitet, samhandling og utviklingsarbeid i tenestene.

Samla sett ser me gode resultat samanlikna med tidlegare år. Det tverrfaglege samarbeidet er meir strukturert og føreseieleg, og tenestene har i stor grad klart å gjennomføre planlagde tiltak. Me står dermed med eit solid fundament for vidare utvikling, sjølv om økonomiske rammevilkår og kompetansebehov framleis krev tydelege prioriteringar og kontinuerleg innsats for å sikra berekraftige og gode tenester for barn og unge i kommunen.

Status politiske vedtak

Vedtak Kommunestyret

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Kommunestyret ber om at kvalitetsplan barn og unge blir revidert i 2025	Vetak/protokoll: Politiske møte og saksdokument - Møter - Kommunestyret (11.11.2024)	Forseinka	Oppdraget er noko forseinka. Planen blir klar for politisk behandling innan tidleg haust 2026.
Skulebruksplan		Ferdig	Skulebruksplan vart revidert i 2025, planen vart lagt fram til politisk behandling og vedtatt i sak 91/25 i kommunestyret 15.12.2025.

Status oppdrag

Planoppfølging

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Gjennom proaktive tiltak og støtte skal me redusera behovet for spesialundervisning og styrka		Ikke startet	Barnehagane har etablert rutinar for kompetanseheving i pedagogiske verktøy for å støtte barns utvikling. Skule og PPT har arbeid for forståing og praktisk bruk av nytt lovverk. PPT er aktivt til stades i både barnehagar og skular og

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
	læringsopplevinga til barnehagebarna og elevane		bidreg til organisasjonsutvikling etter behov. Samstundes er det framleis noko variasjon i oppfølging og tilrettelegging for elevane mellom skulane.
	Me nyttar aktivt lovverk, handlingsplanar og rutinar for å fremma, førebygga, avdekka og handtera mobbing og krenkingar		Arbeidet mot mobbing og krenkingar er styrka gjennom eit tydeleg rammeverk. Det er solid kompetanse på lovverket hos leiarane. Lovverk, planar og rutinar blir aktivt brukt i det daglege for å sikre trygg og korrekt handtering av saker.
	Me sikrar at stemma til barnet alltid vert tatt med i avgjersler som omhandlar barnet, og at vurderingane vert dokumentert		Det er gjennomført felles opplæring i vurdering av barnet beste. Barnets beste blir og ivaretatt i Kleppmodellen, samtidig inneheld malar ei sikring av barnet stemme.
	Me skal vera ein attraktiv arbeidsgivar som trekk til seg søkarar med rett kompetanse		Det er krevjande å rekruttera i barnehagesektoren grunna eit stramt arbeidsmarknad, og arbeidet er derfor retta mot å behalda medarbeidarar og sikra høgt nærvær. I skulen er situasjonen meir positiv, men ein markant auke i talet på søknadar til lærarstillingar for 2026. Det vil truleg gjera det enklare å rekruttera lærarar med rett kompetanse.
	Operativt nivå SLT er aktive på foreldrekveldar og anna arbeid med foreldremobilisering		Operativt nivå i SLT deltek årleg på to opne foreldrekveldar i kommunen. Her bidreg dei både med kunnskapsformidling frå scena og med egne stander som gir rom for uformell dialog, spørsmål og informasjon om førebyggjande arbeid og tidleg innsats. Desse møteplassane gjer det mogleg å nå ei brei foreldregruppe og byggja felles forståing kring risikoar og beskyttelsesfaktorar i oppvekstmiljøet. Foreldremobilisering skjer òg i all innsats på operativt nivå, både i skule, barnehage og oppvekstområdet. Når bekymringar oppstår knytt til barn og ungdom, blir foreldre aktivt involverte i arbeidet etter Kleppmodellen. Dette inneber tidleg kontakt, tett samarbeid og medverknad i val og gjennomføring av tiltak kring barnet. Slik blir foreldre ein sentral ressurs i den førebyggjande innsatsen, både på systemnivå og i konkrete saker.

Administrativt oppdrag

Årsmelding 2025

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Politisk sak Rammeplan for kulturskulen		Ferdig	Saka blei behandla i kommunestyret desember 2025.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,57 %	6,64 %	9,21 %
Årleg sjukefråvær 2022	2,68 %	5,39 %	8,07 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,19 %	4,47 %	6,66 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,01 %	5,52 %	7,53 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,20 %	5,84 %	8,04 %

Status sjukefråvær og HMS

Det er store variasjonar i sjukefråværet mellom einingane, men eit gjennomgåande trekk er at korttidsfråværet er lågt, medan langtidsfråværet står for dei største utslaga. Langtidsfråværet handlar i stor grad om forhold som graviditet, alvorleg sjukdom og operasjonar, og er difor ofte lite påverkeleg gjennom ordinære tiltak. Samtidig viser fleire einingar ei positiv utvikling mot slutten av året, noko som tyder på at systematisk arbeidsmiljøarbeid, tett oppfølging og gode rutinar for nærvær kan bidra til reduksjon i fråværet.

Barnehagane skil seg ut med ein klar reduksjon frå 2024 (9,2%) til 2025 (7,9), og med det eit sjukefråvær som er godt innanfor sektornormalen. Forbetringa samsvarer med dei gode resultatane i 10-faktor-kartlegginga i 2025, og utviklinga er særleg synleg i 4. kvartal 2025, der fleire einingar har markant lågare langtidsfråvær enn tidlegare i året. Dette tyder på at systematisk oppfølging og arbeidsmiljøarbeid har gitt effekt.

Oppvekst har samla sett eit lågt korttidsfråvær, og store variasjonar i langtidsfråværet (variasjonar mellom 0,7% og 14%). Langtidsfråværet er i hovudsak knytt til graviditet, alvorlege sjukdommar og operasjonar.

I skulesektoren er det variasjonar, men fleire felles trekk går att. Langtidsfråvær er den viktigaste årsaka til fråvær i dei fleste einingar, medan korttidsfråværet generelt er lågt. Enkelte skular har hatt særlege utfordringar med høgt fråvær i desember, medan ein skule skil seg ut med gjennomgåande høgt sjukefråvær heile året. Andre skular har hatt ei positiv utvikling der sjukefråværet har vore stabilt eller er redusert.

Samla sett er sjukefråværet i skulesektoren prega av at langtidsfråvær gjev størst utslag, medan HMS-arbeid, tett oppfølging og god organisering ser ut til å bidra positivt der utviklinga er betre.

Sjukefråvær per månad

Årsmelding 2025

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Korttid	Stab barn og unge	6,16 %	5,15 %	4,00 %	6,44 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	2,07 %	1,23 %	1,87 %	2,08 %
Langtid	Stab barn og unge	17,87 %	15,35 %	19,15 %	17,85 %	17,48 %	17,48 %	13,98 %	10,76 %	7,77 %	7,77 %	7,77 %	7,77 %	12,70 %	2,11 %
Samla	Stab barn og unge	24,04 %	20,50 %	23,15 %	24,29 %	17,48 %	17,48 %	13,98 %	10,76 %	7,77 %	7,77 %	9,84 %	9,01 %	14,57 %	4,18 %
Korttid	Skular	3,12 %	2,90 %	2,53 %	1,67 %	2,01 %	1,77 %	0,03 %	1,21 %	3,47 %	1,85 %	2,75 %	1,98 %	2,10 %	1,69 %
Langtid	Skular	4,17 %	5,15 %	6,25 %	6,53 %	6,60 %	5,78 %	4,27 %	3,98 %	5,07 %	6,24 %	6,79 %	7,78 %	5,68 %	4,61 %
Samla	Skular	7,29 %	8,05 %	8,78 %	8,20 %	8,61 %	7,54 %	4,30 %	5,18 %	8,54 %	8,09 %	9,54 %	9,76 %	7,78 %	6,31 %
Korttid	Barnehagar	3,58 %	3,70 %	3,49 %	2,39 %	2,45 %	1,95 %	0,73 %	1,18 %	2,34 %	2,10 %	2,89 %	2,25 %	2,41 %	2,51 %
Langtid	Barnehagar	6,86 %	7,23 %	5,52 %	5,86 %	5,98 %	5,78 %	3,77 %	3,51 %	3,55 %	4,72 %	6,81 %	7,15 %	5,53 %	6,65 %
Samla	Barnehagar	10,44 %	10,93 %	9,01 %	8,26 %	8,43 %	7,72 %	4,50 %	4,68 %	5,89 %	6,82 %	9,70 %	9,41 %	7,94 %	9,16 %
Korttid	Oppvekst	2,56 %	4,08 %	2,44 %	1,99 %	1,46 %	1,44 %	0,85 %	1,24 %	2,44 %	1,11 %	2,51 %	2,62 %	2,03 %	1,99 %
Langtid	Oppvekst	2,66 %	3,89 %	7,84 %	6,89 %	8,88 %	8,33 %	6,98 %	7,78 %	10,29 %	9,89 %	5,81 %	5,35 %	7,10 %	7,04 %
Samla	Oppvekst	5,22 %	7,97 %	10,28 %	8,87 %	10,34 %	9,77 %	7,83 %	9,02 %	12,73 %	10,99 %	8,32 %	7,96 %	9,14 %	9,02 %
Korttid	Sum sjukefråvær	3,25 %	3,31 %	2,86 %	1,99 %	2,09 %	1,78 %	0,35 %	1,19 %	2,94 %	1,84 %	2,77 %	2,13 %	2,20 %	2,01 %
Langtid	Sum sjukefråvær	5,07 %	5,84 %	6,27 %	6,44 %	6,71 %	6,14 %	4,46 %	4,27 %	5,11 %	6,10 %	6,71 %	7,31 %	5,84 %	5,52 %
Samla	Sum sjukefråvær	8,32 %	9,14 %	9,13 %	8,42 %	8,80 %	7,91 %	4,80 %	5,46 %	8,05 %	7,94 %	9,48 %	9,44 %	8,04 %	7,53 %

Kostraanalyse

Viktige indikatorar er kommentert under kvar tabell.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Grunnskole

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til grunnskole (202), per innbygger 6-15 år *) **)	121 941	128 453	120 710	114 225	112 682	123 455
Produktivitet						
Korrigerte brutto driftsutgifter til grunnskolesektor (202, 215, 222, 223), per elev *)	168 866,9	176 450,0	145 440,3	165 618,0	152 401,6	171 726,5
Dekningsgrad						
Andel elever i grunnskolen som får spesialundervisning (B)	7,1 %	6,3 %	4,8 %	7,5 %	7,5 %	7,2 %
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer totalt (B)	11,8 %	13,9 %	14,4 %	14,9 %	16,1 %	17,0 %
Kvalitet						

Årsmelding 2025

Gjennomsnittlig grunnskolepoeng (antall)	41,4	41,5	41,8	41,9	43,0	41,4
Gjennomsnittlig gruppestørrelse, 1.-10. årstrinn	13,2	12,9	13,4	13,6	13,3	13,1
Skolebidrag 1.-4. trinn (offentlige skoler)	-0,8	-1,7	0,4	-0,6	1,2	
Skolebidrag 5.-7. trinn (offentlige skoler)	0,0	0,4	-0,1	-0,4	1,0	
Skolebidrag 8.-10. trinn (offentlige skoler)	-1,6	-1,2	-0,9	-2,5	-1,0	
Levekår						
Utgiftsbehov - Grunnskole	1,161	1,146	1,156	1,245	1,365	1,078
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
1.-4. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	13,8	13,7	13,4	14,3	13,7	13,8
5.-7. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	15,2	15,8	16,2	16,4	16,4	16,4
8.-10. trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	16,5	16,4	16,7	17,4	19,1	18,2
Antall elever i kommunale grunnskoler	2 539	2 465	2 788	2 566	1 903	67 785
Elever alle trinn Gruppestørrelse 2 (antall)	15,0	15,1	15,4	15,8	16,1	15,9

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter til grunnskulen i Klepp kommune har auka med 9 706 kroner per elev frå 2022 til 2025, noko som svarer til ein auke på 8,2 %. I perioden 2023 til 2024 vart kostnaden likevel redusert med 4 318 kroner per elev, tilsvarende ein nedgang på 3,4 %. Klepp kommune hadde dei høgaste kostnadene per elev i 2025, med 128 453 kroner. Dette er 15 771 kroner meir enn Gjesdal kommune, som hadde dei lågaste kostnadene, 7 743 kroner meir enn Time kommune, 14 228 kroner meir enn Hå kommune, og 4 998 kroner meir enn gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 7. Kva som blir ført på grunnopplæring i skule i dei ulike kommunane kan variera. Det er viktig å sjå bak tala for å finna ut kva det er som gjer at kostnaden per elev i Klepp er høgare enn dei som me samaliknar oss med.

Delen elevar i grunnskulen som får vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring jf. oppl.lov [§ 11-6](#) i Klepp kommune har gått ned med 1,3 prosentpoeng frå 2022 til 2025. I 2025 ligg delen i Klepp lågare enn i Hå og Gjesdal, samt i KOSTRA-gruppe 7, medan Time kommune har den lågaste delen av elevar med vedtak etter § 11-6.

Kleppskulen arbeider med å dreia ressursane frå individuell tilrettelegging til auka tilrettelegging i det ordinære opplæringstilbodet. Dette kan delvis forklara reduksjonen i talet på elevar med vedtak etter § 11-6. Med ny opplæringslov har pedagogisk-psykologisk teneste (PPT) fått eit tydelegare mandat om å støtta skulane i å tilpassa opplæringa innanfor det ordinære opplæringstilbodet, noko som truleg har bidratt til at fleire elevar blir inkluderte i fellesskapet. Færre elevar med individuelle vedtak kan gi skulane større handlingsrom og moglegheit til å bruka ressursar til å gi den nødvendige tilrettelegginga som ein naturleg del av den ordinære opplæringa.

Delen timar brukt til individuelt tilrettelagt opplæring av totalt tal lærartimar i Klepp kommune gjekk ned frå 16,2 % i 2022 til 13,9 % i 2025, ein reduksjon på 2,3 prosentpoeng. I løpet av perioden var det variasjon, med lågaste del i 2024 på 11,8 %. Delen i 2025 er lågast i Klepp blant samanlikningskommunane, og ligg 1 prosentpoeng lågare enn Hå, 0,5 prosentpoeng lågare enn Time,

2,2 prosentpoeng lågare enn Gjesdal, og 3,1 prosentpoeng lågare enn gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 7.

Gjennomsnittlege grunnskulepoeng i Klepp har vore relativt stabile frå 2022 til 2025, med ein liten reduksjon i 2024 før ein svak auke i 2025. Klepp ligg under Time og Hå, medan Gjesdal har klart høgast poengscore i perioden.

Gjennomsnittleg gruppestorleik i Klepp kommune har gått frå 12,6 elevar i 2022 til 12,9 i 2025, med ein liten nedgang til 12,5 i 2023 og ein topp på 13,2 i 2024. I 2025 har Klepp lågast gjennomsnittleg gruppestorleik blant samanlikningskommunane, og ligg 0,5 elevar lågare enn Time, 0,7 lågare enn Hå, 0,4 lågare enn Gjesdal, og 0,2 elevar lågare enn gjennomsnittet for KOSTRA-gruppe 7. Dette kan ha fleire grunnar, mellom anna språkdelling jf. [§ 3-1](#) i opplæringslova.

Lærarnorma (bemanning norm i skulane) regulerer kor høg lærartettleiken totalt sett på ein skule skal vera på hovudtrinna, det vil seia for 1.-4.trinn, 5.-7.trinn og 8.-10.trinn. Det er det samla talet elevar på kvart av hovudtrinna på den einskilde skule som avgjer kor mange lærarar som trengst for å oppfylle norma. Lærarnorma regulerer berre ressursane i den ordinære undervisninga. Ressursar til individuell tilrettelegging av opplæringa jf. kap. 11 i opplæringslova og særskilt norskopplæring jf. oppl.lov [§ 3-6](#) kjem i tillegg.

Talet på elevar per lærar i den einskilde klasse er noko anna enn lærarnorma. At kommunen har eit ansvar for at skulen samla sett har tilstrekkeleg lærardekking, betyr ikkje nødvendigvis at det skal vera éin lærar per eit bestemt tal elevar i kvar klasse til kvar tid. Det er tillate med klassar opp mot 28 elevar på barnetrinnet og 30 elevar på ungdomstrinnet. Undervisninga kan organiserast slik kommunen meiner er mest formålstenleg, så lenge det vert gjort i tråd med nasjonale normer og regelverk.

I perioden 2022–2025 har talet på elevar i dei kommunale grunnskulane i Klepp gått ned frå 2 612 til 2 465, ein reduksjon på 147 elevar, tilsvarande 5,6 %. Samanlikna med dei andre kommunane har Gjesdal det lågaste elevtalet med 1 903 elevar i 2025, medan Time har det høgaste med 2 788 elevar. Hå ligg mellom desse med 2 566 elevar. Reduksjon i elevtal er relativt jamn i Klepp, og prosentvis større enn i Time, men mindre enn i Hå. Tala inkluderer ikkje Kleppelevar ved Vardheia ungdomsskule.

Kostra-analyse - Barnevern

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger 0-17 år, barnevernstjenesten (B) *) **)	10 958	11 100	15 000	13 536	16 021	16 643
Produktivitet						
Andel netto driftsutgifter til saksbehandling (funksjon 244) (B)	39,2 %	43,4 %	26,4 %	31,7 %	37,6 %	35,5 %
Andel undersøkelser med behandlingstid innen 3 måneder	94,0 %	90,0 %	90,0 %	97,0 %	91,0 %	90,0 %
Brutto driftsutgifter per barn som er plassert av barnevernet (f. 252) *)	517 474	497 581	852 700	738 352	855 393	728 858
Brutto driftsutgifter per barn som ikke er plassert av barnevernet (funksjon 251) *)	71 853	67 217	56 039	36 965	63 073	72 316
Dekningsgrad						
0-17 år Tiltak i alt andel barn med barnevernstiltak per 31.12. (prosent)	1,8 %	1,4 %	1,9 %	2,6 %	2,4 %	2,3 %

Årsmelding 2025

Barn med melding ift. antall innbyggere 0-17 år	4,8 %	4,6 %	3,2 %	4,1 %	3,0 %	4,2 %
Kvalitet						
Stillinger med fagutdanning per 1 000 barn 0-17 år (B)	4,0	4,4	3,8	4,5	5,0	5,1
Levekår						
Utgiftsbehov - Barnevern	1,045	0,943	0,888	1,039	0,945	0,980

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Netto driftsutgifter i barnevernstenesta, målt per innbyggjar i alderen 0–17 år, har auka med 1 480 kroner i perioden 2022 til 2025. Dette tilsvara ein vekst på 15,4 %. Sett opp mot samanlikningskommunar har Klepp dei lågaste utgiftene i 2025. Utgiftene per innbyggjar er 3 900 kroner lågare enn i Time, 2 436 kroner lågare enn i Hå, 4 921 kroner lågare enn i Gjesdal og 5 543 kroner lågare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7. Når ein samanliknar med dei andre kommunane i tabellen, har Gjesdal høgaste utgifter. Sjølv om utgiftene i Klepp har auka i perioden, ligg nivået framleis vesentleg lågare enn dei kommunane me samanliknar med.

Delen av netto driftsutgifter til saksbehandling i Klepp har auka frå 37,7 % i 2022 til 43,4 % i 2025, ein vekst på 5,7 prosentpoeng. Etter ein mindre reduksjon i 2023 har delen auka tydeleg dei to siste åra. Nivået i 2025 er det høgaste i perioden. I 2025 er delen klart høgare enn i Time, Hå og Gjesdal, og tydeleg over nivået i KOSTRA-gruppe 7. Den aukande delen til saksbehandling tyder på at ein større del av ressursane går til administrasjon og oppfølging. Klepp kommune har dei siste åra valt å satsa på å bygga ei robust leiing i tenesta for å sikra høg kvalitet, stabilitet og kontinuitet for barn, familiar og tilsette.

Brutto driftsutgifter per barn plassert av barnevernet har auka med 150 805 kroner frå 2022 til 2025, tilsvara ein vekst på 43,5 %. Dette er tilnærma ei dobling samanlikna med nivået i 2022. Kostnaden per barn var høgast i Klepp i 2024, med 517 474 kroner. Til tross for auken ligg Klepp framleis lågare enn samanlikningskommunane og KOSTRA-gruppe 7. Utgiftene per barn i Klepp er 355 119 kroner lågare enn i Time, 240 771 kroner lågare enn i Hå, 357 812 kroner lågare enn i Gjesdal, og 231 277 kroner lågare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7. Dette kan blant anna skuldast høgare bruk av nettverksplasseringar, kortare plasseringar og færre plasserte barn.

Brutto driftsutgifter per barn som ikkje er plassert av barnevernet har gått ned med 14 528 kroner, tilsvara ein reduksjon på 17,8 %. Kostnaden per ikkje-plassert barn i Klepp var høgast i 2023, med 107 178 kroner. Blant samanlikningskommunane har Klepp høgaste kostnad i 2025, men nivået ligg framleis lågare enn gjennomsnittet i KOSTRA-gruppe 7. Dette skuldast mellom anna sterk reduksjon i kjøp av tenester frå private tiltak i heimen. Kommunen nyttar interkommunal tiltaksavdeling, drifta av Time kommune, og statlege tiltak.

Delen av barn i Klepp kommune i alderen 0–17 år med melding til barnevernet, har auka med 0,6 prosentpoeng frå 2022 til 2025. I 2025 hadde Klepp høgaste del innmelde bekymringar blant samanlikningskommunane og KOSTRA-gruppe 7.

Kostra-analyse - Barnehage

Årsmelding 2025

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter per innbygger 1-5 år i kroner, barnehager (B) *) **)	208 624	220 484	222 640	233 960	254 253	238 269
Produktivitet						
Barn i barnehage (antall)	1 242	1 252	1 110	1 106	701	28 327
Kommune Grunnbemanning	38,9 %	41,8 %	45,1 %	36,1 %	38,5 %	43,2 %
Barnehagelærer Andel årsverk fordelt på utdanningsbakgrunn (prosent)						
Korrigerte brutto driftsutgifter til kommunale barnehager per korrigert oppholdstime (kr) *)	89,2	94,9	101,9	101,8	106,6	99,8
Kvalitet						
Leke- og oppholdsareal per barn i barnehage (m2) (B)	4,8	4,9	5,2	5,0	6,2	5,8
Økonomi						
Korrigerte brutto driftsutgifter (211) styrket tilbud til førskolebarn	19 832	21 864	18 469	29 354	22 828	482 660
Levekår						
Utgiftsbehov - Barnehage	1,179	1,234	1,156	1,196	1,243	1,014

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Barnehagesektoren i Klepp framstår i 2025 som både kostnadseffektiv og stabil. Samanlikna med Time, Hå, Gjesdal og KOSTRA-gruppe 07 ligg Klepp gjennomgåande lågare i kostnader. Når det gjeld prioritering, viser tala at Klepp har dei lågaste netto driftsutgiftene per innbyggjar i alderen 1–5 år. I 2025 brukar kommunen 220 484 kroner per barn, noko som er 18 000–34 000 kroner mindre enn både Time (222 640 kr), Hå (233 960 kr) og Gjesdal (254 253 kr). Dette viser at Klepp driv barnehagesektoren på eit kostnadsnivå som ligg klart under samanlikningsgrunnlaget, noko som understrekar ei effektiv drift.

Produktiviteten i sektoren er god. Klepp har 1 252 barn i barnehage, noko som gir stordriftsfordelar samanlikna med mindre kommunar. Kostnaden per korrigert oppholdstime er og lågast i samanlikningsgrunnlaget, med 94,9 kroner, mot 101,9 kroner i Time, 101,8 kroner i Hå og 106,6 kroner i Gjesdal.

Andelen barnehagelærarar aukar frå 38,9 % til 41,8 %, noko som er ei positiv utvikling. Likevel ligg Klepp framleis under både Time (45,1 %) og kommunegruppa (43,2 %), noko som viser at kommunen er på rett veg, men framleis har eit forbetningspotensial innan pedagogisk bemanning.

Klepp har det lågaste leike- og oppholdsarealet per barn i samanlikninga, med 4,9 m² per barn, mot 5,2 m² i Time, 5,0 m² i Hå og 6,2 m² i Gjesdal. Dette viser at barnehagebygga er tett og effektivt utnytta. Dersom barnetalet aukar vidare, kan det likevel bli behov for investeringar i bygg eller utvidingar for å sikra god kapasitet framover.

Når det gjeld økonomien i det styrka tilbodet (tiltak for barn med særskilde behov), ligg Klepp midt i

feltet. Kostnadene aukar frå 19 832 kroner i 2024 til 21 864 kroner i 2025, noko som er lågare enn i Hå (29 354 kr), men høgare enn i Time (18 469 kr). I 2025 hadde barnehagane fleire barn med utsett skulestart, noko som påverkar tala. Dette tyder på ei balansert og behovsretta innsats utan store avvik.

Samla sett framstår Klepp som ein kommune som driv barnehagesektoren svært effektivt, med låge kostnader og god ressursutnytting. Samstundes viser analysen at kommunen ligg lågt på enkelte kvalitetsindikatorar, særleg areal per barn og pedagogisk bemanning. Desse forholda kan bli meir krevjande dersom barnetalet aukar eller krava til kvalitet blir skjerpa. Klepp har eit godt utgangspunkt, men må arbeida for berekraft i framtida og vurdera behovet for strategiske investeringar for å sikra kvaliteten i sektoren framover.

Slik ser me framtida

Me ser fram mot ei tid der samanheng, tidleg innsats og eit meir systematisk samarbeid på tvers av einingar utgjer ei styrking av oppveksttenestene i kommunen. For å lykkast må me arbeida endå meir målretta og samordna for å skapa gode vilkår for utvikling og læring for barn og unge. Kartleggingar og erfaringar viser at me framleis har eit stort potensial for å styrkja arbeidet med språk og kommunikasjon. I åra som kjem vil me difor arbeida meir systematisk med språkstimulering og språkleg utvikling i eit tettare samarbeid mellom helsestasjon, barnehage, skule og bibliotek. Målet er tidleg identifisering av behov, felles forståing av utfordringar, meir treffsikre tiltak, og betre progresjon for det enkelte barnet.

Frå våren 2026 blir den kommunale fritidsklubben organisert under tenesteområdet barn og unge. Denne endringa legg grunnlag for ei styrka tverrfagleg samhandling rundt ungdom i kommunen og gir nye moglegheiter for å kopla miljøarbeid, førebygging, oppfølging og fritidstilbod tettare saman. Samstundes vil omorganiseringa krevja tydelege strukturar for samarbeid, gode rutinar og avklarte roller for å sikra at tenestene utfyller kvarandre og ikkje skaper overlapp eller nye barrierar.

Kommunen har dei siste åra sett i gang fleire utviklingsprosjekt som alle peiker i same retning og støttar opp om felles mål. Dette gjeld mellom anna arbeid med å styrka oppdagarkompetanse, satsinga på trygt og godt oppvekstmiljø i barnehagar og skular, og andre regionale og lokale initiativ. Framover ønskjer me å knyta desse prosjekta tettare saman og sikra at dei blir del av ein felles struktur. Målet er betre koordinering, auka kompetansedeling og varige faglege fundament som gjer oss betre rusta til å gi barn og unge eit heilskapleg og samordna tilbod.

Målet er ein oppvekstsektor der alle tenester arbeider i same retning, med tydelige prioriteringar og felles mål om trygge miljø, tidleg innsats, betre språkleg og sosial utvikling og god oppfølging av ungdom. Med tverrfagleg samarbeid, systematisk kvalitetsutvikling og robuste fagmiljø skal me leggja til rette for at alle barn og unge får gode moglegheiter til å lykkast og kjenner tilhørse i lokalsamfunnet.


Helse og velferd

Beskriving av tenesteområde

Tjenesteområdet helse og velferd omfattar fleire verksemder som saman sørgjer for at innbyggerane får nødvendige helse- og omsorgstenester. Heimetenesta og legevakta gir hjelp og behandling til dei som bur heime, og har i tillegg ansvar for demenskoordinator, aktivitetssenter for heimebuande og demenslag. Miljøtenesta gir støtte og oppfølging til personar med funksjonsnedsettingar eller utviklingshemming, og har òg ansvaret for støttekontaktordninga for barn og unge.

Meistring og samordning arbeider innan psykisk helse og rus, rehabilitering og friskliv, og omfattar også tenestekontoret som behandlar søknader og samordnar tenester på tvers av verksemdene. Institusjonstenesta består av Kleppheimen, Sirkelen og kjøkkentenesta, og har etablert eit eige kompetansesenter for demens. Her blir det gitt korttidsopphald, avlasting, vekselopphald og langtidsopphald.

NAV Klepp-Time er eit samarbeid mellom staten og kommunane Klepp og Time. Den kommunale delen behandlar søknader etter lov om sosiale tenester i arbeids- og velferdsforvaltninga, tilbyr kvalifiseringsprogram og gir gjeldsrådgiving. Kvar verksemd innan område helse og velferd har fleire underavdelingar som bidreg til å gi eit heilskapleg og samordna tilbod til innbyggerane.



Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhetsområde

Virksomhetsområde	Rekneskap	Rev. bud.	Rekneskap	Avvik i kr	Avvik i %
	2024	2025	2025		
301-Stab helse og velferd	43 211	58 281	51 562	6 719	11,5 %
303-Heimeteneste	87 713	94 834	100 477	-5 643	-6,0 %
304-Miljøteneste	124 600	128 359	130 529	-2 170	-1,7 %

Virksomhetsområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
305-Meistring og samordning	85 470	92 636	95 983	-3 347	-3,6 %
306-Institusjonsteneste	103 541	112 123	110 073	2 050	1,8 %
307-Nav	27 317	30 479	28 088	2 391	7,8 %
Sum	471 852	516 712	516 712	0	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Som varsla i rapporten for 2. tertial fekk helse og velferd eit positivt resultat i 2025. Ved utgangen av året hadde tenesteområdet eit mindreforbruk på 5,4 mill. kroner, som er sett av på disposisjonsfond. Saldo på tenesteområdet sitt disposisjonsfond er 5,4 mill. kroner. Sjølv om totalresultatet er positivt, har fleire einingar relativt store meirforbruk, og behov for ekstra oppfølging.

Stab helse og velferd

I stab helse og velferd ligg framleis ufordelte midlar frå økonomiplanen, slik at me har rom for auka behov og uventa kostnader i 2026. Legetenestene har hatt meirutgifter til ny fastlege, og lågare inntekter frå LIS 1-stillingane er dekte inn gjennom midlar til statlege satsingar.

Heimeteneste og legevakt

Heimeteneste og legevakt fekk eit meirforbruk på 5,6 mill. kroner. Auka løns-, vikar- og overtidskostnader er hovudårsaka. Meirforbruk på fastløn kjem av målretta arbeid for å styrkja heiltidskulturen gjennom tilsetjing i 100 % faste stillingar og behov for å sikra nødvendig bemanning i ein periode med krevjande rekrutteringssituasjon. Meirforbruket skuldast og fleire svangerskapspermisjon, der arbeidsgivar berre får refundert 80 % av kostnadene. Dette utgjer om lag 800 000 kroner. Trass i at vedtakstimar blei redusert frå eit snitt på 1455 timar i første tertial til 1348 resten av året, og det er ein nedgang samanlikna med året før på 40 timar per veke, klarte me ikkje å redusera ressursbruken tilsvarande. Det har vore auke i talet på unike brukarar i heimetenesta med eit lågare tal på vedtakstimar, som gir større behov for oppfølging, administrativ handtering, køyretid og koordinering enn tidlegare.

Vedtakstimane varierer òg betydeleg gjennom året, og tenesta må difor ha ei grunnbemanning som kan handtere desse svingingane. I tillegg har fleire oppdrag hatt behov for to tilsette av omsyn til HMS. Dette gjer at ressursbruken per oppdrag aukar, sjølv om vedtakstimane totalt sett går ned. Det har òg vore periodar der vi har hatt fleire brukarar som ønskjer heimedød. Slike situasjonar krev ofte ekstra innleie utover grunnbemanninga, både for å sikra kontinuitet og for å ivareta fagleg forsvarleg drift.

Legevakta har hatt meirforbruk grunna bemanningsnorm og vikarbruk ved sjukefråvær, kostnader til avansert hjartestartar og leige av bil under reparasjon.

Miljøteneste

Miljøtenesta har eit meirforbruk på 2,1 mill. kroner i 2025, hovudsakleg brukt til vikarar og innleige av spesialkompetanse. Barne- og avlastingsbustaden hadde auke i vedtakstimar og måtte leiga inn meir personell. Samstundes har andre avdelingar i miljøteneste reduserte vedtakstimer, i snitt er vedtakstimane gått ned med 251 timar i veka samanlikna med året før. Ein av grunnane til reduksjonen i vedtakstimar er at brukarar har gått over til BPA (brukarstyrt personleg assistanse), og miljøtenesta har derfor redusert lønskostnader med 1,8 mill. kroner. Personalet følgjer ikkje automatisk med over i BPA-ordninga, og dei tilsette blei omdisponert til andre ledige stillingar. Det kan ta noko tid før me ser resultat av desse endringane.

Meistring og samordning

Meirforbruket på om lag 3,3 mill. kroner kjem av nye BPA-vedtak, kjøp av ressurskrevjande tenester for 2 mill. kroner til ein innbyggjar med behov og tapte inntekter då bassenget var stengt. Tenestekontoret har hatt eit skifte av nøkkelpersonar som gav ekstra lønnskostnader, men var nødvendig for å sikra forsvarleg drift. Psykisk helse og rus har totalt sett eit mindreforbruk.

Institusjon

Institusjon har om lag 2 mill. kroner i mindreforbruk, hovudsakleg takka vere mindreforbruk på kjøkkenet. Trass i eit belegg på 85 % er det eit meirforbruk på lønn i alle sjukeheimsavdelingane. Stort fokus på heiltidskultur og rekrutteringsutfordringar har medført at det har blitt tilsett i 100%-stillingar, noko som gir meirforbruk på fastløn. Meirforbruket skuldast og fleire svangerskapspermisjonar i år, der arbeidsgivar berre får refundert 80 % av kostnadene. For institusjon utgjer om lag 1,3 mill kroner. Det har vore behov for å ta inn vikarar og brukt overtid/innleige ved fødselspermisjonar og sjukefråvær sjølv om 15% av sengene har vore ledige. Det er fleire grunnar til at det har vore vanskeleg å redusera ressursbruken. Belegget varierer mykje gjennom året. Månadene desember, januar og februar har høgt belegg, spesielt på korttidsavdelinga. Korttidsavdelinga fungerer nærast som ei akuttavdeling, der ein må vere budd på at mange pasientar kan bli utskrivne frå sjukehuset på kort varsel. Utskrivingar skjer heile døgnet, heile året, og tenesta må derfor ha kapasitet til å ta imot pasientar når som helst. I samband med flyttinga av sjukehuset blei bemanninga styrka for å kunna handtera fleire utskrivingsklare pasientar i ein overgangsperiode. Ein har redusert bemanninga noko i periodar på korttidsavdelinga, og då har ein nytta tilsette på tvers av avdelingane der det har vore fråvær.

Ei anna forklaring på kvifor det er vanskeleg å ta ned ressursbruketn er at dei ledige langtids plassane er spreidde på tre ulike avdelingar. Ein veit aldri på førehand kvar sengene blir ledige – det kan vere to i ei avdeling, tre i ei anna og to i ei tredje. Det er ikkje nok til at ein kan redusere med ein tilsett på kvar skift. Sjølv om ei avdeling i ein periode har fire ledige senger, vil det ikkje automatisk vera mogleg å ta ned bemanninga med ein tilsett, då ein ikkje veit kor lenge avdelinga vil ha ledige senger. Dersom ein reduserer bemanninga og endrar turnus, vil det ta tid å byggje opp bemanninga igjen når belegget aukar.

TØRN-prosjektet heldt fram i 2025, med plan om eige sjukepleiar team i 2026 for å betra kompetanse og tilsette nærvær.

NAV

NAV har eit mindreforbruk på rundt 2,3 mill. kroner. Talet på sosialhjelpsmottakarar (inkludert flyktingar, ungdom og familiar med forsørgjaransvar) gjekk ned, men kostnadene steig grunna høgare prisar på mat og bustad, og meir fokus på barneperspektivet hos familiar som treng økonomisk hjelp.

NAV har starta ei målretta satsing på økonomisk råd og rettleiing for å gi innbyggjarane betre moglegheiter for økonomisk meistring. Behovet for akutt midlertidig bustad er høgt, særleg for brukarar med rus-, psykiatri- eller tryggleiksbehov. I Kvalifiseringsprogrammet (KVP) var det mindreforbruk, men samstundes god framgang i rekruttering av unge deltakarar. NAV felles hadde eit mindreforbruk på lønn grunna sjukerefusjonar.

Oppsummering tiltak

Heimeteneste og legevakt

Årsmelding 2025

- Heimetenesta samarbeidde med institusjon i sommar, noko som reduserte utgifter på overtids- og vikarbudsjet.
- Heimetenesta innførte felles kveldsliste i desember 2025, noko som ga meir balansert arbeidsmengd og effektiv ressursbruk.
- Tydeleg fokus på å redusera overtidsbruken.
- Innføring av langvakter gir auka helgetimar, og dermed fleire i heiltidsstillingar
- 2 sjukepleiarstillingar er gjort om til helsefagarbeidarstillingar. Dette utgjær 300 000 kroner.
- Redusert årsverk i 2025, forventa heilårseffekt i 2026 på 2,4 mill. kroner.

Miljøteneste

- Samarbeid mellom bustader førte til deling av arbeidskraft og mindre bruk av kostbar overtid.
- TØRN har starta opp i to av bustadane i haust, der er forventa effekt frå starten av 2026.
- Ta i bruk meir velferdsteknologi.

Meistring og samordning

- Rask psykisk helsehjelp vart starta opp og bidrog til meir effektiv tenesteyting med reduserte utgifter.

Institusjon

- Avdelingane samarbeidde for å unngå innleige ved fråvær når det var ledige sengeplassar, noko som reduserte utgifter på overtids- og vikarbudsjet.
- Vikarbyrå blei brukt til helgetimar for å unngå overtid og belastning på faste tilsette.
- Kombinasjonen av digitalt tilsyn og kompetanseheving er med på å styrka kvaliteten og bidra til meir effektiv drift.

Slik gjekk det

Framover vil fleire innbyggjarar bu heime og måtta motta tenester i heimen for å kunna bu trygt og godt. Dette stiller krav til tenestene kommunen leverer i heimen og at desse bidreg til at innbyggjarane kan bu i eigen heim så lenge som mogleg, i tråd med bu trygt heime reforma.

I 2025 ser vi ei tydeleg utvikling der innbyggjarane er friskare, meistrer meir sjølve og bur lengre heime. Dette kjem mellom anna til syne gjennom lågare institusjonsbelegg (84,5 %), færre vedtakstimar for heimebuande. Auka bruk av førebyggjande tiltak, hjelpemiddel, teknologi og tidleg innsats gjer at fleire meistrar kvardagen sin utan behov for institusjonsplass.

Det har vore vekst i tenester på dei lågaste trinna i innsatstrappa, som ergoterapi, fysioterapi, støttekontakt, BPA og tilrettelegging i heimen. Digital heimeoppfølging, DigiHelse og nye teknologiske løysingar som e-lås, alarmhandtering og digitalt tilsyn støttar opp under denne utviklinga. Tenestene blir sette inn tidlegare og meir målretta, slik at behov for meir omfattande tiltak kan utsetjast eller redusertast.

Frivilligarbeidet er styrkt, nye møteplassar og aktivitetstilbod bidreg til sosial deltaking og førebygging av einsemd og funksjonsfall.

Årsmelding 2025

Samla sett viser 2025 ei utvikling der førebygging og tidleg innsats gir effekt: fleire innbyggjarar meistrar kvardagen heime, får rett hjelp på rett nivå i tenestetrappa, og kommunen nyttar ressursane meir målretta og berekraftig måte.

Status politiske vedtak

Verbalvedtak HØP

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Livsgledeheimar	Kommunestyret ber administrasjonen leggja fram ei sak, inkludert økonomiske konsekvensar, der ein vurderer moglegheita for at sjukeheimane/bustadar med heildøgnsomsorg blir sertifisert som livsgledesjukeheim.	Ferdig	Hovudutval for helse og velferd behandla saka i møte 21.05.2025. Klepp kommune går vidare med sertifisering som livsgledeheim. Planlagt oppstart april 2026.

Status oppdrag

Planoppfølging

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Har frivilligkontakter i aktuelle avdelingar		Ferdig	Det er etablert frivilligkontaktar i alle avdelingane. Per i dag samarbeider helse og velferd med 75 frivillige. I løpet av 2025 vart det utført 393 timar frivillig arbeid.
Kommunestyret ber at administrasjonen etablerar samarbeidsmøte mellom fastlegane og kommunale tenester med ett avlønna møte vår og haust.	Me vil ha ei organisering av legetenesta som ivaretek samhandling.	Ferdig	Det skal etablerast samarbeidsmøte mellom fastlegane og kommunen. Oppstart våren 2026.
Me gir tenester i heimen der det er mogleg		Ferdig	Det er ei positiv utvikling i tenestene. Innbyggjarane blir friskare og bur lengre heime, noko som viser igjen i lågare institusjonsbelegg (84,5 %) og færre vedtakstimar til dei som bur heime. Samstundes aukar bruken av hjelpemiddel og førebyggjande tiltak, som årlege heimebesøk, nye fallførebyggjande rutinar og betre oppfølging av dei som berre har tryggleiksalarm. Fleire tenester i dei lågaste trinna i innsattstrappa opplever auka aktivitet, mellom anna ergoterapi, fysioterapi, støttekontakt, BPA, utlån av hjelpemiddel og auka bruk av teknologi bidreg til at fleire klarer seg sjølv. Dette legg til rette for at

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			<p>folk kan meistra kvardagen betre utan omfattande kommunale tenester.</p> <p>Miljøtenesta har redusert det totale timetalet, mellom anna ved å bruka støttekontakt og privat avlasting tidlegare i oppfølginga.</p> <p>Samla sett viser utviklinga at meir førebygging og tidleg innsats gir resultat – fleire klarer seg godt heime, og tenestene blir nytta meir målretta.</p>
Me jobbar systematisk med forbetningsarbeid		Ferdig	<p>Helse og velferd tok i 2025 i bruk Compilo som felles avvikssystem, noko som har gitt fleire og betre registreringar og ei meir systematisk tilnærming til risikoarbeidet. Brukar- og pårørandeundersøkingar er gjennomført som planlagt og viser i hovudsak gode tilbakemeldingar. Desse vert følgde opp og brukt aktivt i forbetningsarbeidet.</p>
Me nyttar teknologi som førsteval der det har en forventa gevinst		Ferdig	<p>Nasjonal løysing for digital kommunikasjon mellom helsetenester og brukar/pårørande (DigiHelse) er teken i bruk i heimetenesta, samt innan meistring og samordning.</p> <p>Digital heimeoppfølging er etablert i samarbeid med spesialisthelsetenesta for brukarar med omfattande rehabiliteringsbehov (IKART).</p> <p>Institusjon har innført nytt sjuke-signalanlegg og har no andre føresetnader for å yta tenester på nye måtar, mellom anna gjennom bruk digitalt tilsyn.</p>
Me skal delta i forskningsaktivitetar knytta til klyngesamarbeidet (KSF)		Ferdig	<p>Klepp kommune har delteke i “kunnskapsbroen”, eit nasjonalt fagnettverk som skal gjera forskning meir tilgjengeleg og relevant for helse- og velferdstenester i kommunane. Målet er å styrkja koplinga mellom forskning og praksis i tenestene. I 2025 har rådgivar i stab og fagutviklar på institusjon delteke i nettverket, og arbeidet har resultert i utarbeiding av tre forskingsomtalar.</p>

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Me skal etablere ein ny fastlegeheimel		Ferdig	Rekruttering for ny fastlegeheimel er starta. Ferdigstillast vår 2026.
Me skal evaluere tildelingskriteria for støttekontaktordninga		Ferdig	Det er gjennomført evaluering og justering av kriterier for støttekontaktordninga.
Me skal finne ein meir effektiv måte å driva nattenesta på		Iht. plan	I 2025 er det gjennomført omfattande kartleggingar, ROS-analyser og arbeid med ein ny driftsmodell på tvers av tenestene. Den nye driftsmodellen skal prøvast ut og implementerast i løpet av 2026.
Me skal finne meir effektive måtar å drifta heimetenesta og institusjonstenesta på		Iht. plan	Tenesteområda har arbeidd systematisk med bemanning, oppgåvedeling og kompetanseheving, og heimetenesta har endra stillingar og utvida rollene til helsefagarbeidarar. Begge område har teke i bruk nye yrkesgrupper og vidareført unge helgearbeidarar, medan institusjonen har løyst lågt belegg gjennom meir samarbeid på tvers. Heimetenesta testar ny organisering på kveld for betre ressursbruk. Heiltidskulturen er styrkt, men manglande helgetimar skapar framleis utfordringar. Langvakter og auka helgetimar blir vurdert for å styrka kontinuiteten.
Me skal gjere ivaretattundersøkinga kjent og tilgjengeleg, og me brukar resultatane aktivt i utviklingsarbeid		Ferdig	Ivaretattundersøkinga er gjennomført. Resultata frå undersøkinga vart lagt fram som politisk sak i november. Me brukar resultatane frå undersøkinga i det vidare kvalitetsarbeidet på kvar verksemd.
Me skal greia ut ny fordelingsmodell i miljøtenesta		Ferdig	Rogaland revisjon har pågåande forvaltningsrevisjon i helse og velferd. Resultat frå revisjon vil nyttast som et grunnlag for å sjå vidare på ein ressursfordelingsmodell i miljøtenesta.
Me skal ha ei oppdatert og informativ nettside		Ferdig	I 2025 er nettsidene for helse og velferd rydda, forenkla og oppdatert for å sikra tydeleg, oppdatert og brukarvenleg informasjon til innbyggjarane.
Me skal ha eit arbeidsmiljø der tilsette meistrer og trivst på jobb		Iht. plan	Det vart lagt fram ein statusrapport om sjukefråvær i helse og velferd i 2025. Fråværet er framleis høgt. Det er sett av midlar til ei prosjektstilling som skal arbeida etter Trondheimsmodellen. Målet er å redusera fråværet.
Me skal ha høg utnytting av sengeplassane på korttidsavdelinga		Iht. plan	Klepp deltek i prosjektet <i>saman på god veg</i> for å betra pasientflyt og målretta bruk av institusjonsplassar. Korttidsavdelinga hadde 287 brukarar i 2025, færre enn året før, og median

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			<p>liggetid er redusert frå 12 til 11 døgn. Ny mal for inkomstrappert og betre utforming av vedtak har styrkt samarbeidet med tenestekontoret og gitt smidigare overgangar til heimetenestene. Ambulant team har forbetra arbeidsmetodar og rolleavklaringar. Teamet følgde opp færre pasientar enn i 2024, både i institusjon og heime.</p>
Me skal leggja til rette for sosiale møteplasser		Ferdig	<p>Prosjektet aktivitetshus, som er eit tilbod til personar med psykiske utfordringar går frå prosjekt til ordinær drift. Aktivitetshuset er ope tre dagar i veka med 15–20 deltakarar per dag, og har fokus på aktivitet, trening, kosthald og verktøy for meistring av kvardagen.</p> <p>På Kleppetunet er det etablert nye møteplassar for seniorar.</p>
Me skal sikra at tilsette har nødvendig kompetanse for å gjera jobben		Ferdig	<p>Klepp har fått midlar frå Statsforvaltaren til MAP-utdanning i samarbeid med Hå, Gjesdal og Sola. Seks tilsette er utdanna som MAP-instruktørar og kan halda 2-dagars grunnkurs for andre tilsette.</p> <p>Fire tilsette i psykisk helse deltek i sertifiseringsprogrammet for rask psykisk helsehjelp, og tenesta er no i drift.</p> <p>Alle NAV-tilsette nasjonalt gjennomfører i siste halvdel av 2025 og første halvdel av 2026 opplæring i forvaltningsrett og juridisk metode for å styrka fagleg kvalitet og sikra regelverksetterleving.</p>
Me skal sikra høg overgang frå introduksjonsprogrammet til arbeid		Ferdig	<p>I 2025 deltok 83 personar i fulltids, individuelt tilpassa introduksjonsprogram, og ei lovendring same år la større vekt på overgang til arbeid. Flyktingtenesta har derfor styrkt arbeidet med praksis og tett oppfølging gjennom heile programmet. 56 % av ukrainarar i Klepp mellom 22 og 66 år er i arbeid, medan andre får vidare oppfølging gjennom NAV, blant anna via kvalifiseringsprogrammet. Ved utgangen av 2025 var 64 ukrainarar registrerte som arbeidssøkjjarar hos NAV, noko som viser behov for vidare innsats for varig arbeidsdeltaking. Det blei busett 60 flyktingar i Klepp i 2025, dei fleste frå Ukraina.</p>
Me skal sjå på nye verkemiddel for å sikra ein turnover i kommunale bustader		Iht. plan	<p>Tenestene i helse og velferd samarbeider tett for å førebyggja økonomiske vanskar og hjelpe innbyggjarar i krevjande bustadsituasjonar, med mål om varige og forsvarlege løysingar. Det blir arbeidd heilskapleg for å sikra trygge bustader for personar med samansette utfordringar, blant anna gjennom treningsbustad og vidare utvikling av eigna tilbod. NAV gir fleksible, individuelle vurderingar for å bidra til stabile leigeforhold i ein krevjande marknad.</p>

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Me skal skaffa nytt journalsystem		Ferdig	Klepp følger framdriftsplanen sett av Digi Rogland. Klepp deltek i felles aktivitetar for å førebu seg på innføring av nytt system 2026/2027.
Me skal ta i bruk pårørendevtaler i verksemdene		Ferdig	I 2026 held ein fram med å vidareutvikla rutinar og strukturar som skal gi betre oversikt, tydelegare ansvar og meir føreseieleg oppfølging for både brukarar og pårørande. Pårørendevtaler vurderast der det er behov.
Me skal utgreia eit nytt legesenter		Ferdig	Utgreiing vil inngå i moglegheitstudien om ny brannstasjon.
Me skal vurdere bruken av sosialtenestelovens §19		Ferdig	I 2025 blei det fatta 205 vedtak etter §19 mot 165 i 2024. Auken kan tyde på at fleire personar i ein vanskeleg økonomisk situasjon, som ikkje har rett til ordinær stønad til livsopphald, har fått hjelp gjennom denne paragrafen.
Me startar opp med rask psykisk helsehjelp		Ferdig	Rask psykisk helsehjelp starta 1. april 2025 og har gjennomført fire kurs, med 119 søkarar og 91 deltakarar i ulike former for oppfølging, sjølv om psykologstillinga framleis er ledig. I same periode blei 62 søknader om psykisk helseteneste sendt vidare frå tenestekontoret til tilbodet. Sju personar gjekk vidare til ordinære tenester etter avslutta hjelp.
Me vil driva tenesteutvikling i samarbeid med fastlegane		Ferdig	Det skal etablerast samarbeidsmøte mellom fastlegane og kommunen. Oppstart våren 2026.
Me vil utgreia sjukepleiarklinikk		Ferdig	Me skal prøva ut ordninga for ei avgrensa gruppe brukarar som sårjukepleiar i dag følgjer opp. Dette vil vera innbyggjarar som ikkje kan nytta seg av tilbod om sårbehandling på eit legekantor. Me prøver ut for ein tidsavgrensa periode på 1 år, og vil evaluera for ei utviding til fleire brukargrupper. Ordninga skal evaluerast hausten 2026.

Sjukefråvær

Fråvær	Korttid	Langtid	Samla fråvær
Årleg sjukefråvær 2021	2,58 %	6,58 %	9,16 %
Årleg sjukefråvær 2022	3,13 %	6,93 %	10,06 %
Årleg sjukefråvær 2023	2,32 %	6,85 %	9,17 %
Årleg sjukefråvær 2024	2,27 %	7,46 %	9,73 %
Årleg sjukefråvær 2025	2,05 %	8,26 %	10,31 %

Status sjukefråvær og HMS

Helse- og velferd har i året som har gått arbeidd målretta med å styrkje nærværet, redusere sjukefråværet og vidareutvikle eit trygt og heilskapleg arbeidsmiljø.

Viser til [sak 23/25 Statusrapport sjukefråvær i helse og velferd 2025](#).

Oppsummering tiltak sjukefråvær og HMS

NAV har gjennomført workshop-en «*Ein bra dag på jobben*», og det er etablert ein meir systematisk praksis for oppfølging av medarbeidarundersøkinga i NAV stat. For å sikre oversikt og struktur i kartlegging av arbeidsbelastningar er Arbeidstilsynet sitt verktøy KIM teke i bruk, i nært samarbeid med bedriftshelsetenesta.

Våren 2025 starta institusjon eit samarbeid med NAV Arbeidslivssenter og KS sitt bransjeprogram for sjukeheimar. I denne prosessen har leiarar, NAV, tillitsvalde og verneombod gjennomgått rutinar og identifisert felles mål for vidare utvikling av nærværsarbeidet. institusjon deltek òg i forskingsprosjektet *Now What*, som rettar seg mot tilsette med høgt fråvær. To medarbeidarar deltek i prosjektet per i dag. Samtidig er det etablert ein styrkt praksis for dialogmøter, oppfølgingsplanar og vurderingar av tilretteleggingsmoglegheiter. Institusjon har utarbeidd ei standardisert rutine for handtering av eigenmelding, som presiserer ansvar for kontakt med leiar, oppgåveavklaring og varsling om tilbakekomst.

Heimetenesta nyttar IA-funksjonsvurderingar og hjelpeskjema ved fråvær, med fokus på meistring og arbeidsevne. Det er gjennomført opplæring i arbeidsteknikkar og forflytningsteknikkar som ein del av førebyggjande arbeidsmiljøarbeid. Leiargruppa har faste samarbeidsmøter med tillitsvalde, verneombod og HR, der nærværsarbeid er eit gjennomgåande tema.

For å styrkje nærleiarfunksjonen og sikre tettare oppfølging av tilsette, er det oppretta ei ny avdelingsleiarstilling i miljøtenesta. Me har òg hatt særleg fokus på gode arbeidsteknikkar og forflytningsteknikkar som ein del av det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet. I løpet av 2025 har me hatt eit tett samarbeid med NAV Arbeidslivssenter for å styrkje oppfølginga av tilsette og vidareutvikle tenesta sitt nærværsarbeid. I 2026 startar miljøtenesta opp eit forlenga samarbeid med NAV og sjukehuset gjennom programmet *Helse i Arbeid*.

Meistring og samordning nyttar Frisklivssentralen aktivt i oppfølginga av medarbeidarar, og det er gjennomført opplæring i nærværsarbeid i løpet av året. Sjukefråvær er etablert som fast tema i kvalitetsteamet, noko som bidreg til systematikk og kontinuitet i oppfølginga. Det er generelt lågt sjukefråvær i verksemda.

Samla sett viser arbeidet at helse og velferd har høg merksemd på nærvær, arbeidsmiljø og tidleg innsats, og har etablert fleire strukturelle og faglege tiltak som legg grunnlag for vidare forbetring i kommande år.

Sjukefråvær per månad

Årsmelding 2025

Type	Område/eining	Jan	Feb	Mars	April	Mai	Juni	Juli	Aug	Sept	Okt	Nov	Des	Totalt i år	Totalt i fjor
Korttid	Stab helse og velferd	3,27 %	0 %	3,49 %	0,56 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	0 %	2,19 %	1,72 %	0,97 %	0,48 %
Langtid	Stab helse og velferd	2,06 %	2,05 %	0 %	9,70 %	15,96 %	19,17 %	11,63 %	11,72 %	9,75 %	10,46 %	10,62 %	9,97 %	9,24 %	1,64 %
Samla	Stab helse og velferd	5,33 %	2,05 %	3,49 %	10,27 %	15,96 %	19,17 %	11,63 %	11,72 %	9,75 %	10,46 %	12,81 %	11,69 %	10,21 %	2,12 %
Korttid	Heimeteneste	3,13 %	3,26 %	2,38 %	1,50 %	2,10 %	2,28 %	0,53 %	1,37 %	1,49 %	1,83 %	2,74 %	2,90 %	2,11 %	2,10 %
Langtid	Heimeteneste	11,83 %	9,61 %	10,00 %	10,42 %	11,84 %	9,41 %	7,19 %	6,19 %	6,21 %	8,52 %	9,83 %	11,96 %	9,42 %	7,75 %
Samla	Heimeteneste	14,96 %	12,87 %	12,38 %	11,91 %	13,94 %	11,68 %	7,72 %	7,56 %	7,70 %	10,35 %	12,57 %	14,86 %	11,53 %	9,85 %
Korttid	Miljøteneste	1,37 %	2,19 %	2,21 %	0,97 %	1,75 %	1,99 %	1,58 %	1,71 %	2,24 %	1,84 %	2,25 %	3,76 %	1,98 %	1,99 %
Langtid	Miljøteneste	9,42 %	8,27 %	6,41 %	6,67 %	5,71 %	5,08 %	7,22 %	7,55 %	7,36 %	8,41 %	6,95 %	7,82 %	7,26 %	6,65 %
Samla	Miljøteneste	10,79 %	10,45 %	8,62 %	7,64 %	7,45 %	7,07 %	8,80 %	9,26 %	9,59 %	10,24 %	9,20 %	11,57 %	9,24 %	8,64 %
Korttid	Meistring og samordning	1,84 %	3,10 %	1,87 %	1,90 %	1,23 %	0,66 %	0,32 %	1,54 %	1,83 %	0,92 %	1,50 %	1,53 %	1,51 %	1,94 %
Langtid	Meistring og samordning	4,37 %	3,58 %	2,57 %	3,65 %	5,36 %	3,49 %	1,89 %	2,20 %	6,00 %	6,03 %	4,44 %	4,66 %	4,04 %	5,21 %
Samla	Meistring og samordning	6,22 %	6,68 %	4,44 %	5,55 %	6,59 %	4,16 %	2,21 %	3,75 %	7,83 %	6,95 %	5,94 %	6,18 %	5,55 %	7,15 %
Korttid	Institusjonsteneste	2,15 %	3,41 %	2,95 %	2,36 %	3,88 %	2,69 %	0,79 %	1,14 %	3,06 %	1,53 %	1,93 %	2,68 %	2,37 %	3,18 %
Langtid	Institusjonsteneste	14,38 %	10,60 %	10,39 %	9,82 %	9,01 %	11,86 %	7,55 %	7,94 %	9,52 %	12,65 %	11,91 %	12,63 %	10,70 %	9,50 %
Samla	Institusjonsteneste	16,53 %	14,01 %	13,34 %	12,18 %	12,89 %	14,54 %	8,33 %	9,08 %	12,58 %	14,19 %	13,84 %	15,31 %	13,07 %	12,68 %
Korttid	Nav	1,99 %	1,09 %	4,59 %	0,55 %	4,83 %	1,66 %	1,81 %	2,58 %	4,61 %	2,06 %	2,38 %	1,56 %	2,50 %	1,68 %
Langtid	Nav	12,56 %	12,41 %	6,84 %	6,93 %	8,06 %	6,90 %	9,82 %	6,14 %	5,92 %	11,83 %	11,38 %	11,57 %	9,20 %	9,30 %
Samla	Nav	14,55 %	13,50 %	11,44 %	7,48 %	12,89 %	8,56 %	11,63 %	8,72 %	10,53 %	13,88 %	13,76 %	13,14 %	11,70 %	10,97 %
Korttid	Sum sjukefråvær	2,07 %	2,74 %	2,56 %	1,55 %	2,45 %	1,98 %	0,97 %	1,49 %	2,34 %	1,59 %	2,16 %	2,81 %	2,05 %	2,27 %
Langtid	Sum sjukefråvær	10,49 %	8,55 %	7,47 %	7,92 %	8,10 %	7,83 %	6,76 %	6,57 %	7,41 %	9,39 %	8,76 %	9,69 %	8,26 %	7,46 %
Samla	Sum sjukefråvær	12,56 %	11,29 %	10,03 %	9,47 %	10,55 %	9,82 %	7,73 %	8,06 %	9,75 %	10,98 %	10,92 %	12,50 %	10,31 %	9,73 %

Kostraanalyse

Viktige indikatorar er kommentert under kvar tabell.

KOSTRA Nøkkeltal

Kostra-analyse - Pleie og omsorg

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						

Årsmelding 2025

Aktivering, støttetjenester (f234) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	6,5 %	6,2 %	6,3 %	8,7 %	2,2 %	5,2 %
Institusjoner (f253+261) - andel av netto driftsutgifter til plo (B)	40,2 %	40,1 %	45,4 %	56,0 %	40,4 %	43,0 %
Produktivitet						
0-49 år Alle tenester Forbruk i timer	317 361	284 090	248 676	247 593	166 761	
0-49 år Avlasting - utanfor institusjon Forbruk i timer	25 696	23 774	11 342	22 944	12 717	
0-49 år Avlasting i institusjon-rullerande Forbruk i timer	6 043	0	0	0	1 903	
Korrigerte brutto driftsutg pr. mottaker av hjemmetjenester (i kroner) (B) *)	318 841	342 321	472 407	405 027	440 492	393 912
Korrigerte brutto driftsutgifter, institusjon, pr. kommunal plass (B) *)	1 408 339	1 691 610	1 774 113	1 671 012	1 676 951	1 706 327
Dekningsgrad						
67-79 år Heimeteneste	53,8	52,9	46,5	51,7	58,0	61,3
Omsorgstjenester - brukere per 1000 innbyggere (antall)						
Andel beboere i institusjoner 80 år og over (B)	69,2 %	66,3 %	64,7 %	54,2 %	28,8 %	63,9 %
Andel brukere av hjemmetjenester 0-66 år (prosent)	69,9 %	68,0 %	53,7 %	55,8 %	66,1 %	49,1 %
Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Langtidsopphold (B)	85,3 %	88,3 %	85,5 %	89,3 %	96,0 %	90,7 %
Andel brukere i institusjon som har omfattende bistandsbehov: Tidsbegrenset opphold (B)	50,0 %	65,0 %	80,8 %	41,7 %	48,2 %	52,1 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 0-66 år (B)	11,1 %	11,7 %	23,3 %	14,5 %	19,0 %	20,1 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 67-79 år (B)	13,9 %	15,8 %	22,0 %	10,2 %	22,1 %	19,6 %
Andel hjemmetj.mottakere med omfattende bistandsbehov, 80 år og over (B)	9,2 %	9,4 %	15,7 %	5,5 %	20,2 %	19,4 %
Andel innbyggere 80 år og over som bruker hjemmetjenester (prosent)	19,4 %	19,1 %	22,3 %	19,9 %	24,7 %	24,5 %
Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon	8,7 %	6,8 %	8,0 %	7,0 %	4,4 %	7,7 %
Plasser i institusjon i prosent av innbyggere 80 år over (B)	13,8 %	12,9 %	14,1 %	19,5 %	16,9 %	13,2 %
Kvalitet						
Andel brukertilpassede enerom m/ eget bad/wc (prosent)	100,0 %	100,0 %	99,1 %	100,0 %	100,0 %	95,6 %
Andel langtidsbeboere 31.12 vurdert av lege siste år	54,1 %	83,3 %	81,6 %	63,4 %	80,0 %	75,1 %
Legetimer per uke per beboer i sykehjem (timer)	0,91	0,85	0,88	1,01	0,59	0,65
Økonomi						
Brukerbetaling i institusjon i forhold til korrigerte brutto driftsutgifter (B)	11,3	11,0	11,5	11,7	6,2	11,3
Levekår						
Utgiftsbehov - Pleie og omsorg	0,803	0,818	0,868	0,877	0,819	1,007

*) Inflasjonsjustert med deflator

Utgiftsbehovet til pleie og omsorg ligg på 0,818, som er under samanlikningskommunane og Kostra-gruppa. Det betyr at me skal kunna levera tenester litt rimelegare. Klepp sine brutto driftsutgifter per kommunal institusjonsplass har gått opp i 2025 med om lag 283 000 kroner, ein vekst på rundt 20 %. Klepp ligg lågare enn både Time og kostragruppa, og ganske likt med Hå og Gjesdal.

Dekningsgraden på institusjonsplassar for personar over 80 år har blitt gradvis redusert dei siste åra, og dekningsgraden er no på 12.9%. Andel innbyggere 80 år og over som er beboere på institusjon gjekk ned i 2024 med 0,7 %, og i 2025 har nedgangen vore 1,9 %. Nedgangen viser ei auka satsing på heimetenester.

Andelen brukarar i institusjon med omfattande bistandsbehov har auka dei siste åra. I 2025 var auken 3 prosentpoeng for langtidsopphald og 15 prosentpoeng for korttidsopphald. Dette viser at institusjonsplassane i Klepp i stor grad blir brukt av personar med tyngre behov. Dette kan vera ei av årsakene til at kostnadane aukar per institusjonsplass. Me ser og at fleire brukarar i gruppa med størst bistandsbehov får plass i omsorgsbustadane på Kleppetunet, noko som aukar pleietyngden i omsorgsbustadane.

Klepp ligg lågast i kostnader per mottakar av heimetenester samanlikna med nabokommunane og under Kostra-gruppa. Auken i 2025 endrar ikkje denne posisjonen. Andelen brukarar av heimetenester i alderen 0-66 år er høg samanlikna med nabokommunane og kostragruppa. Det har vore ein nedgang i delen av dei over 80 år som får heimetenester, noko som kan indikera at dei bur heime utan å motta tenester. Klepp har òg ein låg andel tunge brukarar i heimetenestene, langt lågare enn alle nabokommunane. Dette kan forklara lågare kostnader per mottakar og lågare timetal. Klepp har og færre «lette» brukarar enn andre kommunar. Dette indikerer at ein har ein høgare terskel for å tildela slike tenester, og at ein jobbar meir målretta i tildelinga.

Tala for avlasting viser at me har levert færre timar avlasting både utanfor og i institusjon i 2025, men me leverer framleis fleire timar enn nabokommunane.

Klepp har hatt ei kvalitetsforbetring i delen langtidsbebuarar som er vurdert av lege det siste året. Klepp aukar frå eit svakt nivå i 2024 på 54,1 % til eit nivå på 83,3 %, som er over både nabokommunane og Kostra-gruppa.

Kostra-analyse - Kommnehelse

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutg til forebygging, helsestasjons- og skolehelsetj. pr. innb 0-5 år (B) *) **)	16 065	16 562	14 991	12 461	18 619	18 110
Dekningsgrad						

Årsmelding 2025

Ergoterapeutårsverk per 10 000 innbyggere	5,6	6,2	4,2	4,3	5,3	4,5
(kommunehelse+omsorg) (årsverk)						
Undersøkt 8. leveuke Andel barn (prosent)	101,3 %	98,4 %	100,9 %	97,1 %	94,2 %	98,5 %
Undersøkt ved 2-års alder Andel barn (prosent)	93,4 %	99,6 %	97,9 %	6,8 %	100,0 %	91,2 %
Årsverk av helsesøstre pr. 10 000 innbyggere 0-5 år. Funksjon 232 (B)	50,3	50,9	99,3	68,5	72,0	98,9
Kvalitet						
Avtalte fysioterapeutårsverk per 10 000 innbyggere (årsverk)	6,4	6,3	6,8	8,2	7,7	9,3
Gjennomsnittlig listelengde	998,0	1 008,0	1 118,0	780,0	925,0	908,0
Økonomi						
Annet forebyggende helsearbeid (233) Arbeidsgiveravgift Beløp (1000 kr) *)	1 102	1 028	1 162	291	1 683	36 532
Levekår						
Utgiftsbehov - Kommunehelse	0,927	0,923	0,945	0,968	0,990	1,025
Grunnlagsdata (Nivå 3)						
Helsesøster avt. årsv. i helsest.- og skolehelsetj. per 10 000 innbyggere 0-20 år (årsv.)	13,3	13,6	25,5	17,4	17,0	24,2
Helsesøster Avtalte årsverk (årsverk)	7,9	8,0	14,2	10,0	6,4	351,6

*) Inflasjonsjustert med deflator

**) Justert for utgiftsbehov

Utgiftsbehovet til kommunehelse ligger på 0,923 som er under samanlikningskommunane og kostragruppe 7, det betyr at me skal kunna levera tenester litt rimlegare.

Klepp har redusert kapasiteten på sentrale fagområde som ergoterapi, og ligger godt over samanlikningskommunane og kostragruppe 7. Kvalitetsindikatorane viser ei positiv utvikling. Fysioterapidekninga er stabil, og fleire innbyggjarar blir fanga opp av tenestene. Det har vore ei auke i gjennomsnittleg listelegde for fastlegane, men dette kan påverka tilgjenge og kapasitet på sikt.

Helsestasjonstenesta i Klepp har over fleire år vore delfinansiert av prosjektmidlar, noko som óg gjeld andre kommunar. Desse midla er ikkje synlege i dette oppsettet.

Barn og ungdom skal ha eit lett tilgjengeleg gratis lågterskeltilbod i helsestasjon, skulehelsetenesta og helsestasjon for ungdom. Dekningsgrad per barn/ungdom 0-20 år og 0-5 år er markant lågare enn nabokommunane og kostragruppe 7.

Netto driftsutgift er et uttrykk for kommunen si prioritering av tenesta. Netto driftsutgifter til førebygging, helsestasjon og skulehelseteneste per innbyggjar i alderen 0–5 år i Klepp kommune har auka med 1 824 kroner frå 2022 til 2025, noko som tilsvarar ein vekst på 12,4 %. Denne veksten kan forklarast med at det i 2025 blei ført 4,6 årsverk som er stillingar i foreldreininga (som eit førebyggjande foreldreveiledningstiltak som ikkje er organisert i helsestasjonstenesta) og innrapportert eit årsverk jordmor for mykje. Det betyr at talet for Klepp er lågare enn det som framgår av tabellen. Det kan og vera utfordringar knytt til samanlikningar av indikatoren på tvers av kommunane, då det er store variasjonar på kva som blir ført på funksjonen.

Tal på årsverk jordmødrer per 10 000 innbyggjarar i alderen 0–5 år har tilsynelatande auka frå 2022 til 2025. Her er feilført ein stilling for mykje frå Klepp, noko som gjer at ein ligg tilsvarande likt dei føregåande åra. Auka i årsverk jordmor er derfor ikkje reell.

Klepp kommune hadde 50,4 årsverk helsesjukepleiar per 10 000 innbyggjarar i alderen 0–5 år i 2022, med ei auke til 62,3 i 2023. Deretter er talet redusert til 50,9 i 2025. Samanlikna med nabokommunane og kostragruppe 7 ligg Klepp gjennomgåande lågare: Time hadde 99,3 årsverk i 2025, Hå 68,5, Gjesdal 72, og kostragruppe 7 i snitt 98,9.

Undersøkt grunnskule 1. trinn viser ein reduksjon frå 2023 med 112,9 % undersøkte, til 2025 med 87,8 % undersøkte. Reduksjonen er knytt til utfordringar med å få lege og skulehelseteneste til å gjennomføra undersøkingane på skulen samstundes. Dette krev ekstra oppmøte, noko som kan vera utfordrande for nokre føresette.

Sidan det er felles funksjon for førebygging, helsestasjon og skulehelsetenesta seier ikkje tala for funksjonen alt. Helsedirektoratet har klare anbefalingar knytt til forsvarleg drift av dei ulike tenestene. Anbefalingane syner at Klepp kommune har eit fagleg sterkt tilbod innan helsestasjon 0–5 år og jordmortenesta. Helsestasjonen ligg på 4,25 årsverk, svært nær den nasjonale tilrådinga på 4,31 årsverk, medan jordmortenesta ligg over tilrådd nivå med 2,3 årsverk mot 2,15 årsverk anbefalt. Dette inneber at kommunen har prioritert kapasitet innan tidleg innsats, svangerskapsomsorg og oppfølging av småbarnsfamiliar.

Samstundes viser både skulehelsetenesta, helsestasjon for ungdom (HFU) og tilbodet ved vidaregåande skule klare teikn på kapasitetsutfordringar. Skulehelsetenesta totalt ligg på 6,75 årsverk, vesentleg under dei nasjonale tilrådingane på 9,1 årsverk, noko som tilsvarar ei underdekning på 2,35 årsverk. For grunnskulen samla sett er dekningsgraden 6,35 årsverk, mot 8,1 årsverk anbefalt. Dette utgjer ei underdekning på 1,75 årsverk.

Ein stor del av dagens bemanning ved helsestasjonen er finansiert gjennom ulike prosjektmidlar. Dette er ordningar som no blir endra/slått saman, og difor er det uvisse om kva Klepp vil få i tilskot i framtida. Dersom desse midla fell bort, kan den reelle bemanninga verta endå lågare, og dekningsgraden i grunnskulen kan bli redusert med inntil 3,2 årsverk. I tilfelle vil det vera behov for å sjå på grunnfinansieringa av helsestasjonstenesta.

Kostra-analyse - Sosiale tjenester

	Klepp 2024	Klepp 2025	Time	Hå	Gjesdal	Kostragruppe 07
Prioritet						
Netto driftsutgifter til råd, veiledning og sos.forebyggend arb. pr. innb, 20-66 år (B) *) **)	2 664	2 248	2 085	2 351	2 196	2 180
Netto driftsutgifter til sosialtjenesten pr. innbygger 20-66 år (B) *) **)	8 361	6 423	6 790	9 088	9 343	8 699
Produktivitet						
Brutto driftsutgifter til økonomisk sosialhjelp pr. mottaker (B) *)	73 074	72 229	85 781	62 177	89 539	69 180
Netto driftsutgifter til kvalifiseringsprogrammet per bruker (B) *)	268	240	212	122	267	164
Dekningsgrad						

Årsmelding 2025

Andel av sosialhjelpstilfeller (prosent) (prosent)	2,0	1,8	1,8	2,4	2,6	2,9
Andel mottakere med sosialhjelp som hovedinntektskilde (B)	41,9 %	43,2 %	50,8 %	35,7 %	36,0 %	33,8 %
Andelen sosialhjelpsmottakere i forhold til innbyggere i alderen 18-66 år (B) **)	3,9 %	3,1 %	3,2 %	4,5 %	4,6 %	5,1 %
Gjennomsnittlig stønadslengde for mottakere med sosialhjelp som hovedinntekt (måneder)	6,1	6,1	6,5	7,5	7,4	6,7
Kvalitet						
Gjennomsnittlig deltakelseslengde (måneder)	6	5	5	6	6	0
Levekår						
Utgiftsbehov - Sosiale tjenester	0,799	0,782	0,806	0,735	0,785	0,862

*) Inflasjonsjustert med deflator

***) Justert for utgiftsbehov

Utgiftsbehovet til kommunehelse ligg på 0,782, noko som er lågare enn Time og kostragruppe 07, men på same nivå som Hå og Gjesdal. Det betyr at me skal kunna levera tenester noko rimelegare enn Time og kostragruppe 07, men omtrent likt med Hå og Gjesdal.

Klepp har relativt lågare kostnader enn samanlikningskommunane når det gjeld nettodriftsutgifter til sosialtenesta per innbyggjar mellom 20 og 66 år.

Klepp har òg ein reduksjon i netto driftsutgifter til råd-, rettleiings- og førebyggingstenester per innbyggjar i alderen 20-66 år. Likevel ligg kommunen framleis høgare enn Time, Gjesdal og kostragruppe 07 – medan Hå ligg endå høgare enn Klepp. Eit viktig forklaringsgrunnlag kan vera at NAV i Klepp tilbyr fleire ressurskrevjande, målretta aktivitetar for unge vaksne som mottek sosialhjelp. Desse omfattar sosial trening, som felles frukost og fysisk aktivitet, samt arbeidsretta tiltak som CV- og søknadsskriving. NAV samarbeider òg aktivt med arbeidsgjevarar gjennom både bedriftsbesøk og besøk frå arbeidsgjevarar i egne lokale. Tiltaka er i hovudsak arbeidsretta, krev tett fagleg oppfølging og kan vere med å bidreg til at kommunen ligg høgare i utgifter enn samanlikningskommunane — med unntak av Hå, som ligg endå høgare.

Klepp har lågare netto driftsutgifter per deltakar i kvalifiseringsprogrammet, men ligg likevel over nivået i Kostragruppe 07 samt Time og Hå. At kostnaden per deltakar går ned, skuldast først og fremst at talet på deltakarar har auka, slik at fleire utgifter blir fordelte på fleire personar. Dette reduserer gjennomsnittskostnaden, sjølv om dei totale kostnadene er uendra eller svakt aukande.

Samtidig har ein stor del av deltakarane omfattande helseutfordringar, og mange er innvandrarar som treng meir omfattande kvalifisering før dei kan delta i arbeid eller aktivitet. I tillegg har Klepp ein høgare del langtidsmottakarar av sosialhjelp enn før. Til saman gjer dette at oppfølginga blir meir ressurskrevjande, noko som bidreg til høgare samla kostnader for kommunen.

Klepp og Time har den lågaste delen sosialhjelpsmottakarar i alderen 18–66 år samanlikna med dei andre kommunane i utvalet og kostragruppe 07. Samtidig ser vi ei auke i delen som blir heilt avhengige av sosialhjelp over tid. Dette heng truleg saman med at dei som fell utanfor arbeidslivet ofte har meir komplekse og samansette utfordringar, og difor har større risiko for å bli varige mottakarar av

sosialhjelp. Denne målgruppa har som regel ein lang veg tilbake til arbeid og kan bli avhengige av ytingane gjennom lengre periodar.

I tillegg har kommunen opplevd auka tilstrøyming av flyktningar, ei gruppe som ofte treng meir tid for å bli kvalifiserte til arbeid eller aktivitet. Dette bidreg òg til at fleire blir heilt avhengige av sosialhjelp i ein overgangsfase.

Gjennomsnittleg stønadslengd er stabil, noko som tyder på lite endring i behovsbiletet.

Slik ser me framtida

Generelt

- Det er gap mellom innbyggjarane sine forventningar og tilgjengelege ressursar.
- Det er misforhold mellom personar som har behov for tenester og personar som kan gi tenester.
- Tenestebehovet vil auka på grunn av fleire eldre innbyggjarar og dermed fleire personar med demens og andre kroniske sjukdommar.
- Det er vanskar med å rekruttera helsepersonell.
- For å møte utfordringane i framtida må me satsa på velferdsteknologi i alle tenester.

Brukarmedverknad

- Brukar får alltid spørsmålet «Kva er viktig for deg?».
- Brukarkunnskap og brukarperspektivet er likestilte.
- Innbyggjarane er i stand til å meistra eige liv og bu lenger i eigen heim.

Samhandling

- Digitale tenester er i bruk for å betra tenestekvalitet og sikra samhandling.
- Samarbeid med brukarar, frivillige, pårørande/nettverk og lokalsamfunnet er viktig for å tilby best moglege tenester.
- Samhandling med andre offentlege aktørar for best moglege oppgåveløysing.

Nye arbeidsmåtar

- Kommunen førebur seg på å ta over fleire oppgåver frå spesialisthelsetenesta.
- Helse og velferd tar i bruk fleire nasjonale e-helseløysingar.
- Nye arbeidstidsordningar og oppgåveløysingar er tatt i bruk og utviklast vidare.
- Ny organisering av nattenesten.

Helse og velferd nyttar rett kompetanse på rett plass til rett tid

- Rekruttering
- Helse og velferd prøver ut nye arbeidstidsordningar.
- Nye yrkesgrupper er tilsette i helse og velferd.
- Tilsette vert verande i stillinga over tid.

Samfunn og kultur

Beskriving av tenesteområde

Samfunn og kultur har ansvaret for at lokalmiljøet fungerer for innbyggjarar, næringsliv og besøkjande i kommunen vår. Tenesteområdet er organisert i fire verksemdområde. Desse er eigedom, kommunalteknikk, plan og forvaltning og kultur.

Eigedom har ansvar for drift, vedlikehald og reinhald av heile den kommunale bygningsmassen og for dei kommunale bustadane. Gjennomføringa av kommunale byggeprosjekt ligg til eigedomsavdelinga.

Kommunalteknikk har ansvar for drift og vedlikehald av kommunale vegar, gang- og sykkelvegar, veglys, vintervedlikehald og for skjøtsel og tilrettelegging av friområde, aktivitetsområde og leikeplassar.

Plan og forvaltning har fagområda plan, geodata, byggesak og landbruk. Til dette ligg arbeid med reguleringsplanar, ansvar for kart og oppmålingsarbeid og behandling av byggjesaker og tilsyn. Landbruksavdelinga forvaltar tilskot, behandlar søknadar og arbeider med tilrettelegging for landbruksnæringa og dei som arbeider i landbruket.

Kulturavdelinga har avdelingane bibliotek, frivilligsentral og ungdomskultursenteret Axis. I tillegg forvaltar dei tilskotsordningar for frivillige lag og organisasjonar og støtter opp under frivillig arbeid og kulturverksemd i kommunen på ulike måtar.

Staben på samfunn og kultur har eit overordna ansvar for å sikre systematikk i planarbeidet og deltek i ulike prosjekt knytt til samfunnsutvikling, transport og miljø.

Status økonomi i rammeområdet

Beløp i 1000

Virksomhetsområde	Rekneskap 2024	Rev. bud. 2025	Rekneskap 2025	Avvik i kr	Avvik i %
401-Stab samfunn og kultur	25 148	23 889	28 536	-4 647	-19,5 %
402-Plan og forvaltning	7 006	10 289	9 770	519	5,0 %
403-Kultur	22 905	30 287	29 125	1 162	3,8 %
404-Eiendom	67 642	78 314	78 580	-266	-0,3 %
405-Kommunalteknikk	21 458	30 248	27 015	3 233	10,7 %
Sum	144 159	173 027	173 027	0	0,0 %

Kommentar til status økonomi

Samfunn og kultur gjekk samla sett med eit mindreforbruk på 5,4 mill. kroner i 2025. Av dette er 3,6 mill. kroner knytt til resterande midlar i samband med utbygging på Anda som kommunen skal dekkja. Dette er tilskotsmidler sidan det er privat utbyggjar som gjennomfører tiltaket i samsvar med utbyggingsavtale.

Mindreforbruket er sett av til disposisjonsfond, som har ein saldo på 16,6 mill. kroner per 31.12.2025. Midla til Anda vil bli utbetalt frå fond i 2026.

Mindreforbruk elles skuldast i hovudsak noko lågare aktivitet på grunn av sjukefråvær mellom anna i stab samfunn og kultur og i kulturavdelinga.

Stab samfunn og kultur

Mindreforbruk på grunn av lågare lønnsutgifter som følgje av sjukefråvær og at berre halvparten av tilskotet til tømmeasjon for bubli blei utbetalt.

Plan og forvaltning

Byggesak hadde 600 000 kroner meir i gebyrinntekter enn budsjettert. Det er større utgifter enn budsjettert på EDB avtalar, dataprogram og leige av lokale. Byggesak gjekk med eit lite overskot i 2025. Sjølvkostfondet på byggesak er på 1,4 mill. kroner, og auka med 36 000 kroner.

Oppmåling hadde 430 000 kroner mindre i gebyrinntekter enn budsjettert. Det er eit lite mindreforbruk på utgifter inkludert løn. Oppmåling fekk eit underskot på 330 000 kroner. Det er ikkje midler på fond på oppmåling.

Private plansaker hadde 450 000 kroner meir i gebyrinntekter enn budsjettert. Det blei og brukt meir timar på private planar enn forutsett. Sjølvkostområde plan fekk eit overskot på 175 000 kroner. Sjølvkostfondet på private plansaker aukar til 863 000 kroner. Anna planarbeid er omtrent som budsjettert.

Karttenester hadde eit overskot på 368 000 kroner. Mykje av dette skuldast ei opprydding og omlegging av sal av karttenester og meklarpakkar.

Landbruk fekk eit mindreforbruk på 448 000 kroner. Årsaka er låge driftsutgifter, overføringar til private og tenester frå andre kommunar.

Overskot på byggesak og private plansaker blir overført til sjølvkostfond. For dei andre tenestene hadde plan og forvaltning eit mindreforbruk på 519 000 kroner.

Rekneskap sjølvkost (1000 kr)	Byggesak	Eigarseksjonering	Oppmåling	Plansaker
Gebyrgrunnlag	6 459	142	2 318	938
Gebyrinntekter	6 495	153	1 988	1 113
Resultat	36	11	-330	175
Sjølvkostfond 31.12.2025	1 366	20	0	863

Kultur

Kulturavdelinga hadde eit mindreforbruk på 1,2 mill. kroner. Den viktigaste årsaka er langtidsfråvær og redusert aktivitetsnivå ved Axis. Axis har hatt redusert opningstid siste halvår, samt at me har halde nokre stillingar ledige fordi behovet har vore mindre i og med redusert opningstid og låge besøkstal. Det har vidare vore mindreforbruk ved frivilligsentralen, mest som følgje av auka inntekter og tilskot. Det har

i tillegg vore nytta mindre pengar til arrangement i eigen regi, delvis på grunn av kapasitetsutfordringar og delvis på grunn av midlertidig mangel på eigna lokale.

Eigedom

På nybygg blei det eit meirforbruk på om lag 1,1 mill kr i hovudsak på grunn av timar som ikkje vert fordelte på prosjekt. Det var ei innsparing på 500 000 kroner frå ubesatt koordinator for kultursalen som reduserte meirforbruk til netto 600 000 kroner på nybygg.

På bygningsdrift var det eit meirforbruk på 760 000 kroner. Avviket er i hovudsak knytt til vedlikehaldsarbeid ved institusjon inkludert innvendig foliering, samt kostnader ved større utskiftingar av LED-belysning på skule og barnehage. I tillegg har nødvendige prioriterte tiltak som vedlikehald av garderober på skule og utbetring av utvendig avløpsledning ved ein skule ført til meirkostnader. Auka krav til tenestekvalitet, høgare forventningar frå innbyggjarar og endra bruk av bygg gjer at det framleis vil vere behov for tydelege prioriteringar og tett økonomistyring.

På vedlikehald er det meirforbruk som følgje av fleire lekkasjar og framskunda oppgradering av fire kommunale bustader for å nytte tildelt tilskot frå Husbanken.

Idrettsbygg hadde eit lite mindreforbruk. Det er investert i reinhaldsmaskiner dette året, kjøpt inn bassengutstyr og skifta ut lyskjelder.

Drift- og leigeutgift til Vardheia og Orstad skule blei lågare enn budsjettet, og overskot frå utleige brannstasjon og bukollektiv var høgare enn berekna. Etter at rekneskapen for 2025 for Klepp var avslutta, kom ei avrekning frå Time kommune for Vardheia på 150 000 kroner. Både inntekter og utgifter er høgare enn budsjettet mellom anna grunna eit aukande tal på innleigebustadar for framleige.

Reinhaldsavdelinga har gjennom året jobba målretta med auka effektivitet og reduksjon av reinhaldsfrekvens på fleire områder. Det er brukt færre vikartimar enn sjukefråveret skulle tilseia. Dette skuldast både auka effektivitet, men og utfordring med å skaffe nok vikarar. Me har auka maskinparken betrakteleg og det er fokus på å gi god opplæring undervegs.

Kommunalteknikk

Park og uteområder hadde meirforbruk på 800 000 kroner i 2025. Meirforbruket skuldast i hovudsak to kraftige stormar i 2025, som medførte stort behov for opprydding og fjerning av tre i fleire av friluftsområda våre. Auka nedbør er utfordrande for grusa turvegar, fordi grusen blir vaska bort oftare enn før og det er trong for vedlikehald og tilførsel av ny grus.

Etablering av isflate i Plogenparken medførte ekstrakostnadar på 300 000 kroner for parkavdelinga. Desse blei ikkje tatt av fond som resten av utgiftene.

Klima og miljø har eit mindreforbruk på 500 000 kroner på grunn av tilskot frå tidligare gjennomførte prosjekter, og mindreforbruk på vassdragstiltak.

Samferdsel har rekneskap i balanse, sett bort frå ekstrabevilling til eksterne samferdselsprosjekt (utbyggingsfelt Anda mm). Eksterne prosjekt/anleggsbidrag har eit mindreforbruk på 3,6 mill. kroner då utgiftene blei utsett til 2026.

Slik gjekk det

I juni opna Plogenparken i Kleppe sentrum. Den gjorde at det vart eit myldrande liv i sentrum gjennom både sommaren og hausten. Når det nærma seg jul kom det isflate i parken. I samband med den store overvassledning gjennom sentrum som vart ferdigstilt dette året, vart det også lagt til rette for at det er ein open kanal gjennom parken. Coop Klepp sin plan for utbygging i sentrum er vedtatt og legg grunnlaget for utbygging av handel, næring og bustader i sentrum.

Byggeprosjektet med Plogen kulturhus, rådhus og kyrkje har gått som planlagt dette året, både når det gjeld økonomi og framdrift. Hausten 2025 vart konsept for kultursalen vedteke politisk.

I løpet av året har me tatt i bruk Markå barnehage igjen og på Horpestad har tenester til barn og unge og kunst- og kulturaktivitetar flytta inn i lokala.

Aktivitetsportalen Friskus er tatt i bruk dette året og skal gjera det lettare å finne aktivitetar og for lag, organisasjonar og kommunen å få formidla alle dei gode tilboda som fins i kommunen.

Status politiske vedtak

Verbalvedtak HØP

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Gjennomføre mindre tiltak i sentrumsnære område. Eksempelvis bedre framkommeligheten for brukere av rullestol ol.l.		Iht. plan	I 2025 blei det kjøpt inn aldersvenlege benker. Desse blei plasserte ut i Plogenparken. Det vil bli arbeida vidare med dette i 2026 då det er sett av midlar til dette.
Gratis konsulentbistand for gjennomgang av mulige bustadtiltak/tilpasning for eldre 65+ slik at ein kan bu lengre heime. Tas inn som et testprosjekt.		Iht. plan	Det er etablert avtale med Kron takst som gjennomfører bustadkartleggingar hos innbyggjarar i Klepp. Dei tildelte midla til bustadkartlegging i 2025 vart nytta til formålet og det var gjennomført omkring 15 kartleggingar. I 2026 er det mellom anna planlagt eit informasjonsmøte om ordninga på biblioteket for å spreia informasjon om ordninga ut til innbyggjarane.
Krematorium på Jæren	Kommunestyre ber om ei sak, der ein ser på muligheita for å oppretta eit krematorium på Jæren, saman med nabokommunane.	Iht. plan	Stavanger kommune/Stavanger kyrkjelege fellesråd utgreier mogelegheiter for utviding av eksisterande krematorium. Det er venta at rapport blir ferdig våren 2026. Kva konklusjon dei kjem fram til er sentralt for vidare vurderingar om krematorium på Jæren og me venter difor på dette.
Prioritert oversikt moglege eiendommer for salg	Kommunestyret ber om ei prioritert liste med oversikt over eigendomar i Klepp kommunes eige som kan selgas. Grader gjerne i vanskelighetsgrad fra 1-5 tilsvarande Time kommune sin modell.	Iht. plan	Sak om orientering om areal og forslag til areal som kan seljast vert lagt fram til politisk behandling mars 2026. Politisk vedtak vert lagt til grunn for vidare arbeid.

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Utsiktspunkt på grusplassen v/Nordsjøvegen og nedkøringa til Borestranda	Kommunestyret ber administrasjonen utgreie moglegheitene for eit utsiktspunkt på grusplassen ved Nordsjøvegen og nedkøringa til Borestranda.	Ferdig	Formannskapet behandla dette i sak 27/25 og gjorde følgjande vedtak: "Utsiktspunkt Bore er eit positivt tiltak. Finansieringa blir vurdert i handlings- og økonomiplanen." Det vart ikkje sett av midlar til prosjektet i handlings- og økonomiplanen.

Status oppdrag

Planoppfølging

"-" synast der det ikkje er registrert data

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
Arbeida for å auka bruken av digitale løysingar internt og eksternt		Iht. plan	<p>I byggesaksbehandlinga er det i 2026 innført digital tilbakemelding (mangelbrev) i byggesaker, meir digital gebyrløysing, meir digital matrikkelføring, og fleire mindre tiltak. Meklarpakkane er blitt meir digitale. Det er vedtatt at frå 2026 skal firma levera byggesøknader via digitale løysingar.</p> <p>Kulturavdelinga har tatt i bruk Friskus (samla oversikt over aktivitet og arrangement) og har arbeidd med å implementera denne digitale plattforma i alle tenesteområder, samt å få innbyggjarar og organisasjonsliv til å bruka løysinga.</p> <p>Eigedom jobbar aktivt for å utvida bruken av programvare me allereie har som eksempel FAMAC (FDV-system). Dette gir god sporbarheit i dialog med brukarar og bestillingar frå brukar. BOOKUP er teke i bruk som system for bestilling og dialog for utleige av lokale og rom i kommunen. No er alle kommunale utleigelokalar gjort digitalt tilgjengelege for innbyggjarane i eit og same system.</p> <p>Innføring av "Min kommune" gir abonnentane digital tilgang til oversikt over kommunale gebyr og dei kan velja månadleg fakturering. Det blir arbeidd vidare med å auka bruken av denne plattforma.</p>
Auka informasjonsutveksling og dialog på tvers av avdelingar og virksomhetsområder for kunnskaps- og erfaringsdeling		Iht. plan	<p>Samarbeidet mellom ulike verksemdområde har hatt fokus. Det har blitt styrka gjennom betre informasjon om kvarandre sitt arbeid og ved at andre avdelingar sit saman etter flyttinga internt i midlertidig rådhus i august 2025. Det har vore gjennomført informasjonsmøte om pågåande prosjekt og delt informasjon i aktuelle kanalar.</p> <p>Ei rekkje planarbeid pågår på tvers av avdelingar og tenesteområder og styrkjer kompetanse og samarbeid på tvers.</p>

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			<p>Det har og vore studieturar og kunnskapsinnhenting knytt til etablering av Plogen kulturhus, der ein særleg har sett på erfaringar frå andre kulturhus med sambruk mellom ulike funksjonar.</p> <p>Arbeidet med "Min kommune" og månadleg fakturering blei løyst på tvers av tenesteområder og avdelingar. Kommunalteknikk har etablert samarbeid med IT når det gjeld beredskap, og dette samarbeidet vil fortsetje.</p>
Byggja 4 småhus på Sporafjell		Ferdig	Sak om bustadpolitikk vart behandla i kommunestyret 15.12.25 i sak 90/25. I saka vart det fatta vedtak om kommunen sin bustadportefølje og at det vert starta opp eige arbeid knytt til leigeprisar i kommunale bustader.
Etablere gjenbrukslager		Iht. plan	Det er sett av areal i stor lagerhall ved eigedom sin driftsfase i Verdalen til mellombels gjenbrukslager i påvente av eit permanent lager.
Gjennomføra felles kontaktkonferanse, og modell for organisering/struktur på samarbeid mellom kommunen og ulike deler		Forseinka	Kapasitetsutfordringar har ikkje gjort det mogleg å gjennomføra kontaktkonferanse i 2025. Kontaktkonferansen (dialogkonferansen mellom kommunen og frivillig organisasjonsliv) er derfor planlagt gjennomført hausten 2026 i staden. Opplegg for dialog- og samarbeidsgrupper kommune-organisasjonsliv vil og bli implementert i 2026.
Gjennomføra friluftslivets år 2025		Iht. plan	Det blei tilrettelagt 10 ulike turopplegg i samband med friluftslivet år 2025 og deltakarar blei premierte. Turmåla kunne kanskje ha vore gjort meir spanande og gitt høgare tal på deltakarar, men utfordringa med dette er knytt til topografien me har i kommunen. Me har og lansert kulturløyper for sykkel på Ut.no. Løypene legg opp til sykkelurar som og gir høve til å læra litt om Klepp samtidig.
Invitera næringslivet til oppfølging av rapport om næringsareal.		Ferdig	Det blei orientert om rapporten på kommunen sitt næringsstreff 14. oktober.
Kartlegging av friluftslivets ferdsselsårer		Forseinka	Arbeidet med turvegar og turtraseer har blitt sett i gong, men har vist seg å vera meir krevjande enn me hadde sett føre oss. Målet er å få til samanhengande turnettverk i kommunen. Nokre stader viser det seg å vera krevjande å få til på grunn av ulike omsyn knytt til grunneigarforhold og behov for å få på plass gode avtalar med grunneigarar. Arbeidet med dette held fram våren 2026.
Kulturminneprosjekt for Skjævelandsbrua		Iht. plan	Me har hatt avklaringar med Rogaland fylkeskommune og Sandnes kommune om

Årsmelding 2025

Oppdrag	Beskriving	Status	Beskriving av status
			prosjektet, men dette blir berre eit prosjekt i regi av Klepp. Området har vore skjøtsla og vegetasjon har vore fjerna i samsvar med skjøttsplan. Det blir arbeidd med oppfriske tekst på grensestein og oppsett av ny informasjonstavle på Kleppsida våren 2026.
Me bidrar med planavklaringar for etablering av biogassanlegg		Iht. plan	Prinsippsak om etablering av biogass blei behandla politisk i oktober 2024. I 2025 har det vore dialog med Lyse om etablering på Øksnavad, men dei har ikkje starta formelt planarbeid.
Me etablerer opne løysingar for overvatn gjennom Kleppe sentrum		Iht. plan	Det blei etablert open handtering av overvatn frå sentrumsområdet gjennom Plogsparken. I tillegg er bekken oppgradert vidare nedover langs Solavegen ved Jærhagen. Bekken har fungert godt både ved store og små nedbørshendinger.
Me får på plass (anskaffar) digitalt analyseverktøy for å identifisere lekkasjar		Iht. plan	<p>Det har i heile 2025 blitt arbeidd med å finne gode metodar for å finne innlekk av avløpsvatn. Eit dataprogram har blitt prøvd ut, men dette gav ikkje venta resultat. Det har også blitt gjennomført kartlegging av fleire leiingsstrekk ved hjelp av fiber og temperaturmålingar. På denne måten har fleire store punkt med innlekk blitt identifisert og fjerna. Arbeidet fortset.</p> <p>Me har arbeidd med å få inn meir detaljerte data frå vassmålarane for å kunne nytte denne informasjonen til å finne lekkasjar på vannleiingsnettet. Ulike metodar har blitt vurdert og arbeidet fortset.</p>
Me samarbeider med Time kommune om områdeplan for Orstad - Kalberg for å tilretteleggja for omkjøringsveg og næringsareal		Forseinka	Planarbeidet pågår og samarbeidet med Time er bra. Det blei sendt inn arbeidsdokument i juni 2025. Det er no dialog med partane med sikte på å fremma ei prinsippsak våren 2026.
